# Vestnes kommune

**Kommuneplanen sin handlingsdel 2021 - 2024**

**med økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021**

# INNLEIING

Kommuneplanen sin handlingsdel syner korleis Vestnes kommune skal følgje opp kommuneplanen som er vårt overordna styringsdokument, i tillegg til lovpålagde oppgåver og nasjonale styringssignal.

Årsbudsjettet er ein plan for korleis kommunen skal nytte sine økonomiske midlar og utgjer det første året av kommunen sin økonomiplan.

Økonomiplanen skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege utgifter, inntekter og prioriterte oppgåver i planperioden på 4 år. Budsjettet for det første året er bindande, medan økonomiplanen for resten av året er retningsgjevande.

Arbeidet med kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplanen og årsbudsjettet har vore svært krevjande. Dette med bakgrunn i at vi har endra tankesettet og framstillinga knytt til handlingsdelen, men ikkje minst å finne tiltak for å kome ned på budsjettrammene. Vi står i ein svært krevjande økonomisk situasjon. Til dømes fin vi ikkje vi ikkje å kunne budsjettere med overskot i 2021, altså eit netto driftsresultat over 0 %. Her er det anbefalt med 1,75 %, noko som utgjer ca. kr 10 mill. for Vestnes kommune. Vi står difor framfør ei stor omstilling for å redusere driftsnivået.

For å kome i mål med kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplanen og årsbudsjettet, har det kravd store prosessar med mange involverte partar. Administrasjonssjefen er derimot nøgd med resultata frå prosessane og dei bidraga vi har fått frå heile organisasjonen og tillitsvalte. Oppsummert er det eit stort fokus på korleis vi i Vestnes kommune tverrfagleg og heilskapleg skal løyse utfordringane vi står ovanfor og at vi dermed over tid får ein berekraftig økonomi. Dette vil igjen gi handlingsrom for utvikle organisasjonen, gjere gode investeringar og gi gode tenester også i framtida.

# INNHALD

**INNLEIING ........ 2**
**1. VESTNES KOMMUNE SIN VISJON ........ 5**
**2. FOLKETALSUTVIKLING ........ 6**
2.1. Folketalsutvikling fram til 2019 ........ 6
2.2. SSB – befolkningsframskriving ........ 9
**3. HEILSKAPLEG STYRING I VESTNES KOMMUNE ........ 12**
3.1. Plansystemet i Vestnes kommune ........ 12
3.2. Oppbygging av overordna planverk ........ 12
3.3. Ny kommuneplan ........ 14
3.4. Internkontroll ........ 15
3.5. Rapportering og kontroll av verksemda ........ 15
**4. NASJONALE STYRINGSSIGNAL ........ 16**
**5. BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024 ........ 17**
5.1. Utgangspunkt for prosessen ........ 17
5.2. Tiltakspyramiden ........ 18
5.3. Metodisk tilnærming ........ 18
5.4. Investering ........ 21
**6. KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL ........ 22**
6.1. Fokusområde 1: Næringsutvikling ........ 23
6.2. Fokusområde 2: Busetting og oppvekst ........ 28
6.3. Fokusområde 3: Kultur og fritid ........ 34
6.4. Fokusområde 4: Folk, helse og omsorg ........ 37
6.5. Fokusområde 5: Det internasjonale Vestnes ........ 42
6.6. Fokusområde 6: Samferdsel og pendling ........ 45
6.7. Fokusområde 7: Klima – miljø – beredskap ........ 49
**7. Utgiftsbehov - prognosemodell på sektornivå ........ 52**
7.1. Prognose for utvikling i folketal 2012 – 2030 ........ 52
7.2. Utgiftsbehov ........ 53
**8. ØKONOMIPLAN 2021 – 2024 ........ 57**
8.1. Økonomiplan - samandrag og tabell ........ 57
8.2. Økonomiplan - inntekter ........ 59
8.3. Økonomiplan - utgifter ........ 60
8.4 Økonomiplan - investeringar ........ 62
8.5 Økonomiske måltal ........ 63
**9. DRIFTSBUDSJETT 2021 ........ 64**
9.1. Hovudoversikt 2021 ........ 64

9.2. Driftsinntekter 2021 .... 65
9.3. Bruk av midlar - driftsutgifter 2021 .... 70
9.4. Kommentarar til einingane sine driftsbudsjett 2021 .... 77
**10. INVESTERINGSBUDSJETT .... 98**
10.1. Investeringsbudsjett 2021 - Innleiing .... 98
10.2. Tidlegare unytta løyvingar .... 98
10.3. Framlegg til investeringstiltak i 2021 .... 99
10.4. Finansiering .... 100
10.5. Kommentarar til investeringane .... 101
10.6. Tiltak som ikkje er prioritert eller klare til investeringar i 2021 .... 105
**VEDLEGG: ØKONOMISKE OVERSIKTER / BUDSJETTSKJEMA .... 109**

# 1. VESTNES KOMMUNE SIN VISJON

Vestnes kommune sin visjon er «midt i blinken». Ein visjon kan definerast som eit bilete av ein framtidig, ønska tilstand.

Visjonen vår «Midt i blinken» kan sjåast på fleire måtar:

**Faktisk geografisk fordel:**

1. Den sentrale geografiske posisjonen gjer Vestnes eit naturleg val både for busetting og nyetablering i næringslivet

**I meir overført betydning:**

2. Det er «midt i blinken» å etablere næring i kommunen. Vestnes kommune er ein aktiv medspelar overfor næringslivet
3. Det er «midt i blinken» å bu og leve i Vestnes med rikt kulturliv og gode tenester som er treffsikre i kvalitet og innhald
4. Vestnes kommune er «midt i blinken» for alle som er glade i natur- og friluftsliv. Kommunen legg til rette for eit aktivt friluftsliv med lett tilgjengelege naturområde. Dette er eit viktig bidrag til kommunens folkehelsearbeid
5. Vestnes er «midt i blinken» som arbeidsgjevar og er ein serviceinnstilt, løysningsorientert og imøtekomande kommune

# 2. FOLKETALSUTVIKLING

Ei av dei største utfordringane for Vestnes kommune, og mange distriktskommunar, framover er demografiske endringar og folketalsutviklinga generelt.

## 2.1. Folketalsutvikling fram til 2019




| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fødselsoverskot | 19 | -9 | 4 | 19 | 1 | 3 | -20 | 1 | -30 | 12 | -2 | 1 | -6 | -15 | 8 |
| Nettoinnvandring | 30 | 16 | 58 | 64 | 61 | 75 | 107 | 103 | 76 | 144 | 86 | 53 | -4 | 26 | 26 |
| Nettoinnflytting, innanlands | -1 | -48 | -27 | -35 | -32 | -77 | -52 | -17 | -56 | -61 | -181 | -90 | -9 | -34 | -37 |
| Folkevekst | 52 | -40 | 32 | 44 | 28 | -2 | 35 | 87 | -11 | 93 | -97 | -34 | -18 | -23 | -4 |

---

- Det siste tiåret har folketalet i Vestnes auka med 28 personar, som er ei endring på 0,4 prosent
- Auken i folketal i åra 2010 – 2015 har samanheng med asylmottak som var i Vestnes på den tida, tilsvarande nedgang i 2015 grunnast nedlegging av mottaket
- Fødselsoverskotet i ein kommune kan vere ein god indikator på utviklinga. Fødselsoverskot er kort sagt om det vert fødd fleire enn det som dør i eit år
  Det har vore få år med fødselsoverskott av betydning i åra etter 2005
- Det er innvandring frå utlandet som har halde folketalet oppe i Vestnes
- Det har i alle år vore negativ flytting innanlands, dvs. det flyttar fleire frå Vestnes til andre kommunar enn det flyttar tilbake

### 2.1.1. Fødselstal

Fødselstal har direkte samanheng med kor mange kvinner det er i alderen 18 – 40 år.

| Årstal | Tal kvinner i alderen 18 - 40 år |
|---|---|
| 1995 | 1 088 |
| 2000 | 1 002 |
| 2005 | 926 |
| 2010 | 906 |
| 2015 | 934 |
| 2020 | 842 |

- Sidan årtusenskifte har talet på kvinner gått ned med 160 , tilsvarar ein reduksjon på 16%.
- Det var ein auke rundt år 2015 og det har direkte samanheng med bebuarar på asylmottaket.




- Fødselstalet i kommunen har gått ned, også andelen fødte av innbyggjartal er redusert mykje siden 1995.

### 2.1.2. Barn i alderen 1 – 16 år

Har stor betydning for det tenestetilbodet kommunen skal gje. Først og fremst i barnehage og grunnskule.

| År | Antall barn |
|---|---|
| 1 | 64 |
| 2 | 57 |
| 3 | 49 |
| 4 | 69 |
| 5 | 70 |
| 6 | 65 |
| 7 | 58 |
| 8 | 79 |
| 9 | 57 |
| 10 | 72 |
| 11 | 79 |
| 12 | 84 |
| 13 | 78 |
| 14 | 85 |
| 15 | 84 |
| 16 | 86 |

- Årskulla er redusert mykje siste 15 åra, frå eit snitt på rundt 85 til knapt 60 siste åra
- For barnehagen har det ikkje så stor betydning då det der allereie er låge årskull Barnehagekapasiteten er også tilpassa dei årskulla vi har no. Men skulle vi få eit år med langt høgre fødselstal må vi straks få fleire barnehageplassar
- I grunnskulen vil det gå ut langt fleire elevar frå skulen enn det som startar, og det betyr at barnetalet i grunnskulen vil gå mykje ned kommande år
- Fram til hausten 2024 vil talet på elevar i grunnskulen verte redusert med over 100 elevar

| Årstal | Byrjar i skulen | Avgangselevar | Endring | Elevtal haust |
|---|---|---|---|---|
| | Haust 1.årssteg | Vår 10.kl | Totalt alle skular | Totalt elevtal |
| 2019 | | | | 758 |
| 2020 | 67 | 85 | -18 | 740 |
| 2021 | 68 | 82 | -14 | 726 |
| 2022 | 68 | 82 | -14 | 712 |
| 2023 | 48 | 77 | -29 | 683 |
| 2024 | 54 | 86 | -32 | 651 |
| | | | | |
| Sum endring | | | -107 | |

## 2.2. SSB – befolkningsframskriving

SSB har utarbeidd ei prognose for folketalsutvikling i Noreg fram til 2040, også på kommunenivå. For Vestnes viser den følgjande utvikling:

| | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 | Endring 2020 - 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Menn | 3 389 | 3 330 | 3 331 | 3 329 | 3 320 | -69 |
| Kvinner | 3 143 | 3 086 | 3 086 | 3 087 | 3 084 | -59 |
| | 6 532 | 6 416 | 6 417 | 6 416 | 6 404 | -128 |

- Prognosen er ein liten nedgang i innbyggjartal. Nokolunde likt for kvinner og menn
- Vidare vert det anslått eit snitt fødselstal på 50 – 55 pr. år, truleg litt høgre i starten av perioden og så synkande utover

## 2.2.1. Fordelt på aldersgrupper

12882: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Vestnes, Hovedalternativet (MMMM).




*Kilde: Statistisk sentralbyrå*

| | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 | Endring 20 - 40 Antall | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - 5 år | 374 | 333 | 327 | 336 | 341 | -33 | -8,8 |
| 6 - 15 år | 762 | 686 | 643 | 612 | 615 | -147 | -19,3 |
| 16 - 66 år | 4 172 | 3 947 | 3 848 | 3 706 | 3 550 | -622 | -14,9 |
| 67 år + | 1 224 | 1 450 | 1 599 | 1 762 | 1 898 | 674 | 55,1 |
| | 6 532 | 6 416 | 6 417 | 6 416 | 6 404 | -128 | -2,0 |

- Det er forventa nedgang i alle aldersgruppene under 67 år
- I eldre over 67 år er det forventa stor auke i åra fram mot år 2040
- Prognosane er mest sikker for den eldste gruppene. I dei dei yngre aldersgruppene vil flytting kunne påverke meir, og utvikling i busetting og arbeidsplassar kan påverke i begge retningar

| | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 | Endring 20 - 40 Antall | i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 67 - 79 år | 881 | 1 060 | 1 082 | 1 086 | 1 134 | 253 | 28,7 |
| 80 - 89 år | 276 | 312 | 429 | 565 | 601 | 325 | 117,8 |
| 90 år + | 67 | 78 | 88 | 111 | 163 | 96 | 143,3 |
| | 1 224 | 1 450 | 1 599 | 1 762 | 1 898 | 674 | 55,1 |

- Det vert spesielt stor auke i aldersgruppa 80 – 89 år. Dette er også ei aldersgruppe som begynner å få behov for tenester frå kommunen
  I denne gruppa aukar ant. frå 276 i år til 601 i år 2040. Ein auke på heile 325, eller 118%.
- Spesielt vil pleie- og omsorg merke dette og det vil bli behov for auka ressursbruk her

Vi har ovanfor sett at **kvinner i aldersgruppa 20 – 44 år** har gått mykje ned siste 25 åra, som følgje av dette har også fødselstalet i kommunen gått ned.

Prognosen til SSB for utviklinga i denne aldersgruppa frå til 2050 er:

| År | Antall |
|---|---|
| 2020 | 842 |
| 2025 | 790 |
| 2030 | 787 |
| 2035 | 771 |
| 2040 | 730 |
| 2049 | 687 |

- Det er forventa nedgang i gruppa og det er også bakgrunnen for at SSB forventar nedgang i fødselstala i åra framover

# 3. HEILSKAPLEG STYRING I VESTNES KOMMUNE

Heilskapleg styring i ei kommune vektlegg å styre og rapportere resultat på fleire dimensjonar, som til dømes: Økonomi, tenesteyting, organisasjon/medarbeidarar og samfunnsutvikling. Dette krev tydelege mål, samanhengar mellom mål/strategiar og tiltak, samt evne til å lære og fornye seg basert på eigne resultat, altså ein «lærande organisasjon». Vidare krev det gode plandokument, internkontrollsystem og møteplassar som innbyr til dialog.

## 3.1. Plansystemet i Vestnes kommune

Kommuneplanen er Vestnes kommune sitt overordna planverk. Alle kommunar skal ha ein kommuneplan, jf. Plan og bygningslova § 11-1. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel (samfunnsplan) og ein arealplan. Samfunnsdelen vart vedteken i kommunestyre den 10. februar 2015. Arealdelen vart vedteken av kommunestyret 1. oktober 2015. Kommuneplanen skal reviderast ein gong i den politiske valperioden og vi har starta dette arbeidet i haust.

Kvart år skal følgjande styringsdokument utarbeidast på overordna nivå:
- Kommuneplanen sin handlingsdel, jf. Plan- og bygningslova § 11-1 og kommunelova 14-4, 5.ledd
- Økonomiplan og årsbudsjett, jf. kommunelova kap. 14

I den nye kommunelova er følgjande ordlyd teken inn i § 14-4 – Økonomiplan og årsbudsjett:
*Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.*

## 3.2. Oppbygging av overordna planverk

Figuren nedanfor synleggjer oppbygginga av planverket vårt. Dei ulike planane er beskrive i punkta nedanfor.




### 3.2.1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

- Skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon
- Bør beskrive og vurdere eventuelt alternative strategiar for utviklinga
- Skal vere grunnlag for sektorane sine planer og verksemd
- Skal gi retningsliner for korleis kommunens mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd
- Kan ha kommunedelplanar for spesifikke tema eller verksemdsområde

### 3.2.2. Kommuneplanen sin arealdel

- Skal vere ein arealplan for heile kommunen, som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk
- Skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer/vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk
- Skal ta omsyn til både bruk og vern av areala
- Kan detaljerast med kommunedelplanar
- Skal i tillegg til plankart/arealformål innehalde omtale og føresegner

### 3.2.3. Kommuneplanen sin handlingsdel

I tillegg til samfunnsdelen og arealdelen, er det ein handlingsdel kor ein operasjonaliserer kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel over til korleis gjer vi det, altså tiltak.

- Skal angi korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei 4 komande åra
- Skal viderast årleg
- Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen, eller:
- Økonomiplanen kan rett og slett utgjere handlingsdelen (Plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd)

### 3.2.4. Økonomiplan og årsbudsjett

Innhaldet i økonomiplanen og budsjettet er regulert i kommunelova kap. 14. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp dei neste 4 åra. Både økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets prioriteringar og bevillingar og dei måla og premissane som økonomiplanen bygger på.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktleg. Årsbudsjettet er bindande i motsetnad til økonomiplanen som kan endrast kvart år.

## 3.3. Ny kommuneplan

Vestnes kommune sin kommuneplan vart vedteken i 2015 og gjeld fram til 2025 eller til ny plan er laga, kommuneplanen er lenka her: https://www.vestnes.kommune.no/tenester/administrasjon-og-okonomi/planar-og-styringsdokument/kommuneplan/. Det har skjedd samfunnsmessige endringar som gjer at det no er hensiktsmessig å revidere plana:

- Distriktsutfordringar med synkande fødselstal. Utfordringane er langt større enn i 2015 då kommuneplanen vart vedteken. Strategiane bør viderast
- Berekraftsutfordringar er mykje meir aktuelt enn i 2015. Klimautfordringar har kome nærmare kvardagen vår, og alle lokalsamfunn må delta. Både kommunar og private verksemder må bistå i denne dugnaden
- Arealplanen treng å bli oppdatert for å følgje behova som no er aktuelle

Kommunestyret vedtok i september PS 79/20 at ein skal lage ny kommuneplan. Prosessen vert som følgjande:

1) Slår saman Planprogram og planstrategi til 1 dokument, som ein del av oppstartsmeldinga
2) Slår saman samfunnsdelen og arealdelen til 1 dokument og dermed 1 prosess
3) Lar handlingsplan (handlingsdel) vere det same som økonomiplan = 1 dokument og 1 prosess (som no)
4) Tar utgangspunkt i gjeldande dokument og oppdatere/tilføye/trekke frå etter behov
5) Formannskapet er styringsgruppe (inkludert planutvalet for arealdelen)
6) Oppstart i løpet av hausten 2020 – optimistisk mål (bestefall) om ferdig ultimo -21

**Vi går derfor inn i ei spannande tid der vi skal «sette ny kurs» for vår kommune. Dette er ein prosess vi innviterar alle innbyggjarane i Vestnes til å vere med på.**

## 3.4. Internkontroll

I ny kommunelov er det gjort ei presisering knytt til internkontroll:

*§ 25-1.*Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering

b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer

c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik

d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig

e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Vi arbeidar no med å lage eit overordna dokument for styring og kontroll, både i høve internkontroll og GDPR (snart ferdig). Vi har eit eige digitalt system for å organisere rutiner, arbeide med ROS – analyse og avvik. Same system nyttar vi for å dokumentere internkontrollen i den forma og omfanget som er naudsynt.

## 3.5. Rapportering og kontroll av verksemda

Vestnes kommune har ulike rapporteringskanalar. Hovudrapporteringa gjer vi i Årsmeldinga. Her synleggjer vi året som har vore på overordna og ned på einingsnivå. Vidare ser vi på utfordringane framover.

I kommuneplanen sin handlingsdel (dette dokumentet), rapporterer vi korleis vi ligg an i høve mål og strategiar som ligg i kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel).

Som ein del av oppfølgingsansvaret knytt til skule, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, det vil sei kommunestyret og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.

I driftsrapporten synleggjer vi status kring økonomi og eventuelle tiltak, sjukefråver og oppfølging av politiske saker. Driftsrapporten er til politisk handsaming kvart kvartal i motsetnad til mange kommunar som har tertialrapportering.

# 4. NASJONALE STYRINGSSIGNAL

I kommuneproposisjonen 2021 kjem det fleire nasjonale styringssignal. Nedanfor er eit kort utdrag av nokon av desse.

**Virusutbrotet – økonomiske konsekvensar og tiltak:** Regjeringa er oppteken av at kommunane skal ha ein god og forutsigbar økonomi slik at vi framleis kan gi gode tenester. Det blir satt inn tiltak for å sikre dette.

**Gjennomgang av inntektssystemet for kommunane:** Satt ned eit utval som vil gjennomgå inntektssystemet for kommunane.

**Stortingsmelding om innovasjon i offentleg sektor:** Meldinga vil vektlegge kva innovasjon i offentleg sektor er, kvifor offentleg sektor må innovere og status for innovasjon i offentleg sektor pr. i dag. Vil vidare omtale regjeringa sine hovudgrep for å auke innovasjonstakten og -evna i offentleg sektor.

**Digitalisering i kommunesektoren:** «En digital offentlig sektor – Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019-2025», blei lansert i 2019 og er eit viktig dokument for kommunane knytt til digitaliseringsarbeidet.

**Endring i barnevernlova:** Vart lagt fram april 2020. Endringar her, er til dømes at det skal være ein tilstandsrapport til kommunestyret årleg. Vidare føreslår departementet å utvide aldersgrensa for rett til ettervern for barnevernsbarn frå 23 til 25 år. Forslaget kan medføre om lag 24 mill. kroner i årlege meirutgifter for kommunane. Departementet vil kome tilbake til naudsynte bevilgningsendringar i dei ordinære budsjettforslaga.

**Reform Leve hele livet 2019-2023:** Reforma løftar fram 5 innsatsområder og 25 utprøvde løysingar. For å bistå kommunesektoren i planlegginga av omstillings- og endringsarbeid, er det etablert eit nasjonalt og regionalt støtteapparat.

**Demensplan 2025**: Demens er ei av dei største globale utfordringane vi står ovanfor. Demensplan 2020 har bidratt til positiv utvikling på feltet. Regjeringa har difor bestemt at dagens demensplan skal følgjast opp med ny demensplan – Demensplan 2025.

**Kompetanseløft:** Regjeringa satsar på å styrke kompetansen hos dei tilsette i den kommunale helse- og omsorgstenesta gjennom kompetanseløft 2020. Kompetanseløft 2020 vert erstatta med eit nytt kompetanseløft når dagens plan avsluttast ved utgangen av 2020

**Ny rammeplan for SFO:** Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit forslag til ny nasjonal rammeplan for SFO som gjev rom for lokale variasjonar. Rammeplanen får status som forskrift.

**Fagfornyinga:** Er eit nytt lærarplanverk som vart innført i skulen og i vidaregåande skule frå og med hausten 2020. Det nye læreplanverket består av ein overordna del og nye læreplanar i fag. Fagforyinga er ein oppføging av Meld. St. 28 (2015-2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* og Innst. 19 S (2016–2017).

For ytterlegare informasjon, sjå: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-105-s-20192020/id2701826/

# 5. BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024

Vestnes kommune ligg an til eit større økonomisk overforbruk i 2020. Dette gjer at truleg heile eller store delar av disposisjonsfondet blir «ete opp». I økonomiplanen for 2020-2023, var det lagt inn at vi skulle nytte 6 mill. av disposisjonsfondet inn i budsjettet for 2021. At vi ikkje har høve til dette, gjer utfordringane for 2021 enda større. I tillegg ser vi utgiftene aukar for kommunen, til dømes at vi får fleire brukarar med store behov. Summen av dette, gjer at Vestnes kommune må gjennom ei større omstilling for å kunne halde budsjettrammene i åra framover og dermed sikre at vi har ein berekraft økonomi for å kunne investere for framtida. Med bakgrunn i dette, vart det lagt til grunn ein større administrativ prosess for å finne kortvarige og langvarige tiltak for å få ned driftsutgiftene og/eller auke inntektene.

## 5.1. Utgangspunkt for prosessen

Med bakgrunn i stort avvik mellom driftsnivå og budsjett, vart det lagt til grunn at alle einingar skulle finne innsparingstiltak på 4 %. Innsparingskravet er meint som eit utgangspunkt for å avdekke aktuelle tiltak i einingane. Dette gjev igjen administrasjonssjefen eit grunnlag for å vurdere kva tiltak som skal settast i verk. Grunnlaget for denne vurderinga er til dømes:

- KOSTRA tal og liknande
- Demografisk utvikling
- Politiske vedtak, som til dømes kommuneplan m.m.
- Nasjonale føringar
- Lovkrav

Innsparingskravet kan difor bli både høgare eller lågare enn 4% for den einskilde sektor/eining når det endelege budsjettet er vedteke.

## 5.2. Tiltakspyramiden

I samband med å avdekke aktuelle tiltak og sikre gode prosessar rundt gjennomføringa av tiltaka, tok vi utgangspunkt i tiltakspyramiden.




Tiltakspyramiden syner tre kategoriar av tiltak. Effektivisering er dei «lågt hengande fruktene». I utgangspunktet vil dette dreie seg om å redusere årsverk gjennom til dømes at nokon sluttar, bruk av digitale verktøy, avgrense innkjøp, auke inntekter m.m. Dette er grep som ikkje krev dei store prosessane, men ein må sikre at involverte partar som tilsette og tillitsvalte vert fylgt godt opp. Neste kategori har ein har fokus på å «omdefinere», som til dømes: Tenestetilbodet (redusere eller ta vekk tilbod), endra arbeidstidsordningar (turnus), korleis vi yter tenestene m.m. «Struktur» (inkludert bygningar) har fokus på større bygningsmessige endringar, til dømes Stella Maris, ny ungdomsskule og ny kulturskule. Det kan òg vere at ein endrar strukturen på den kommunale organisasjonen, skulestruktur m.m.

Til høgare tiltakskategori ein nyttar i pyramiden, til meir inngripen (endring anten positivt eller negativt) har dette i kvardagen for tilsette og innbyggjarane. Både omdefinering og struktur vil difor krevje større prosessar der ein har stor grad av involvering av tilsette og hovudtillitsvalte.

## 5.3. Metodisk tilnærming

Effektiviseringstiltak må sjåast på kontinuerleg i høve å tilpasse drifta opp mot dei økonomiske krava i eininga. Dette vil ikkje omfatte store organisatoriske eller strukturelle grep. Prosessen vil i stor grad verte styrt av einingsleiarane og krev involvering av tilsette og lokale tillitsvalte. Effektiviseringstiltaka vert synleggjort seinare i dokumentet under kvar eining.

Tiltaka definert som «omdefinering» og «strukturering» krev større prosessar og vi vil nytte prosjekt som metode. Det er ulike måtar å organisere prosjekt på. Det som er viktig er at vi etablerer ei styringsgruppe/prosjektgruppe som sikrar framdrift og tek endeleg avgjersle før iverksetting eller ei

eventuell politisk handsaming. Leiar i styringsgruppa er som regel administrasjonssjef eller kommunalsjef. I tillegg må einingsleiar(-ar) og hovudtillitsvalte for aktuelle område delta. Elles kan ein vel ut personar ut frå behov. Omfanget kan gjer at det vil vere naturleg å etablere ei eller fleire arbeidsgrupper. Styringsgruppa vel leiar for arbeidsgruppa og gjev mandat.

*Døme på prosjektorganisering:*




I prosessen har det kome fram eit stort behov for tverrfagleg samarbeid for å løyse dei utfordringane vi står ovanfor. Nedanfor syner ein dei prosjekta som no er satt på dagsorden for planperioden. Lista er dynamisk og det kan verte endringar.

| **Prosjekt** | |
|---|---|
| **Omdefinere** | **Strukturelle endringar (inkl. bygningar)** |
| **Gjennomgang av turnus, prosess og type**<br>Vi har eit mål om at vi skal ha gode turnusar som er gjer at vi kan yte tenester med best mogleg kvalitet for våre innbyggjarar og samstundes gjer oss til ein attraktiv arbeidsplass. For å oppnå dette, er det avgjerande med gode prosessar. Heiltidskultur er også eit mål. Døme: Langturnusar anten heile veka eller på helg gjev større stillingsprosentar. | **«Få elevane heim»**<br>Det er i dag elevar som ikkje får grunnskuletilbodet sitt i Vestnes kommune, men må reise utanfor kommunegrensene for å motta dette. Dette er elevar som ofte har behov som gjer at vi ikkje kan gi dei eit godt nok tilbod. Prosjektet «Få elevane heim», vil sjå på kva som skal til for at alle elevane kan få eit godt fagleg tilbod i heimkommunen. |
| **Gjennomgang av den kommunale organisasjonen**<br>Kommunestyret vedtok i PS 25/20 ein organisatorisk gjennomgang av Vestnes kommune. Dette gjev oss moglegheit til å sjå på korleis vi er organisert, både i form av organisasjonsstruktur og organisasjonskultur, slik at vi er best mogleg budd til å nå måla i kommuneplanen, gi gode tenester med meir. | **Dag- og aktivitetstilbod**<br>Vestnes kommune har ulike dag- og aktivitetstilbod. Prosjektet vil sjå på kva tilbod treng vi i dag og i framtida. Eit dag- og aktivitetstilbod gjer at våre innbyggjarar får oppleve meistring og dermed betre livskvalitet. NAV vil vere ein viktig part her, spesielt knytt til personar med psykiske lidingar og/eller rusproblem. Vidare at vi saman kan finne gode løysingar knytt til arbeidsretta rehabilitering. I prosjektgruppa ser ein det som viktig at Tremek deltek for å sjå på moglegheita for å samarbeide i større grad enn før knytt til dag- og aktivitetstilbod. |
| **Strategi for heilskapleg tenking i tenesteytinga**<br>Prosjektet tar sikte på å lage gode strategiar og eventuelt planar for å få til eit meir heilskapleg tankesett i heile tenesteytinga vår. Dette til dømes på tvers av område som barnehage, skule, NAV, helsestasjon, barnevern med meir. | **Stella Maris**<br>Sluttføre arbeidet kring bygget og innhaldet i Stella Maris. Vidare arbeide med kultur, tankesett med meir for å sikre innbyggjarane eit best mogleg tilbod. Vi skal også ha ein organisatorisk gjennomgang av heimetenestene og institusjon knytt til leiarstruktur. |
| **Sjukefråvær – korleis skal vi nå målet**<br>Prosjektet vil fokusere på korleis vi i Vestnes kommune skal nå målet om ikkje meir fråver enn 8 %. Eit lågt sjukefråver gir betre kvalitet i tenestene, meir kompetanse | **Kulturskule**<br>Kulturskulen vår treng nye lokaler. Prosjektet vil ha fokus på korleis vi skal løyse denne utfordringa. |

| | |
|---|---|
| på arbeid og dermed ein betre arbeidskvardag for våre tilsette. Det vil og føre reduksjon av utgifter. | |
| **Digitalisering**<br>Prosjektet vil ha fokus på å utarbeide tydelege mål og prioriteringar knytt til digitalisering for Vestnes kommune. Viktige bakgrunnsdokument her er: «En digital offentlig sektor – Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019-2025», som blei lansert i 2019. i tillegg til ROR-ikt sin strategiplan. Ein viktig del av digitalisering er knytt til velferdsteknologi der vi har fokus på å løyse einskilde oppgåver/tenester gjennom teknologi. Vi må nytte menneskeleg ressursar på innbyggjarane som treng det mest. Samstundes må vi ha fokus på dei etiske sidene ved teknologien | **Vestnes ungdomsskule**<br>Prosjektet tar sikte på gode prosessar for å bygge ein felles ungdomsskule i Vestnes kommune. Skulen vert samanbygd med Helland barneskule. |
| **Spesialundervisning**<br>Vi ligg i dag høgt knytt til bruk av spesialundervisning. Prosjektet tar sikte på å sjå på om det er andre måtar å arbeide på som gjer at vi gir betre tenester og at vi dermed minskar behovet for spesialundervisning | **Gjennomgang bu- og habiliteringstenesta**<br>Vestnes kommune har etter HVPU-reforma hatt ei stor bu- og habiliteringsteneste. Gjennom naturleg fråfall av dei opphavlege brukarane og stadig nye brukarar med noko anna behov, ser vi at det er tid for ein gjennomgang av eininga både organisatorisk, men også i høve tenesteinnhald |

I tillegg til ovannemnde prosjekt, ser administrasjonssjefen at det er utfordringar som gjer at vi må utvide deltakarane utover den kommunale organisasjon for å kunne løyse. Vi er avhengig av å skape saman (samskape) som til dømes på tvers av administrasjon, politisk nivå, fagpersonell, tillitsvalte, pårørande/føresette, frivilligheita med meir for å løyse dei komplekse problema. Det er difor viktig at vi nyttar ad-hoc utval meir aktivt. Vi har i dag to ad-hoc utval som arbeidar med å gjer Vestnes kommune meir attraktivt for folk utanfor kommunen. Administrasjonssjefen foreslår at vi oppretta fleire ad-hov utval i planperioden og desse kjem fram i figuren nedanfor. Det vil kome eigne politiske saker knytt til oppretting av ad-hoc utvala. Kommunestyret kan då ta standpunkt til om dette er noko dei ønskjer.

| Ad-hoc utval |
|---|
| **Velkommen til Vestnes**<br>Iverksett. Sjå kommunestyresak PS 89/20 |
| **Turisme og reiseliv**<br>Iverksett. Sjå kommunestyresak PS 90/20 |
| **Lage eigarskapsmelding**<br>Utarbeide Vestnes kommune si eigarskapsmelding. Her må vi sjå på måla med eigarskapa, prinsipp for god eigarstyring, eigarskapsstrategiar med meir, jf. punkt 5.3.1. |
| **Vurdere talet på lærlingar, praktikantar, studentar, elevar og liknande som kommunen skal ta imot**<br>Det er fleire kommunar som tek imot fleire lærlingar enn det vi gjer. Temaet har skapt politisk engasjement. Det er difor ønskjeleg å opprette eit ad-hoc utval som kan sjå nærare på kor mange lærlingar, praktikantar, studentar, elevar med meir vi i Vestnes kommune skal ta imot. Lærlingar og liknande er viktig for rekruttering. Dette må igjen sjåast opp mot økonomi og at vi har tilsette som skal fungere som rettleiarar |

Andre ad-hoc utval ein kan vurdere i planperioden er: Plan for kommunen sitt samarbeid med frivilligheita, ny bustadsosial handlingsplan m.m.

2020 med covid-19, har vist oss at dei utfordringane vi ser i dag, treng ikkje å vere dei same om 6 månadar eller 1 år. Det kan difor vere behov for å opprette fleire ad-hoc utval i planperioden.

### 5.3.1. Vestnes kommune sine eigarskap

Vestnes kommune har ulike eigarskap, jf. figuren nedanfor.

| Heileigde aksjeselskap | Interkommunalt samarbeid |
|---|---|
| Vestnes Energi AS | RIUA Romsdal |
| Tremek AS | Tøndergård skole |
| **Aksjeselskap med mindre enn 50 % eigarskap** | ROR IKT |
| Astero AS | Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal |
| Visit Nordmøre og Romsdal | Legevaktsamarbeidet i Ålesund |
| Muritunet AS | Barneverntenesta |
| Eksportvegen AS | **Interkommunale selskap (IKS)** |
| Møreaksen AS | IKA Møre og Romsdal |
| Sunnmøre Veginvest AS | Molde og Romsdal Havn IKS |
| Samspleis AS | Krisesenteret for Molde og Omegn IKS |
| Molde Lufthavnutvikling AS | ÅRIM – Ålesundsregionens interkommunale miljøselskap |
| **Museum, representantskap og andre** | GassROR IKS |
| Sunnmøre Museum | Møre og Romsdal Revisjon IKS |
| Romsdalsmuseet | Romsdal Regionråd IKS |
| Sunnmøre friluftsråd | Sunnmøre Regionråd IKS |
| Lyntogforum | |

Administrasjonssjefen ser at det er tid for å lage ny eigarskapsmelding. I dette arbeidet er det viktig med stor grad av politisk involvering. Administrasjonssjefen vil difor fremme ei sak til kommunestyret der det vert tilrådd å opprette eit ad-hoc utval som skal arbeide med eigarskapsmeldinga. Her må ein sjå på måla med eigarskap, prinsipp for god eigarstyring, eigarskapsstrategiar med meir.

## 5.4. Investering

Prosessen kring investeringsbudsjettet tok utgangspunkt i dei einingane der det er naturleg å tenkje investering. Aktuelle einingsleiarar vart kalla inn på møte med kommunalsjef økonomi og administrasjonssjefen. Utgangspunktet var å halde investeringane nede med tanke på den totale økonomiske situasjonen. Her tok ein gjennomgang av alle kjende investeringstiltak og prioriterte desse opp mot kvarandre.

# 6. KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL

Kommuneplanen sin handlingsdel er enkelt fortalt, å omsette dei vedtekne mål og strategiane vi har til handling. Det vil sei kva tiltak vi sett i verk. Administrasjonssjefen tek difor utgangspunkt i dei 7 fokusområda i oppbygginga av handlingsdelen.

Fokusområde 1: Næringsutvikling

Fokusområde 2: Busetting og oppvekst

Fokusområde 4: Kultur og fritid

Fokusområde 5: Det internasjonale Vestnes

Fokusområde 6: Samferdsel og pendling

Fokusområde 7: Klima – miljø – beredskap

Administrasjonssjefen meiner at dette vil gi «ein raud tråd» frå kommuneplanen som vårt overordna planverk og heilt ned i organisasjonen. Altså «frå nokon sitt ansvar (administrasjonssjefen), til alle sin kvardag (alle tilsette)». Å bruke dei 7 fokusområda i handlingsdelen, gjer det også enklare for administrasjonssjefen og følgje opp dei einskilde måla, og for kommunestyret å sjå kor vi ligg an i høve måloppnåing og eventuelt korrigere kurs.

For å nå måla i kommuneplanen, er vi avhengig av at Vestnes kommune tverrfagleg arbeidar mot dei same måla. Administrasjonssjefen vil difor ha fokus på kva Vestnes kommune heilskapleg skal gjer for å nå måla og ikkje kvar eining – det er saman vi kan løyse dei komplekse problema og ikkje aleine eller einingsvis. I prosessen har difor sektorane i all hovudsak samarbeida om dette på tvers av einingane, før alt vert samkøyrt. Dei har blitt utfordra på:

- Kor er vi (kva har vi oppnådd og utfordringane framover)
- Kva gjer vi (tiltak) for å nå måla.

Administrativt har vi også ei kolonne til, der det står kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka. I og med at tiltaka ofte har tverrfagleg løysingar, står det ofte fleire einingar som ansvarleg for same tiltak.

I prosessen knytt til handlingsdelen, kjem det fram at det er gjort mykje godt arbeid sidan 2015 knytt til mange av måla og strategiane. Samstundes ser vi at det er område ein må arbeide meir med for å kome i mål i planperioden. I dette arbeidet ser vi at det er mål og strategiar som går inn i kvarandre og det er tilsvarande mål og strategiar som manglar for å synleggjer heile spekteret av kva organisasjonen arbeider med. Til dømes står det lite mål/strategiar om korleis vi skal bidra med å få folk i arbeid, gjer oss ein attraktiv arbeidsgivar, økonomiske måltal, Vestnes kommune som organisasjon med meir. Dette meiner administrasjonssjefen vi må arbeide mot i ny kommuneplan.

For å synleggjer kor vi er (status), har vi teke med ulik statistikk der storparten er henta frå Fylkesstatistikken 2020 og SSB.

## 6.1. Fokusområde 1: Næringsutvikling

Ein av hovudgrunnane til å busette seg ein stad, er tilgang til relevant arbeid. Både knoppskyting og nyetableringar er såleis sentrale element for næringslivsvekst og busetting. Vestnes har eit sterkt næringsliv, med tyngda i skipsrelatert industri og offentleg omsorg. I tida framover må Vestnes vere attraktiv for yngre og kompetent arbeidskraft. Nye store samferdselsprosjekt forsterkar Vestnes sin strategiske og sentrale geografiske plassering. Vestnes ønsker å framstå som ein god samarbeidspart og ein kommune som satsar på næringsutvikling, inkludert landbruk.

### 6.1.1. Utvikling av arbeidsplassar i Vestnes

Figuren nedanfor syner utviklinga i talet på arbeidsplassar i Vestnes kommune. Ein indeksnivå på 100 betyr at utviklinga er den same som i landet.




Vi ser at Vestnes kommune har hatt eit lågare utvikling av arbeidsplassar enn resten av landet dei siste 20 åra. Dette gjeld både offentlege og private arbeidsplassar. Vi ser at i Vestnes kommune har vi vore prega av både ulike nasjonale kriser, som til dømes finans- og oljekrise.

### 6.1.2. Talet på lønstakarar i Vestnes

Figuren nedanfor syner den prosentvise veksten i talet på lønstakarar sidan same kvartal året før. årleg vekst i talet på lønstakarar i Vestnes kommune.




Vi ser at talet gjekk opp i 2018, men har gått kraftig ned no. Noko av dette kan tilskrivast Covid-19, men nedgangen starta før korona kom. Det er først og fremst næringslivet som blir påverka av pandemien i motsetnad til offentleg sektor.

### 6.1.3. Tal på føretak og nyetableringar

Tal frå 2019 syner at Vestnes kommune har i alt 545 føretak. Same år var det til saman 60 nyetableringar. Ser ein nyetableringar pr. 1 000 innbyggjar ligg Vestnes på 9, det same som Møre og Romsdal fylke, medan landet har 12.

### 6.1.4. Handlingsdel – Næringsutvikling

| **Kor skal vi?**<br>**(Mål og strategiar)** | **Kor er vi?**<br>**(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)** | **Kva gjer vi?**<br>**(Tiltak)** |
|---|---|---|
| Legge til rette for ekspansjon rundt eksisterande bedrifter, men også ta omsyn til mulige konfliktar mellom næringsverksemd og bustadbygging. | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi legg til rette for ekspansjon gjennom arealplanen, opsjon på nabotomter m.m.<br>- Revidert tildelingsregler for kjøp av industriareal.<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Utfordringa er at det er store område vi ikkje kan nytte ved industriområdet ved Trohaugen grunna uavklart situasjon kring Møreaksen | 1. Legge til rette for ekspansjon er viktig ved revidering av kommuneplanen sin arealdel<br><br>2. Følge opp vegvesenet slik at dei får framdrift i planforslaga<br><br>3. Næringsforum som katalysator for å målbere behovet og være koordinator<br><br>4. Samarbeid mellom Næringsforum og kommunen knytt til innspel til ny kommuneplan<br><br>5. Næringsforum fungerer som bindeledd mellom næringslivet og kommunen |

| | | |
|---|---|---|
| Utvikle nye næringsareal; spesielt nært ny E39 på Vik, eventuell etterbruk av området ved Furneset ferjekai og finne eigna areal med tanke på samfunnsnyttig bruk av steinmassane frå planlagt tunnel under Romsdalsfjorden. | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har avsett store nye næringsareal på Trohaugen (Vik) i arealdelen, men det er lite ledig næringsareal pr. i dag – uavklart situasjon kring Møreaksen<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Området ved Furneset er uavklart pr. i dag. Det same gjeld bruk av steinmassane. Vegvesenet har lagt inn areal til utskipskai ved Kjellneset | 1. Vidare prosjektering/planlegging av nye areal på Vik. Finne område ved sjø til næringsareal<br><br>2. Legge til rette for mottak av steinmassar i området aust for ny europaveg (Trohaugen)<br><br>3. Næringsforum kan fasilitere eit idémøte kring bruk av området ved Furneset |
| Etterspurnad etter næringsareal i nærleiken av kommunesenteret må også dekkast. | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har næringsareal ved Gjermudnes, Trohaugen og Misfjordskogen. I tillegg har vi areal ved Skorgeneset, Helland sentrum med meir. | 1. Samarbeid med Vestnes Næringsforum vedr. kontakt ut i marknaden både for å få innspel om behov og informere om kva vi kan tilby |
| Det skal leggast til rette for småskala reiseliv ved å utnytte vår nærleik til fjord og fjell og vårt sentrale utgangspunkt for kortreiste turar til attraktive turmål i heile fylket. | <u>Oppnådd:</u><br>- Gjennom nettstaden www.iVestnes.no blir aktivitetar og tilbod i Vestnes synleggjort for tilreisande<br>- Vi har nokre areal avsett til fritidsbustader og utleigehytter/rorbuer<br>- Samarbeid mellom skule og småskala reiseliv gjennom valfaga/og eller elevbedrifter<br>Skulen har fokus på ulike turmål. T.d. leirskule for 7. klasse på Bjørnsund, fjellturar mest lokalt i kommunen og overnattingsturar. I tillegg har ein samarbeid med frivilligheitssentralen i høve utlån av turutstyr, t.d. for å padle kano i Flatevågen. I tillegg besøker skulane: Akvariet i Ålesund, ulike museum og Vestnes bibiliotek<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Vestnes har fleire fine turmål. Eit mål er at fleire i kommunen og utanfor nyttar våre turmål. Dette er bra for folkehelsa og gjer at fleire tek turen til kommunen. T.d. ser vi at vi har eit potensial til at fleire nyttar StikkUT turane<br>- Turstiar/turvegar langs sjøen fleire stader i kommunen<br>- Parkeringsplassar i tilknyting turstiar/turvegar | 1. Oppretta ad-hoc utval: 1) Velkommen til Vestnes (skilting) og 2) Turisme og reiseliv Næringsforum kan bidra med å fasiliterer arbeidet med tiltaka<br><br>2. Informasjonen på heimesida kring turmål skal vere oppdatert<br><br>3. Lage ein ekskursjonsplan i skulen som sikrar at alle elevane, i større grad enn no, får dei same opplevingane i løpet av grunnskulen. Det er og eit mål at elevane kjenner til kva tilbod og ressursar som finst i vårt fylke (dette blir sett opp mot reforma fagfornying)<br><br>4. Vurdere område avsett til fritidsbustadar og utleigehytter/rorbuer, samt parkeringsplassar tilknytt turstiar ved rullering av kommuneplanen sin arealdel |
| Satse på breibandsinfrastruktur som gir næringslivet tilstrekkeleg kapasitet | <u>Oppnådd:</u><br>Vi har full fiberdekning i kommunen, utbygd i regi av Nordvestnett<br><br><u>Utfordring:</u><br>Etter at Vågstranda/Hjelvika vert ein del av Vestnes kommune, har ikkje dei same fiberdekning | 1. Arbeide mot at Vågstranda/Hjelvika skal få same fiberdekning som resten av kommunen |
| Næringslivet og Vestnes kommune har eit godt samarbeid gjennom Vestnes Næringsforum. Dette skal vidareførast og | <u>Oppnådd:</u><br>- Næringsforumet er vidareført med kommunal delfinansiering. Kommunen og Næringsforum har eit god samarbeid | 1. Næringsforum arbeidar mot mogleg samlokalisering med Føniks<br><br>2. Utvikle samarbeidet mellom skule og næringslivet for å utvikle Ungt |

| | | |
|---|---|---|
| kan utviklast til tettare samarbeid med Føniks Næringshage | - Kommunen og næringsforum har i samarbeid utvikla nettstaden www.ivestnes.no. Fokus her er å synleggjere tilboda i kommunen<br>- Skulane har i dag samarbeid med næringslivet gjennom t.d. innovasjonscamp<br>- Vi har eiget marknadsteam i NAV som skal ha kontakt ut mot næringslivet<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Vi må ha eit tettare samarbeid mellom næringslivet, den kommunale organisasjonen og NAV ved behov for rekruttering og inkludering | Entreprenørskap. Næringslivet bidreg som mentorer inn mot elevbedrifter<br><br>3. Samarbeid med næringslivet, NAV og Næringsforum vedr. kontakt ut mot næringslivet for å sikre tilgang på ledige stillingar, tiltaksplassar og marknadskunnskap<br><br>4. Vi må gjere kjend for den kommunale organisasjonen og næringslivet, NAV sin marknadskompetanse og tilgang på verkemiddel i høve inkludering |
| Detaljhandel bør leggast til sentrum. Vestnes kommune skal fortsette samarbeidet med fylkeskommunen og private om utvikling av kommunesenteret. Målet er å utvikle eit triveleg og passande urbant tilbod i vår målestokk, som strategisk plassert handelsstad mellom på Moa og Molde. | <u>Oppnådd:</u><br>- Godt kompakt sentrum som er definert og der meste av handelen er lokalisert<br>- Sentrumsforeining som organiserer handelsbedriftene<br>- Sjåfront del 1 og 2 er ferdig<br>- Søblomsten er ein attraktivitet i sentrum som gjer at potensielt fleire tek turen til sentrum både frå eigen og andre kommunar<br>- Saman med Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune, er kommunen med å finansierer ein prosjektleiar som skal sørge for framdrift i arbeidet med sentrum | 1. Tettstadskoordinator arbeidar med utvikling av sentrum (inkl. Kataholmen). Dette er eit prosjekt over 2 år<br><br>2. Ad-hoc utval: Velkommen til Vestnes. Arbeidar med skilting og såleis synleggjere kor sentrum er<br><br>3. Næringsforum og Sentrumsforeininga vil samarbeide om vidare utvikling av sentrum<br><br>4. Sentrumsforeininga sender søknad til næringsfondet om prosjektmidlar til å samle kommunen sine innbyggjarar knytt til eit felles sentrum for alle<br><br>5. Vonar at Stella Maris med omsorgstenester, bibliotek og kafé samlokalisert kan gjer sentrum meir attraktivt<br><br>7. Arbeide med å realisere Sjøfronten del 3. Fullføre gangvegsystemet og sjøpromonaden, møte-/leikeplassar og grøntaksen<br><br>8. Arbeide med moglegheita til å realisere aktivitetsbygg/vernebygg rundt Søblomsten |
| Kommunesenteret skal ha rom for ekspansjon både for handelsnæringa, fleire bustader og styrking av sentrum som triveleg, sosial og kulturell møteplass - eit velorganisert og universelt tilgjengeleg trafikk-knutepunkt med lett tilgang til nok parkeringsplassar | <u>Oppnådd:</u><br>- Kommune har ei forholdsvis ny reguleringsplan for sentrum som ivaretek målsettingane - i godt samarbeid med fylkeskommunen<br>- Kommunen har bygd ut 4. arma og parkeringsplassen ved idrettsparken | 1. Næringsforum er ein koordinerande funksjon mellom næringane og kommunen (tilbod – etterspørsel)<br><br>2. Legge til rette for mogleg storhall og elles utvikle vidare idrettsparkområdet |
| Alle offentlige funksjonar som Vestnes skal ha berre éin av bør lokaliserast til Helland. | | |

| | | |
|---|---|---|
| Vestnes kommune vil arbeide for at naturlege regionale eller nasjonale funksjonar også kan lokaliserast til Vestnes kommune | <u>Oppnådd:</u><br>Vi har sett av næringsareal til slike formål. Mange av næringsareala ligg i tilknyting til europavegane og framtidige hovudvegar, og det ligg difor til rette for slike etableringar («Midt i blinken») | 1. Næringsforum vil vere aktiv for å avdekke moglegheitsrommet for at regionale eller nasjonale funksjonar kan lokaliserast til Vestnes<br><br>2. Viktig arbeid knytt til arealdelen i ny kommuneplan |

## 6.2. Fokusområde 2: Busetting og oppvekst

Folket i Vestnes fordeler seg med 40 % i Helland, vel 20 % i Tomrefjord og resten fordelt i dei andre bygdene. Tilrettelegging for vekst og utvikling i heile kommunen er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på alle ressursar.

Vekst i folketal og arbeidskraft til næringslivet kan sikrast gjennom auka tilflytting og innvandring. Dette kan igjen medføre positiv utvikling i fødselstalet. Dei siste åra har folketalet hatt moderat vekst som følgje av arbeidsinnvandring, særleg frå Aust-Europa. Også ein del unge, som reiser ut for utdanning, søker seg seinare tilbake til det gode liv i heimtraktene når dei blir meir etablerte.

### 6.2.1. Busetting

Vestnes kommune har eit stort og variert tilbod av bustadområde. Om vi tek turen frå vest til aust kan vi nemne:

| Stad | Namn | Privat/kommunalt | Status |
|---|---|---|---|
| Fiksdal | B1 | P+K samarbeid | Under utbygging |
| Tomrefjord | Lid (Sigurdmarka) | P | Ferdig regulert |
| Tomrefjord | Tuen (Bårdsneset) | P+K samarbeid | Ferdig regulert |
| Tomrefjord | Vikfjørå | P | Under regulering |
| Øverås | Røtbakken | P | Utbygd |
| Åsbygda | Fagerbakken | K | Ferdig regulert |
| Vestnes | Bakken | P | Utbygd |
| Buktavegen | Riseplassen | P | Under regulering |
| Helland | Ramberget | P | Delvis utbygd |
| Remmemsbukta | Gnr 44 bnr 6 og 11 | P | Ferdig regulert |
| Skorgen | Skorgevik 3 | K | Ferdig regulert |
| Tresfjord | Sylteråket | K | Utbygd |
| Tresfjord | Sentrum | K | Ferdig regulert |
| Tresfjord | Ved museet | K | Ferdig regulert |
| Sætre | Sessneset | P | Utbygd |
| Vike | Sentrum | P+K samarbeid | Under regulering |
| Vike | Bakneset | K | Utbygd |
| Vike | Gjermundnes | P | Utbygd |
| Vågstranda | Vågstranda sentrum | K | Delvis utbygd |

I tillegg er mange einskilde tomter og mindre område i privat eige som kan bebyggast. Det er opning for spreidd busetnad som til dømes på store delar av Rekdal, Brastadstranda, aust-sida i Tresfjorden. Fleire leilegheitsprosjekt i Vestnes sentrum, både ferdig regulerte og ferdig utbygde. Andre område som er avklart i gjeldande kommuneplans arealdel og kan utviklast, samt eventuelt nye område som kan drøftast i revisjon av kommuneplanens arealdel

### 6.2.3. Nedgang i elevtalet på barnetrinnet

26 av dei 35 kommunane i Møre og Romsdal hadde nedgang i elevtalet på barnetrinnet i perioden 2016 - 2019. Dette gjeld spesielt kommunane Stordal, Sandøy, Sunndal, Volda og Vestnes. I motsett ende med stor auke er det spesielt Skodje, Ørsta og Sula. Vestnes har ein nedgang på heile 9 % frå 2016 til 2019, tilsvarande 50 elevar.

### 6.2.2. Spesialundervisning

Elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning. Det nasjonale gjennomsnittet for elevar med spesialundervisning er 7,8 %. I Møre og Romsdal er tala 10 %. For Vestnes sin del ligg vi her svært høgt med heile 13,1 % i 2019.

### 6.2.3. Grunnskulepoeng

Sluttvurderinga i grunnskulen, altså tala på grunnskulepoeng som kvar elev får, har auka nasjonalt dei siste åra. Det same ser vi i Vestnes, der snittet var på 39,1. Derimot er det framleis under snittet i Møre og Romsdal som er på 41,9 poeng.

## 6.2.4 Gjennomføring av vidaregåande

I figuren nedanfor syner ein gjennomføring av vidaregåande skule sortert på heimkommune, 2013-kullet.




**KG01: Stordal, Midsund, Sandøy, Halsa og Aure*

Vestnes ligg lågt her med 69,8 %. Dette gjev grunn til bekymring og noko vi må ha fokus på framover.

## 6.2.4. Handlingsdel – Busetting og oppvekst

| Kor skal vi?<br>(Mål og strategiar) | Kor er vi?<br>(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover) | Kva gjer vi?<br>(Tiltak) |
|---|---|---|
| Eit av dei viktigast momenta for yngre vaksne, er tilgangen på barnehageplassar. Vestnes kommune skal derfor ha barnehageplass for alle og heilårsopne barnehageavdelingar. | Oppnådd:<br>- Vi tilbyr inntak av born heile året i barnehagane. Dette er det få andre kommunar som gjer<br><br>Utfordring:<br>- 2020 ventelister til barnehageplass i Tomrefjord distriktet | 1. Utgreie meir areal i Tomrefjord i høve fleire barnehageplassar |
| Barnehagetilbodet skal utviklast i takt med etterspurnaden, m.a. tilrettelagt for familiar som pendlar | Oppnådd:<br>- Vi har maks opningstid 06.45 – 16.30. Dette er lenger enn bykommunane tilbyr i sine barnehagar<br>- Vi tilbyr inntak av born heile året i barnehagane. Dette er det få andre kommunar som gjer<br><br>Utfordring:<br>- At ikkje alle får tilbod året rundt i akkurat den barnehagen dei ønskjer. Dette vert ordna ved ordinært opptak<br>- Med noverande fødselstal har vi nok barnehageplassar, derimot skulle få ha år med større kull, kan det bli ei utfordring med nok barnehageplassar | 1. I planperioden skal ein arbeide med moglegheita for å gjere om ein barnehage til ein friluftsbarnehage eller opprette ny friluftsbarnehage<br><br>2. Halde fram med foreldreundersøking kring barnehagetilbodet |
| Det skal arbeidast for å ha relevant kompetanse i barnehagane | Oppnådd:<br>- Lite dispensasjon i barnehage, grunna permisjon frå faste stillingar<br><br>Utfordring:<br>- Behalde kompetansen i barnehagen.<br>Alle må ha relevant utdanning for å arbeide i barnehagesektoren | 1. Gjennomføre utdanning gjennom UDIR ordninga, legg til rette for fagbrev<br><br>2. Utarbeide eigen kompetanseplan med kompetansebehaldning og kompetansekrav for barnehage<br><br>3. Tiltak for å halde på kompetansen i barnehagen<br><br>4. Vi som kommune, evt. gjennom eit regionalt samarbeid, må arbeide med å marknadsføre Vestnes kommune som ein attraktiv arbeidsplass<br><br>5. Vere kjend med moglegheitene knytt til rekruttering og arbeidskraft gjennom NAV |
| Vestnes kommune skal legge til rette for auka bulyst gjennom tilbod på utbyggingsklare, attraktive bustadtomter i alle bygdene, med breibandsinfrastruktur som gir innbyggarane tilstrekkeleg kapasitet. Utbygging kan skje både i eigen regi eller i samarbeid med private | Oppnådd:<br>- Vi har god dekning på dette området pr. dato (ref. arealplanen).<br>- Vi har godt samarbeid med private utbyggjarar, t.d. bustadfelt i Fiksdal, Bakneset, Mørehus, Ramberget, Gjerde/Liaråket m.fl. | 1. Legge til rette i arealplan for fleirbustadbygg i større grad |

| | | |
|---|---|---|
| I all planlegging skal det leggast vekt på omsynet til barn og unge sitt oppvekstmiljø, med Barnerepresentanten og Ungdomsrådet som sjølvsagte høyringspartar. | Oppnådd:<br>- Ungdomsrådet har vore representert i utarbeidinga av nytt bibliotek<br>- Biblioteket, frivilligheitssentralen og kulturskulen samarbeider med ungdomsrådet om prosjekt Crew Stella Maris<br>- Leiar og nestleiar i ungdomsrådet har møte og talerett i kommunestyret<br>- Barnerepresentanten og ungdomsrådet er høyringspart i aktuelle saker<br><br>Utfordring:<br>- Det er viktig at i planlegginga vert det satt fokus på utanforskap, barnefattigdom, skolenærver og fritidsaktivitetar med like moglegheiter<br>- Stor etterspurnad etter lesesal for studentar | 1. Barnerepresentanten og ungdomsrådet skal vere med i planlegginga aktivitetar og tilbod i biblioteket<br><br>2. Det nye biblioteket får lesesal med opningstider tilpassa ulike behov |
| Skulane skal ha fokus på trivsel og oppretthalde/forbetre læringskvaliteten | Oppnådd:<br>- Biblioteket er ope for skulane. Både ved at skulene oppsøker biblioteket og omvendt<br>- Gode resultat knytt til trivsel/lite mobbing<br><br>Utfordring:<br>- Utanforskap<br>- Sjølv om vi har gode resultat knytt til trivsel/lite mobbing, må vi arbeide for at alle har det bra i skulen<br>- Skulenærvær<br>- Vi ligger under fleire samanliknbare kommunar i Møre og Romsdal i resultat på nasjonale prøver og i grunnskulepoeng. Svak lesekompetanse er ei av hovudutfordringane<br>- Fullføringsgraden i vgs. Er låg for innbyggjarane i Vestnes kommune | 1. Gjennom livsglede for eldre prosjektet, vil det bli lagt til rette for gode generasjonsmøter, læring og trivsel for barn og ungdom gjennom livsgledebarnehagar og skular<br><br>2. I Livsgledeprosjektet blir det etablert samarbeidsstrukturar der tiltak/aktivitet blir lagt inn i en felles plan for skule, barnehage, frivilligheit og helse<br><br>3. Gjennomføre jamlege trivselsundersøkingar blant elevane<br><br>4. Kommunal strategiplan for lesing og skriving. Denne strategiplanen må inkludere ein plan for systematisk opplæring i bruk av kompenserande hjelpemiddel for elevar som har utfordringar knytt til lesing og skriving<br><br>5. Kommunal plan for digital kompetanse frå 1.-10. steg, inkludert koding og programmering<br><br>6. Jobbe godt med rekruttering av lærarar med fagkompetanse<br><br>7. Grunnopplæringa må henge saman, og delplanane skissert over må vere ein del av ein heilskapleg strategiplan for oppvekstsektoren i Vestnes. Den må gjelde heile 4-årsperioden, men med årleg rullering. Målet er at elevane i Vestnes skal få det same opplæringstilbodet uavhengig av kva skule dei går på<br><br>8. Arbeide med ein plan for tema og gjennomføring av uteskule, som skal gjelde for alle elevane i 1.- 4. klasse, for å sikre betre kvalitet. Fokus på at alle skal lære det same, uavhengig av kva skule dei går på<br><br>9. Vurdere å opprette eit eige skulevegringsteam |

| | | |
|---|---|---|
| | | 10. Prosjektet Vestnes Ungdomsskule. Ein ny skule vil kunne inneha kvalitetar som gjev rammer for betre læring |
| Satsinga på systemretta arbeid for å styrke kvaliteten i undervisninga og læringsmiljøet til elevane skal vidareførast | <u>Oppnådd:</u><br>- Arbeid med fagfornyinga. Skulane i kommunen har hatt eit felles skuleutviklingsprosjekt knytt til fagfornyinga<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Vi ligg høgt i høve spesialundervisning<br>- Grunna manglande tilbod i eigen kommune kjøper vi tenester til einskilde brukarar. Til dømes ved Tøndergård | 1. Prosjekt Spesialundervisning. Arbeidsgruppe er etablert. Her må ein t.d. ha fokus på Heve kvaliteten på den ordinære opplæringa gjennom fokus på tilpassa undervisning. Det kan redusere talet på barn og unge som treng spesialundervisning. Lage ein felles plan for tilpassa undervisning.<br><br>2. Prosjekt Heilskapleg tenking i tenesteytinga. Her vil ein til dømes ha fokus på: Sikre gode overgangar mellom barnehage – barneskule og barneskule – ungdomsskule og Fokus på tidleg innsats både i skule/barnehage og i helsetilboda<br><br>3. Etablere program for folkehelse og livsmeistring i skulen<br><br>4. Prosjekt «Få elevane heim» har fokus på å sjå på moglegheita å etablere gode tilbod i heimkommunen i staden for å kjøpe tenestene andre stader |
| Vestnes kommune skal tilby rask og god språkopplæring for alle som har krav på det. | <u>Oppnådd:</u><br>- Biblioteket tilbyr bøker på dei fleste morsmål, samt ressursar til språkopplæring<br>Rask oppstart for norskopplæring for alle innvandrarar. Har kvalifisert personal til å gjennomføre norskopplæringa<br>- Vi har relativt låga prisar knytt til norskopplæring<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Elevtalet er lågt i vaksenopplæringa og ein må ha fleire nivå i same klasse<br>-Vi får ikkje tilskot til minoritetsspråklege i barnehage pga. kommunen vår er for liten | 1. Må ha ein god plan for korleis ein arbeidar målretta med minoritetsspråklege i skulen/ barnehage i tett samarbeid med PPT<br><br>2. Biblioteket og Eining for kvalifisering og integrering må arbeide saman i høve sikre at ein har eit godt tilbod knytt til dei morsmål som er i Vestnes<br><br>3. Samarbeid med NAV og næringslivet knytt til språkpraksisplassar |
| Helland skule, Tomrefjord skule og Tomrefjord idrettsbygg skal få nødvendig oppgradering. | <u>Oppnådd:</u><br>- Tomrefjord idrettsbygg er nyleg renovert<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Ved Tomrefjord skule er det berre gjort mindre vedlikehald. Skulane har ikkje fått nødvendig oppgradering | 1. Naudsynt oppgradering av skulane blir sett i samanheng med prosjekt Vestnes ungdomsskule |

## 6.3. Fokusområde 3: Kultur og fritid

Kultur og frivillighet står sentralt i det norske samfunnet og fungerer som eit sosial lim, som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivilligheit er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til. Innsatsen til frivillige lag og organisasjonar er såleis vesentleg for det sosiale livet i bygdene våre. Idrettslaga, korps, revy- og teaterlag, Musikkens venner, Vestnes musikkverksted, Gapskrattfestival og Fikstival er gode eksempel på aktørar som set Vestnes på kartet. Det offentlege tilbodet består m.a. av kulturskulen, bibliotek , frivilligsentral, idrettsbygg og kyrkja. Bilbioteket er ein unik lokal kulturarena med gode besøkstal, men treng betre lokaler. Kulturskulen er eir ressurssenter for alle i kommunen, som rekrutterer profesjonelle utøvarar som heile samfunnet nyt godt av. Også kulturskulen treng betre lokalar/lokalisering.

### 6.3.1. Spelemidlar

1,4 milliardar gjekk til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane i 2020. Dette er ein nedgang frå 2019. Derimot gjekk 85,1 millionar til Møre og Romsdal, som er ei auke frå 2019. Vestnes kommune hadde 7 søknadar i 2018 og 3 pr. år i 2019 og 2020. Samla tilskot utbetalt i snitt pr. innbyggar dei siste 5 år er kr 2 120, noko som er høge tal om ein samanliknar seg med snittet i fylket på kr 1 490. Generelt går den største delen av midlane til idrettshallar og aktivitetssalar, samt fotballanlegg.

### 6.3.2. StikkUT!

Tal frå Folkehelseinstituttet syner at berre tre av ti vaksne er aktive nok til å få ei god helse. I Møre og Romsdal er friluftsråda viktige bidragsytarar til å synleggjere turmoglegheitene i nærområda gjennom turmålskonkuransen StikkUT! I gjennomsnitt har ca. 9 % av innbyggarane i fylket delteke på StikkUT! I 2019. Vestnes kommune ligg på 6 %. Vi har difor her eit potensial for nytte dette tilbodet enda meir.

### 6.3.3. Bibliotek

Leseevne er grunnleggande for all læring. I Møre og Romsdal lånte barn i snitt 6,7 bøker i 2019. I Vestnes låg vi litt over snittet med 7 bøker pr. barn. I snitt var det i Møre og Romsdal 3,5 besøk pr. innbyggjar ved biblioteket. I Vestnes var talet ein del høgare med 4,7 besøk.

## 6.3.4. Handlingsdel – Kultur og fritid

| Kor skal vi?<br>(Mål og strategiar) | Kor er vi?<br>(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover) | Kva gjer vi?<br>(Tiltak) |
|---|---|---|
| Vestnes kommune skal verdsette den unike floraen av frivillig innsats og kulturaktivitetar | Oppnådd:<br>- I 2020 la vi til rette for å ta heim Søblomsten og dermed gjer den tilgjengeleg for heie kommunen og regionen<br>- www.ivestnes.no har blitt oppretta og gir frivillige lag og organisasjonar ein gratis plattform for å synleggjere seg sjølv og sin aktivitet, og gir innbyggjarane og personar frå andre kommunar ei oversikt over tilboda i kommunen<br>- Vi deler ut årleg aktivitetsmidlar etter søknad frå frivillige organisasjonar<br>- Har etablert Frivillig Forum, eit samarbeidsorgan for frivilligheita og kommunen<br>- Abonnerer på Tilskuddsportalen, eit verktøy som kommunen og frivillige organisasjonar kan nytte for å finne økonomisk støtte til eigne prosjekt<br>- Kommunen leiger ut lokalar rimeleg til frivillige og til kulturaktivetar<br>- Oppretta Stella Maris Venner<br>- Formidling av dirigenttenester, musikktenester til lokallag, korps og spelemannslag<br><br>Utfordring:<br>- Vi har mange tilbod, men det der likevel ei utfordring å treffe alle | 1. Avklare vegen vidare for Søblomsten<br><br>2. Arrangerer Frivillig Forum<br><br>3. Frå 2021 vil Stella Maris Vener arbeide med å legge til rette for frivilligheita i Stella Maris på tvers av generasjonar<br><br>4. Støttar lokallag med stor økonomisk dekning knytt til bruk av profesjonelle aktørar<br><br>6. Frivillige organisasjonar kan søke på aktivitetsmidlar<br><br>7. Myra kulturbygg og Vestnes bibliotek er arenaer der utøvarar av kultur på amatørnivå får sceneerfaring<br><br>8. Vurdere å lage ein plan for samarbeid mellom Vestnes kommune og frivilligheita |
| Vestnes kommune skal, så langt råd er, stø opp om utvikling av lokale forsamlingshus og idrettsanlegg. | Oppnådd:<br>- Kommunen gir rettleiing og behandlar søknadar om statlege spelemidlar. Talet på prosjekt som er søknadsklare er aukande og det er stor variasjon i dei planlagde prosjekta<br>- Vi har utbetra betydeleg Tomrefjord idrettshall<br><br>Utfordring:<br>- At alle elevane skal få nytte biblioteket i like stor grad grunna avstandar | 1. Arbeidar med kunstgrasbane på Vågstranda<br><br>2. Vi skal vere ein aktiv medhjelpar for lag og foreiningar i prosessen med å søke eksterne midlar og gjere saksgangen frå ide til søknadsklart prosjekt meir kjend gjennom temakurs<br><br>3. Gode forsamlingshus og møteplassar er positivt for aktiviteten i skulen, ikkje minst for å skape variasjon i undervisninga |
| Vestnes kommune skal vidareføre aktivitetsnivået i kulturskulen og arbeide for betre lokalar og lokalisering | Oppnådd:<br>- Vi hjelper pensjonistlaget med å lage produksjonar<br>- Tilbyr desentralisert opplæring i kulturskulen der dette er mogleg<br>- Har eit variert tilbod i kulturskulen<br><br>Utfordring:<br>- Lokala til kulturskulen | 1. Vi har utgreidd lokalar til kulturskulen der ein konkluderte at det er mogleg å nytte dei delane av eksisterande sjukeheim som står att etter riving. Ein vil arbeide vidare med dette i prosjekt Kulturskule |
| Vestnes kommune skal arbeide for å jamne ut sosiale ulikheter med omsyn til deltaking i fritid- og kulturtilbod. | Oppnådd:<br>- Etablert Utstyrsentralen på Frivilligheitssentralen, der ein tilbyr gratis utlån til alle innbyggjarar for aktivitetar heile året<br>- Etablert «Kontantkassa» - ei ubyråkratisk støtteordning som har som mål at alle barn og | 1. Søke støtte til SMUD<br><br>2. Etablering av Makerspace-tilbod<br><br>3. Gjere tilboda godt nok kjend for innbyggjarane i kommunen |

| | | |
|---|---|---|
| | unge mellom 6-18 år skal få delta i minst ein organisert fritidsaktivitet<br>- Vi har oppretta SMUD, Stella Maris Ungdom. Eit gratis lågterskeltilbod for ungdom i samarbeid med frivilligheita<br>- Biblioteket er lågterskeltilbod, der barn og unge t.d. kan få tilgang til teknologi og speleutstyr<br>- Prosjekt barnefattigdom<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Ha ressursar nok til drift for å kunne utvide opningstider og såleis større tilgjengelegheit for barn og unge<br>- Barn som veks opp i familiar med låginntekt/fattigdom blir ikkje alltid fanget opp tidleg nok | 4. Barns behov skal alltid vurderast og takast omsyn til ved søknad om økonomisk sosialhjelp<br><br>5. Prosjekt Strategi for heilskapleg tenking i tenesteytinga. Må ha fokus på å godt samarbeid på tvers av einingar for sikre at barn som veks opp i fattigdom kan få tilbod innan fritid og kultur<br><br>6. Vi yter tenester innan gjeldsrådgjeving |
| Bibliotek må utviklast som offentleg møteplass og debattareana med dertil eigna lokaler. | <u>Oppnådd:</u><br>- Vestnes bibliotek får nye og gode lokalar når dei flyttar inn i Stella Maris<br><br>Utfordring:<br>- Ikkje avgjort lokalisering av ny kulturskule | 1. Etablere gode rutiner for samarbeid og sambruk, syte for at innbyggjarane kjenner eigarskap til biblioteket<br><br>2. Prosjekt Kulturskule vil arbeide med nye lokalar |
| Bibliotek og kulturskuleaktivitetar bør om muleg samlokaliserast. | <u>Oppnådd:</u><br>Utgreidd sak om lokalisering av kulturskulen i lokale til noverande sjukeheim, noko som gjev nærleik til biblioteket<br><br><u>Utfordring:</u><br>Ikkje endeleg vedtak om flytting av kulturskulen inn i nye lokalar | 1. Prosjekt Kulturskule vil arbeide med nye lokalar |
| Det skal leggast til rette for møteplassar og aktivitetar for innbyggarane | <u>Oppnådd:</u><br>- Frivilligheita, kulturskule og bibliotek legg til rette for aktivitet og møteplassar for alle alder | 1. Vestnes bibliotek og frivilligheitssentralen blir samlokalisert ved innflytting i Stella Maris. Dette vil gi både sosiale og kulturelle tilbod, som til dømes: Filmrom, Makerspace, møterom, scene med meir<br><br>2. Frivillige organisasjonar tilbyr fritidstilbod, aktivitet, møteplassar, musikkopplæring, konsertar m.m. |

## 6.4. Fokusområde 4: Folk, helse og omsorg

Prognosen viser jamn vekst i folketalet. Stabilt for dei yngste gruppene, medan særleg dei eldre gruppene vil vekse. Dette gir utfordringar for kommunens tenestetilbod. Temaplanane for Folkehelse (vedtatt 27.09.2012), Bustadsosial handlingsplan (vedtatt 18.11.2010) og Omsorgsplan 2020 (vedtatt 12.06.2014) er utgangspunkt for arbeidet innafor dette fokusområdet. Folkehelseprofilen viser m.a. at ein høgare del barn og unge menn, har overvekt, og ein høgare del unge kvinner røykjer enn i landet elles. Ein aukande del av innbyggjarane slit med psykiske lidningar. Likeins aukar talet på yngre med rusrelaterte vanskar. Vestnes har siden 2008 hatt en sterk nedgang i fråfall frå videregåande skule og ligg no under landsgjennomsnittet. Kommunen vil fokusere på familien og dei vaksnes evne til å gje god omsorg, leggje til rette for gode og varierte fritidsarenaer med eit godt læringsmiljø og læringsutbytte. Kommunen vil styrkje helsestasjon og skulehelsetenesta som viktige bidragsytarar til ein god oppvekst for barn og unge.

### 6.4.1. Demografisk utvikling

Den demografiske utviklinga syner at vi får stadig fleire eldre og færre yngre. For meir informasjon sjå kap. 2.

### 6.4.2. Kompetanseutfordring

Mangel på kvalifisert helsefagleg kompetanse er ei nasjonal utfordring. Ca. 2/3 av alle nyutdanna i 2030 må utdannast innan helse og sosial om vi skal ha same pleiefaktoren som i dag. Dette på grunn at vi nasjonalt og i Vestnes får stadig fleire eldre. Vi veit dette er urealistisk og difor ei klar utfordring vi står ovanfor. Vi må difor løyse desse utfordringane på andre måtar, som til dømes gjennom velferdsteknologi.

### 6.4.3. Personar med rusutfordringar med aktivitetstilbod

Brukarplan er eit verktøy der fagpersonar kartlegg fleire livsområde for mottakarar av kommunale omsorgs- og/eller velferdstenester som har rusproblem eller psykiske helseproblem. I 2019 er det kartlagt i Brukarplan at det er 176 personar i Vestnes med rusutfordringar. Av desse er det berre 30 som har eit aktivitetstilbod. Av alle som er kartlagt i Brukarplan, har ca. 15 % eit aktivitetstilbod. Dette er under gjennomsnittet for fylket.

## 6.4.4. Handlingsdel – Folk, helse og omsorg

| **Kor skal vi?**<br>**(Mål og strategiar)** | **Kor er vi?**<br>**(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)** | **Kva gjer vi?**<br>**(Tiltak)** |
|---|---|---|
| Alle innbyggarar skal ha høve til å leve og bu sjølvstendig i aktivt fellesskap med andre | <u>Oppnådd:</u><br>- Tenestekontor fungerer som koordinerande eining<br>- Snart etablert helsehuset Stella Maris<br>- Vi arbeider etter formålsparagrafen i dei ulike lovverka<br><br><u>Utfordring;-</u><br>- Livsløpsperspektiv; individuelt tilrettelagt tenester gjennom hele livet<br>- Langtidsplanlegging, arbeidet inn i alt kommunalt overordna planverk<br>- Folkehelse tverrfagleg perspektiv<br>- Nytte moglegheitsrommet knytt til velferdsteknologi<br>- Utfordring i høve drift og standard på kommunale vegar. Dette gjeld også Vågstranda/Hjelvika<br>- Aktivitetstilbod til personar med rusutfordringar<br>- Tidleg innsats/førebygging<br>- Manglande aktiviseringstilbod for unge under 30 år<br>- Endring i arbeidslivet og det er større krav til kompetanse<br>- Manglande heilskapleg tenking<br>- Ikkje alle område har stort nok samarbeid med frivilligheita | 1. Lage plan for Rehabilitering og habilitering<br><br>2. Lage ruspolitisk handlingsplan (etablert arbeidsgruppe i 2020)<br><br>3. Rullering av Handlingsplan mot vald i nære relasjonar<br><br>4. Rullering Omsorgsplan<br><br>5. Prosjekt: Velferdsteknologi – «digitalt førsteval»<br><br>7. Prosjekt: Strategi for heilskapleg tenking i tenesteytinga<br><br>8. Prosjekt Dag- og aktivitetstilbod vil ha fokus på også å sjå på eit tilbod for personar med rusutfordringar, personar under 30 år m.m. Her må det t.d. vere eit utstrakt samarbeid med NAV for å sikre gode forløp innan arbeidsretta rehabilitering<br><br>9. Ny bustadsosial handlingsplan<br><br>10. Vurdere å lage eigen plan for samarbeid mellom Vestnes kommune og frivilligheita |
| Yte treffsikre omsorgstenester på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse. Det skal arbeidast for å behalde og rekruttere relevant fagkompetanse | <u>Oppnådd:</u><br>- Tildelingskontoret vart oppretta for å samle kompetansen kring sakshandsaming. Dette for å gi eit best mogleg koordinert tilbod og sikre tenester på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse<br>- Vi har ei strategisk kompetanseplan frå 2019. Vi er derimot ikkje ferdig med alle sektorvise planar<br>- Vi har oppretta psykisk helseteam barn og unge og tverrfagleg team<br>- Trefftid med helsesjukepleiar<br>- Konsultasjonstid med PPT<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Tverrfagleg samarbeid fora og former, internt og eksternt<br>- Omsorgstrappa; korleis tilpasse rett teneste i omsorgstrappa<br>- Utfordring å rekruttere, samt behalde fagkompetanse<br>- Barn og unge som har utfordringar knytt til fysisk eller psykisk helse skal motta adekvat og samordna hjelp i kommunen | 1. Etablere tverrfagleg inntaktsteam<br><br>2. Elektronisk kompetanseoversikt innførast i 2021<br><br>3. Ny kompetanseplan i 2021 med rekrutteringsdel og «turnover»<br><br>4. Ad-hoc utval: Vurdere talet på lærlingar, praktikantar, studentar, elevar og liknande som kommunen skal ta imot<br><br>5. Ferdigstille sektorvise kompetanseplanar i 2021 og søke på midlar gjennom kompetanseløftet<br><br>6. Lage rekrutteringsfilm knytt til Stella Maris i 2021<br><br>7. Betre synleggjering av tilskotsordningar for utdanning og retningsliner for tilskot ved utdanning |

| | | |
|---|---|---|
| | - Nasjonalt problem med manglande helsepersonell | 8. Mentorordning for nytilsette<br><br>9. Prosjekt Heilskapleg tenking i tenesteytinga. Der t.d. ser på korleis ein skal yte tenester til barn og unge<br><br>10. Prosjekt Gjennomgang av turnus, prosess og type. Til dømes vil langturnus heile veka eller på helg bidra til at vi har meir heiltidsstillingar og dermed betre kompetanse på vakt. Gode turnusar er også rekrutterande<br><br>11. Prosjekt digitalisering (inkl. velferdsteknologi) har fokus på å løyse einskilde oppgåver/tenester gjennom teknologi. Vi må nytte menneskeleg ressursar på dei som treng det mest. Samstundes må vi ha fokus på dei etiske sidene ved teknologien<br><br>12. Vi må bruke NAV sin kompetanse og «verktøykasse» for å utdanne og rekruttere kompetent arbeidskraft |
| Gjennom førebyggjande arbeid utsette hjelpebehovet hos eldre, bremse utvikling av livsstilssjukdomar og betre situasjonen for personar med psykiske lidningar. | <u>Oppnådd:</u><br>- Oppretting av tildelingskontor/koordinerande eining gjer at ein kjem tidlegare inn og meir koordinert<br>- Vi har oppretta eige ungdomsteam i NAV som arbeidar med personar under 30 år<br>- Gode turvegar/turisstiar m.m.<br><br><u>Utfordringar:</u><br>- Større og meir komplekse og samansette oppgåver blir overført til kommunane<br>- Pakkeforløp – krev meir kommunale ressursar<br>- Mindre ressursar til førebyggjande arbeid og tidleg innsats, der store delar blir brukt til å reparere allereie oppstått skade – korleis snu dette?<br>- Korleis komme tideleg nok inn – både i alder og forløp<br>- Økt andel ungdom under 30 med psykiske helseutfordringer som vanskeliggjør arbeidsrettet aktivitet | 1. Prosjekt: Dag og aktivitetstilbod. Avgjerande for å sikre best mogleg funksjonsnivå og dette gjev betre livskvalitet<br><br>2. Aktivt bruk av kartleggingsverktøy og tiltak gjennom Brukarplan<br><br>3. Fokus på tilrettelegging i bustad, samt hjelpemiddelformidling<br><br>4. Gjennomføre satsingsområda i reform «Leve hele livet»<br><br>5. Interkommunalt samarbeid gjennom til dømes nettverksarbeid og Helseplattformen, læringsnettverk for gode pasientforløp<br><br>6. Prosjekt Strategi for heilskapleg tenking i tenesteytinga vil ha fokus på tverrfagleg samarbeid på tvers interne og eksterne aktørar. Til dømes spesialisthelsetenesta, legane, frivilligheita m.m. |
| Styrka livskvalitet ved å ta i bruk velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering | <u>Oppnådd:</u><br>- Etablert pilotprosjekt Stella Maris og spredningsprosjektet: Frå analoge til digitale tryggleiksalarmar<br>- Heimetenesta og institusjon har snart gjennomført velferdsteknologiens ABC<br>- 10 elektroniske medisindispensere er i bruk<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Korleis endre måten å arbeide på og utnytte teknologien på ein effektiv måte, altså ha tillit til teknologien | 1. Tidleg innsats – både i alder og forløp<br><br>2. Informasjonsspredning (tilsette, brukarutval t.d eldreråd, råd for funksjonshemmede med meir)<br><br>3. Erfaringsdeling gjennom nettverk, t.d. spredningsprosjektet<br><br>4. Implementering – vegkart for tenesteinnovasjon |

| | | |
|---|---|---|
| | - Etiske dilemma knytt til velferdsteknologi | 5. E – læring t.d. KS læring og www.veilederen.no med fokus på etiske refleksjonar kring bruk av velferdsteknologi |
| Tilrettelegge framtidige buløysingar tilpassa ulike hjepebehov, med fokus på brukarstyring og private og kommunale initiativ | <u>Oppnådd:</u><br>- Har einskilde bustadar som er tilrettelagt<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Manglar bustadar til alle formål og tenestebehov<br>- Ikkje alle Kommunale bustader tilfredsstiller dagens behov og standard | 1. Etablert ei eiga gruppe som arbeider med tildeling av bustadar og kartlegging av framtidige brukarar |
| Styrke tilbodet til heimebuande demente | <u>Oppnådd:</u><br>- Har etablert dagsenter for heimebuande demente<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Ikkje godt nok tilbod sett i høve bruker og pårørande<br>- Komplekse saker som krev samarbeid internt og eksternt og utfordring med å kome tidsnok inn i forløpet<br>- Manglar tydeleg planverk | 1. Opprette demensteam og koordinator<br><br>2. Pårørandetiltak som t.d. pårørandeskulen<br><br>3. Aktivt bruk av velferdsteknologi<br><br>4. Nært samarbeid med frivilligheita<br><br>5. Lage Demensplan |
| Fortsette arbeidet med å legge til rette turstiar og friluftsområde med allmenn tilgang | <u>Oppnådd:</u><br>- Vestnes kommune har eit rikt organisasjonsliv å bygge på, til felles nytte for folkehelse<br>- Lagt til rette med turstiar dei siste åra som bidrar til folkehelsearbeid<br>- Vi har etablert mange turvegar/turstiar i fleire av bygdelaga. I tillegg er det etablert fleire parkeringsplassar ved starten av slike vegar/stiar. Her ventar fleire gode prosjekt avklaring og planlegging. Dette er viktige tiltak i folkehelseperspektivet, bulysta, for tilreisande m.m.<br>- Frivilligsentralen som koordinator for samarbeid og aktivitet<br>- Vi har eit godt system kring turregistreringsordninga StikkUT!<br>- Utstyrsentralen har gratis utlån av turustyr til alle innbyggjarane i kommunen<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Folkehelsearbeid på tvers/skape felles eigarskap for folkehelse | 1. Vidareføre etablerte arbeidsgruppe for folkehelse i kommunen<br><br>2. GodHelse – Samarbeidsavtale. Jobbe etter formåla i avtalen<br><br>3. Folkehelse i fokus i alt vi gjer<br><br>4. Det blir tilrettelagt 15 StikkUT!-turar kvart år. Frå 2020/2021 vil det også bli lagt ut fotturar på vintersesongen<br><br>5. Planer for turveg frå Fagervik til Tresfjord kyrkje skal sluttførast og avtalar med grunneigarar må gjerast<br><br>6. Synleggjer betre dei tilboda vi har |
| Legge universell utforming til grunn for all planlegging så langt som råd | <u>Oppnådd:</u><br>- Universell utforming er lovpålagd og det blir lagt til rette for i alle nybygg, t.d. Stella Maris<br>- Er innarbeidd i saksbehandlingsrutinene | 1. Legge universell utforming til grunn for all planlegging og bygging<br><br>2. Viktig å inkludere råda, som eldrerådet og råd for funksjonshemma |
| Trygge overgangar mellom barnehage-barneskule-ungdomsskule og vidaregåande skule | <u>Oppnådd:</u><br>Det er eigne rutine for overføring mellom barnehage og skule<br><br><u>Utfordring:</u><br>Fokus på heilskaplege tenester på tvers av sektorar | 1. Styrke BTI (betre tverrfagleg innsats) for barn og unge<br><br>2. Prosjekt: Strategi for heilskapleg tenking i tenesteytinga<br><br>3. Planlegge og gjennomføre hospitering/ besøksordningar før overgang |

| | | |
|---|---|---|
| Skular og barnehagar skal prioritere sunne matvanar og fysisk aktivitet for å førebygge overvekt hos barn og unge | Oppnådd:<br>- Livsmeistring og helse har kome inn i rammeplana som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag. Det same gjeld læreplanen i skule.<br>- Helsesøster har informasjon om sunne matvanar til foreldre/føresette på skulen<br>- Barnehagen har eigen kosthaldsplan. Alle barnehagar får nytte idrettshall/gymsal/symjehall utanom Helland barnehage<br>- Tilgang til gode arenaer for svømmeopplæring og kroppsøving<br>- Fokus på å lære gode matvanar i skulefaga<br><br>Utfordring:<br>- Flytter ein fokuset bort frå primærforebyggjande arbeid, kan barn og unge også i denne kategorien falle under uhelse i forhold til livsstil og vaner<br>- Kapasiteten ved svømmehall og idrettshall kunne vore betre | 1. Mykje og riktig fysisk aktivitet i barnehage og skulen<br><br>2. Informasjon og rettleiing - fokus på sunt kosthald i tråd med nye retningslinjer for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet<br><br>3. Fokus på retningslinjer for helsestasjon i høve førebyggande av overvekt hos barn og unge<br><br>4. Tettare kommunikasjon kring skule og barnehage om ledig halltid |
| Ingen born eller unge skal begynne med tobakk eller snus, eller andre rusmidler. | Oppnådd:<br>- Teke i bruk kartleggingsverktøyet UngData<br>- Førebyggande arbeid i skule. Til dømes er vi MOT – kommune<br><br>Utfordring:<br>- Fange opp ungdom som fell utanom etablerte tilbod<br>- Nok og riktige ressursar til førebyggande arbeid | 1. Informasjon og rettleiing på person og systemnivå<br><br>2. Samarbeid med politi og barnevern<br><br>3. Aktivt bruk av politirådet<br><br>4. Arbeidet med ruspolitisk handlingsplan er starta opp. Ungdomsrådet deltek her |
| Legge forholda til rette for at innbyggarane kan halde seg i betre fysisk form. | Oppnådd:<br>- Vi har mange flotte turvegar/stiar, idrettshallar og andre idrettsanlegg. I tillegg har alle bygder og sentrum tilgang på fjord og fjell til formålet<br>- Vi leiger ut gymsal og det vert leigd ut forsamlingshus til innbyggjarane i kommunen som lågterskeltilbod<br><br>Utfordring:<br>- At alle innbyggjarane er medviten på si eiga helse og tek folkehelseansvar | 1. Legge til rette for allsidig aktivisering på ulik arena i samarbeid med frivilligheita, lag og foreiningar<br><br>2. Planlegging og tilrettelegging av t.d. kyststi/turveg i Tomrefjord<br><br>3. Arbeide med å legge til rette for mogleg felles storhall i sentrum |

## 6.5. Fokusområde 5: Det internasjonale Vestnes

At Vestnes kommune har auke i folketalet skjer mykje på grunn av arbeidsinnvandring, asylsøkarar som ventar på bustadkommune og busette flyktningar. Som eksempel har over 10 % av barnehageungane foreldre med utanlandsk opphav og 20 % av nyfødde i 2012 hadde minoritetsspråklege foreldre. Dette mangfaldet må vurderast som ein ressurs i staden for eit problem. Sett på spissen kan det seiast at "Utan innvandring stoppar Vestnes."

For å sikre ei god samfunnsutvikling er det nødvendig å sørge for god integrering av utanlandske innbyggjarar. Arbeid, språk og god forståing og respekt for norsk kultur og historie er viktigast. Frivillige organisasjonar og kulturaktivitetar kan også vere ein døropnarar til deltaking i lokalsamfunnet og viktige arenaer for integrering, saman med folkehelsearbeidet i kommunen. Vestnes kommune har eit godt utgangspunkt med god kompetanse i språkopplæring både i skulen og ved Vaksenopplæringa.

### 6.5.1. Folketalsutvikling

Folketalet har vore relativt stabilt dei siste åra i Vestnes. Derimot ser vi at stadig større del innbyggjarane er innvandrarar. Dette skuldast i hovudsak utanlandsk arbeidskraft og flyktningar.




### 6.5.2. Mottak av flyktningar

Vestnes kommunestyre gjorde i PS 116/2019 følgjande vedtak:

1. Vestnes kommunestyre godkjenner plan for busetting av flyktningar i perioden 2020-2023 slik han ligg føre som vedlegg i denne saka.
2. Busettingstal for perioden blir
   2020: 16 personar
   2021: 10 personar

2022: 10 personar
2023: 10 personar

2020 har vore eit spesielt år grunna Covid-19 og med bakgrunn i pandemien vart det totale busettingsbehovet i 2020 justert ned frå 5120 til 3600 (og no seinast ned til 3170). For Vestnes sin del gjorde det at vi fekk ta imot 10 i staden for planlagde 16 flyktningar. Talet for busettingar i 2021 i Norge ligg an til å vere 5030 personar. Her vil det vere stor grad av usikkerheit kring tala då vi ikkje veit korleis pandemien utviklar seg og dermed moglegheita for innreise av overføringsflyktningar.

IMDI har kome med anmoding om at Vestnes kommune tek imot 16 i staden for 10 flyktningar 2021. Denne saka vert behandla av kommunestyret i desember.

### 6.5.3. Handlingsdel – Det internasjonale Vestnes

| **Kor skal vi?**<br>**(Mål og strategiar)** | **Kor er vi?**<br>**(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)** | **Kva gjer vi?**<br>**(Tiltak)** |
|---|---|---|
| Arbeid er viktigast. Vestnes kommune skal derfor ha eit godt samarbeid med næringslivet for å lykkast med å få busette flyktningar i arbeid | Oppnådd:<br>- Eining for kvalifisering og integrering (EKI) har fokus på samarbeid mellom næringslivet og NAV om praksisplassar og språktreningsplassar<br>- NAV som ein viktig samarbeidspart for EKI har omorganisert oppfølging av flyktningar. Der det er fokus på å sikre tilgang på ledige stillingar og tiltaksplassar | 1. Lage intensjonsavtalar med einskilde bedrifter om praksisplassar og mentorordning<br><br>2. Kommunen må gå foran i høve praksisplassar<br><br>3. Samarbeidsavtalen mellom NAV og EKI må ha fokus på møtepunkt uansett kor i løpet flyktningen er. Dette for å knytte forløpet opp mot arbeid og moglegheitene som er der |
| Vestnes kommune har som mål å få 80 % av busette flyktningar i arbeid etter at introduksjonsprogrammet er avslutta. | Oppnådd:<br>- Vi har høg måloppnåiing (høgare enn nasjonale tal) i høve å få flyktningar i arbeid/skule etter introduksjonsprogrammet er avslutta<br><br>Utfordring:<br>- Utfordringa er at personar som er kome i arbeid/skule kan seinare i forløpet, t.d. om 5 år, kome i ein situasjon der dei står utan arbeid eller hatt liten eller ingen tilknyting til arbeidslivet. Det same gjelder manglande formalkompetanse | 1. Utnytte potensialet i den nye integreringslova som gjer det mogleg med eit meir differensiert og tilpassa løp for den einskilde deltakar<br><br>2. Prosjekt: Lærlingar med meir. Arbeide fram ein plan for å sikre nok lærlingplassar i kommunen<br><br>3. For brukarar med låg formell kvalifikasjonar skal opplæringstiltak som gjev formell kompetanse vektast. Det må vi gjer gjennom å forsterke samarbeidet med fylkeskommunen og andre utdanningsaktørar for å gi målgrupper kompetansehevande tilbod. Arbeidsgjevarkontakten byggast ytterlegare ut for å sikre tilgang på ledige stillingar og tiltaksplassar |
| Vestnes kommune skal vere ein attraktiv plass å bu for alle, og ein stad med trivsel og engasjement. | Oppnådd:<br>- Vi har ein kombinasjon av kommunale og private bustadar som vert nytta<br>- Vi tilrettelegg gjennom arealplan. Elles støttar vi ofte opp om velforeiningar, idrettslag og andre med praktiske ting i prosjekt for fellesskapet i alle bygdelag<br><br>Utfordring:<br>- Om kommunen har nok egna bustadar å tilby, avhenger av søkarmassen på sosialbustadar. Bør ha fleire bustadar frå private | 1. Utnytte ordninga knytt til Startlån<br><br>2. Tidleg ute å annonsere ved busetting av til dømes flyktningar<br><br>3. Bruk av nettportalen www.ivestnes.no gir informasjon til innbyggjarane og dei som evt. vil flytte hit |

| | | |
|---|---|---|
| Vestnes kommune skal jobbe heilskapleg for å sikre ei god integrering av alle innbyggjarane i kommunen. Kommunen skal i dette arbeidet spele på lag med næringslivet. | Oppnådd:<br>Vi har gjennom NAV oppretta eige marknadsteam for å strukturere marknadsarbeidet. Har samarbeidsavtalar med bedrifter om inkludering.<br><br>Utfordring:<br>Fleire har liten eller ingen tilknyting til arbeidslivet og har liten formell kompetanse | 1. Samarbeide med Næringsforum for å nå t.d. utanlandske arbeidarar som ønskjer å bu i Vestnes. Her kan www.ivestnes.no nyttast for å spreie informasjon<br><br>2. Arbeidsgjevarkontakten må byggast ytterlegare ut for å sikre tilgang på ledige stillingar og tiltaksplassar |
| Opplæring i norsk språk, kultur og samfunn er det mest effektive tiltaket for god intergrering | Oppnådd:<br>- Introduksjonsprogrammet inneheld opplæring i norsk språk, kultur og samfunn<br>- Vi har lave prisar ved vaksenopplæringa<br>- Biblioteket som ein viktig integreringsarena<br><br>Utfordring:<br>- Mange brukere tilfredsstiller ikke krav om norsk i arbeidsrettet tiltak og lite kjennskap til norsk arbeidsliv og kultur | 1. Samarbeid med eining for kvalifisering og integrering for å gjere tilboda til dømes ved biblioteket kjend<br><br>2. Halde fram og styrke samarbeidet på tverrfagleg i kommunen for sikre god språkopplæring, språkpraksisplassar m.m. |
| Kultur, frivillige og folkehelsearbeidet er andre sentrale verkemiddel i dette arbeidet. | Sjå ovanfor. | Sjå ovanfor. |

## 6.6. Fokusområde 6: Samferdsel og pendling

Visjonen stadfestar Vestnes kommune si strategiske og sentrale plassering. Nye samferdselsprosjekt gjer Vestnes enda sterkare integrert både i Molderegionen, Ålesundsregionen og arbeidsmarknaden i Rauma. Dette gir tilgang til eit vidt spekter av arbeidsplassar. 26 % av den yrkesaktive befolkninga pendlar ut frå Vestnes . Molde er største arbeidsstad for dei som ikkje har arbeid i eigen kommune. Innpendlinga til kommunen er knapt halvparten av utpendlinga.

### 6.6.1. Arbeidsledigheit

| | Delvis ledige | Heilt ledige | Sum |
|---|---|---|---|
| Landet | 2,6 | 3,5 | 6,1 |
| Fylket | 2,4 | 2,9 | 5,3 |
| **Vestnes** | **2,8** | **2,1** | **5,9** |
| Rauma | 1,9 | 2,8 | 4,7 |
| Molde | 2,3 | 2,6 | 4,9 |
| Ålesund | 2,4 | 2,9 | 5,3 |

Arbeidsledigheita auka betydeleg etter Covid-19. Oktober tala syner nedgang i arbeidsledigheita, men framleis ligg Vestnes over fylkesgjennomsnittet.

### 6.6.2. Pendling og arbeidsplassdekning

Det var auke i pendlinga i dei fleste kommunane i Møre og Romsdal i 2019. Pendling er definert som ei arbeidsreise der arbeidstakar kryssar minst ei kommunegrense mellom heim og arbeid. For Vestnes sin del, var det 855 som pendla ut av kommunen og 473 som pendla inn. 225 pendlar til Molde, deretter 116 til Ålesund og 111 til Haram kommune. Etter samanslåinga av Ålesund, Haram, Sandøy, Ørskog og Skodje, er det litt fleire som pendlar til Ålesund enn til Molde kommune. Arbeidsplassdekning til Vestnes er på 88,3 % i 2019 mot 87,6 % i 2015. Dekninga betrar seg, men vi ligg under gjennomsnittet for fylket, jf. figuren under.



Ferga mellom Vestnes og Molde får frå nyttår 20-minutt avgangsintervall. I tillegg har ferga blitt gratis for passasjerar utan bil. Hurtigbåten mellom Vestnes og Molde vert derimot etter alt å døme nedlagd frå 2021, dette på trass i at fekk vi innarbeidd i kommunedelplanen for Møreaksen at hurtigbåten skal vere ein del av konseptet når det gjeld framtidig kollektivtilbod. Bussrutene går som tidlegare.

### 6.6.3. Samferdsel

**E39 Vik – Julbøen**: Strekninga frå Vikkrysset via undersjøisk tunnel til Otrøya og bru over Julsundet til Julbøen har ferdig reguleringsplan frå 2016. På grunn av ein rekkefølgjebestemmingane skal det ikkje settast trafikk på denne strekninga før også Julbøen - Molde står ferdig. Her er ikkje reguleringa ferdig og det blir arbeidd med kompromissløysingar grunna sterk motstand mot veg i dagen ved Mordalen og Kringstadsetra. I tillegg skal E39-prosjektet kombinerast med fylkesveg over Kjerringsundet, altså mellom Sundsbøen på Otrøya og Gossen, slik at ein kan nytte steinmassar frå tunnelen til fyllingane over sundet og gjere «Akerøen» landfast.

**E39 Ørskogfjellet – Vik:** Oppstart av arbeidet med reguleringsplan er meldt/annonsert. Det blir truleg ein tunneltrase mellom ca. Bakkesetra i Skorgedalen og Ura ovanfor Vik, men alternativet med veg i dagen gjennom Tomrefjord er ikkje formelt skrinlagt. Sidan 2016 har det vore arbeidd med å finne eit meir optimalt innslagspunkt for tunnelen på Vik. Det blir derfor naudsynt med ei reguleringsendring for Vik- Julbøen, slik at kryssinga av fylkesveg Fv661 skjer noko nærare Tomrefjord og Vik Industriområde. Detaljane er ikkje klare endå.

Anten blir det ei reguleringsendring for planen Vik – Julbøen eller så blir endringa tatt med i ny reguleringsplan for Ørskogfjellet – Vik.

**E136 Vik – Remmem:** Det er ikkje arbeidd vidare med planer for denne strekninga, som er mindre aktuell etter valet av Ørskogfjell – Vik som trase i staden for Fylling/Tomrefjellet. Årsaka er at Møreaksen med traseen Ørskogfjellet - Vik truleg vil generere svært lite ekstra trafikk på Fv. 661 mellom Vik og Vestnes.

**Fv661:** Reguleringsplan godkjent i 2018. Dette er eit trafikksikringsprosjekt med gang-/sykkelveg og avkjørselsaneringar. Framleis aktuelt for å gjere vegen tryggare, sjølv om det ikkje blir mykje ekstra trafikk på grunn av Møreaksen.

**E 136 – Hjelviktunnelen og Gjermundnessvingane:** Behov for ny veg på desse strekningane av «Eksportvegen»- Det er nettopp Eksportvegen AS som jobbar med desse problemstillingane.

**Nasjonal Transportplan**: Kjem til våren og då får vi meir oversikt over prioriteringane og kva vi kan vente oss realisert dei næraste åra.

## 6.6.4. Handlingsdel – Samferdsel og pendling

| Kor skal vi?<br>(Mål og strategiar) | Kor er vi?<br>(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover) | Kva gjer vi?<br>(Tiltak) |
|---|---|---|
| Vestnes kommune skal vere førstevalet når våre eigne ungdommar er ferdig med studia og vurderer kvar dei skal busette seg. Her kan dei i akseptabel pendlaravstand bu i Vestnes og arbeide i byane Ålesund og Molde, samt i andre nabokommunar. | Oppnådd:<br>- www.iVestnes.no vil vere<br>Være synleg for ungdommen. Her kjem det fram informasjon om arbeidsplassar, fritidstilbod, kulturelle tilbod m.m.<br>- Vi har lagt til rette for eit effektivt trafikk-knutepunkt ved hurtigbåtkaia. Her er det parkeringsplassar også med ladepunkt for El-bilar, busstopp for ekspress nord/syd og lokale rute. Det er òg og tilrettelagt for dei som brukar hurtigbåten.<br><br>Utfordring:<br>- For liten del av dei som studera flyttar heim igjen til kommunen vår. Vi må difor gjer det attraktivt nok i høve arbeid, bustad, kultur m.m.<br>- Dersom hurtigbåten vert lagt ned frå nyttår vil det bli utfordringar med tilrettelegging av tilstrekkeleg tal på parkeringsplassar ved Furneset. Den utilfredsstillande situasjonen for mjuke trafikantar til/frå Furneset vil bli forsterka når all persontrafikk (gratis) skal gå med ferje | 1. Næringsforum vil ha ei koordinerande rolle mellom skule og næringsliv, samt koordinere bedriftsbesøk<br><br>2. Næringsforum vil arbeide med ein strategi for å få ungdommen til å bli og kome tilbake til heimkommunen<br><br>3. Vi må vere til stades i ulike fora kor vi møter våre tidlegare innbyggjarar og andre for synleggjer tilboda i Vestnes kommune. T.d. delta på rekrutteringsmesser<br><br>4. Vi arbeidar (og må halde fram med det) mot Statens Vegvesen og Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen for å synleggjere utfordringane |
| Vestnes kommune vil arbeide målretta for å sikre offentleg transport tilrettelagt for pendling. Hurtigbåten over Romsdalsfjorden (Romsdalsruta: Vikebukt-Helland -Molde) har vital betydning for den felles arbeidsmarknaden Molde – Vestnes, uavhengig av ferjefri fjordkryssing. Dette tilbodet må behaldast og vidarutviklast i likheit med Timekspressen. Før ferjefri fjord må fergekapasiteten Vestnes – Molde styrkast med fleire ferjer og min. 20 minutts avgangar. | Oppnådd:<br>- Ferje kvart 20. min. vil verte innført frå 2021. Ferja er gratis for passasjerar<br><br>Utfordring:<br>- Hurtigbåten vert lagt ned frå 2021 | 1. Vi har teke det opp i møter med Statens vegvesen (Møreakseprosjektet) og Fylkeskommunen at hurtigbåten eventuelt bør reetablerast når det blir ferjefri fjordkryssing, i og med at køyreavstandane blir store og reisetida lang. Dette må ein arbeide vidare med |
| Betre korrespondansen, slik at mulegheita for innbyggarane i Vestnes kommune til å bruke flyplassane i Ålesund og Molde, samt jernbanen frå Åndalsnes blir optimalisert. | Oppnådd:<br>- Tidlegare ferjeavgang gjer at ein t.d. kan nå morgonflyet til Oslo<br>- Ladestasjon for el-bil i sentrum | 1. Vi har jamleg kontakt med Fylkeskommunen (samferdsel) der vi kjem med innspel for nå dette målet |
| Vestnes kommune skal arbeide for å sikre best mulege løysingar i samband med ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden, ny trase for E39 sørover og tilknyting austover til E136. | Utfordring:<br>- Ved realisering av Møreaksen kan det vere at sentrum i Vestnes ikkje blir same trafikknutepunkt som no. Da må vi sikre god busskorrespondanse | 1. Dette blir det arbeidd med via referansegruppa E 39 Ålesund-Molde. Planavklaring skal skje gjennom reguleringsplan |

| | | |
|---|---|---|
| Arbeide for utbetring av E136 opp Romsdalen og planlagde krabbefelt over Ørskogfjellet | <u>Oppnådd:</u><br>- Krabbefeltet vert truleg påbegynt i 2021 | |
| Vestnes kommune vil arbeide for at alle bygdelag får god tilgang på fullverdig internett og vil vere ein aktiv medspelar for utbygging av fiberkabel og mobilnett i kommunen. | <u>Oppnådd:</u><br>- Fiber er lagt ut i heile kommunen. | 1. Vi må vurdere å legge fiber i heile Vågstranda/Hjelvik område<br><br>2. Arbeide mot at alle områder får god mobildekning. Dette gjeld spesielt knytt til hyttefelta i kommunen |
| Vestnes kommune vil saman med nabokommunane arbeide for heilårsveg over Kjersemfjellet og at vegen skal bli fylkesveg. Dette vil styrke både samkvemmet med nabokommunane i sør og næringsutvikling og friluftsliv knytt til Kjersemfjellet og omland | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har lagt til rette for slik overtaking på vår side av fjellet med asfalt og flott veg, idrettslag/bygdelag har varmestove for skifolket. | |
| Systematisk vedlikehald av kommunale vegar for å ivareta investert kapital. | <u>Utfordring:</u><br>- Mykje av dei kommunale vegane i Vestnes har ein dårlegare standard enn ein skulle ønskje. Dette har mykje samanheng med opphavelsen av vegen og korleis dei i si tid var bygd. Etter grensejusteringa med Vågstranda/Hjelvika i 2021, aukar den totale kommunale veglengda med ca. 20 % | 1.Intensivere grøfterensk for oppretthalde ein drenert vegkropp<br><br>2. Utbetre feil/manglar på vegnettet før det får utvikle seg til større skader<br><br>3. I planperioden må vi ta eit løft og auke det årelege asfalteringsvolumet |
| Arbeide for å sikre best mulig intern offentleg kommunikasjon i kommunen | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har god kontakt med busselskap og viktige brukargrupper, og prøvar å få til forbetringar etter behov<br>- Vi har no fleire venteskur/busskur som vert sett ut på stader med stor trafikk<br>- Har lagt godt til rette på knutepunktet på Kataholmen. | 1. Halde fram samarbeidet med interne og eksterne aktørar |

## 6.7. Fokusområde 7: Klima – miljø – beredskap

Vestnes kommune har utarbeidd eigne temaplanar både for klima- og energi og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanlayse (ROS). Dei siste åra har vist oss at vi er avhengige av lokal beredskap og at denne er godt trent og førebudd. Beredskapsplanen er revidert hausten 2014.

### 6.7.1. FNs berekraftmål

FNs berekraftmål har som mål å utrydde fattigdom, bekjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. FNs berekraftmål består av 17 mål og 169 delmål, jf. figuren under.




Måla er som ein felles global arbeidsplan som gjev retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla vart laga på ein demokratisk måte gjennom innspel frå land over heile verda og nesten ti millionar mennesker fekk sagt sin meining gjennom ei spørjeundersøking.

### 6.7.2. Overordna ROS – analyse og beredskapsplan

Gjennom overordna ROS – analyse (heilskapleg ROS – analyse) ser vi på utvalde hendingar og sannsyn/konsekvensar av desse. Dette dannar grunnlaget for arbeidet med beredskapsplanen. I arbeidet med ROS – analyse, finn ein risikoreduserande tiltak. Desse tiltaka må forankrast i kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett, slik at til dømes tiltak som krev kjøp av ustyr vert lagt inn.

Vi gjennomført sist ei overordna ROS – analyse i 2017. Dei risikoreduserande tiltaka som kom fram der var:

- Bistandsavtale
- Opplæring av mannskap for overflateredning
- Utstyr til overflateredning
- Gjennomgang av beredskapsmessig utstyr
- Plan for krisekommunikasjon

- Gjennomgang av ny konsekvens i samband med Opstadhornet
- Hovudplan for avløp
- Faganalyse datasikkerheit
- Rutine for oppfølging av bygging i strandsona
- ROS – analyse – tilsette sin sikkerhet
- Utarbeide krise-rutinar og øve på desse
- Utarbeide tiltakskort for samling av kriseleiinga ved bortfall av telefon og data
- Tiltakskort snøskred
- Vurdere DAB-dekninga i Vestnes

For meir informasjon, sjå ROS – analyse 2017.

Vi arbeidar no med ny overordna ROS – analyse og tek sikte på politisk handsaming i 2021.

### 6.7.3. Handlingsdel – Klima – Miljø – Beredskap

| **Kor skal vi?**<br>**(Mål og strategiar)** | **Kor er vi?**<br>**(Kva har vi oppnådd og utfordringane framover)** | **Kva gjer vi?**<br>**(Tiltak)** |
|---|---|---|
| Følgje opp målsettingane i Klima- og energiplanen, m.a. potensialet for småkraftanlegg | Utfordring:<br>- Målsettingane i plana er ikkje fylgt opp i tilstrekkeleg grad | 1. Plana vart vedteke i 2015 og er «utdatert». Det har skjedd endringar knytt til området berekraft sidan 2015. Berekraftsmåla må inn i planarbeidet vårt |
| Utnytte eksisterande grunnlagsinvesteringar best muleg ved planlegging av nye utbyggingsområde, både med tanke på økonomi og redusert bilbruk. | | 1. Dette har vi prøvd å ta omsyn til i planforslag |
| Gang- og sykkelvegar skal ha ein sentral plass i planlegginga. | Oppnådd:<br>- Vi har arbeida med gang- og sykkelveg gjennom t.d. sentrumsplana og Buktavegen<br>- Sidan vi har ein forholdsvis stor andel av større hovudvegar i gjennom kommunen, vil dei kommunale vegane fungere som kombinerte køyrevegar og gang- og sykkelvegar | 1. Vi må arbeide med at gang- og sykkelvegar får nok fokus i dei store vegplanane i kommunen<br><br>2. Vurdere strengare krav til private utbyggjarar kring dette<br><br>3. Planlegg infrastruktur der det ligg tilrettelagt for gang- og sykkelveg |
| Verdifulle natur-, kultur- og miljøkvalitatar skal takast omsyn til i all planlegging. | Utfordring:<br>Tal syner at vi er ein av kommunane i fylket som er dårlegast til å beskytte og ta vare på naturen gjennom til dømes omdisponeringar av dyrka mark | 1. Berekraft, jf. FN sine berekraftmål, må leggast til grunn i vårt planarbeid<br><br>2. Vurdere om vi bør konsentrere oss meir om områder/areal som ikkje er intensivt utnytta/utbygd i dag, og utvikle desse og bruke dei meir intensivt både for å utnytte tidlegare investeringar og infrastruktur. Med det resultat at vi tek i bruk mindre av «nytt areal» |
| Avgrense omdisponering og oppsplitting av dei mest verdifulle jordressursane. | Sjå punktet over | Sjå punktet over |

| | | |
|---|---|---|
| Avgrense konsekvensar for lokalsamfunnet ved uønska hendingar og ulykker | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har eit godt og oppdatert (2021) planverk innan beredskap. Tilsyn på området i 2021<br>- Vi har kompetanse innan fagfeltet<br>- Overordna ROS-analyse vart gjennomført i 2917 | 1. Arbeide vidare med gode ROS – analyser for å avdekke moglege uønska hendingar og vere «føre var» med gode tiltak<br><br>2. Ny overordna ROS-analyse vert politisk behandla i 2021 |
| Vestnes kommune vil arbeide for meir synleg politi og kortare responstid | <u>Oppnådd:</u><br>Inntrykk av at politiet er meir synleg no etter vi er saman med Rauma enn når organiseringa var knytt mot Ålesund<br><br><u>Utfordring:</u><br>Det er låg dekning av talet på politi sett opp mot innbyggjarar i heile Møre og Romsdal om ein samanliknar med andre fylker | 1.Politirådsmøte er eit møtefora der politiet, ordførar og administrasjonssjef deltek fast. Desse vert haldt 1 gong pr. kvartal. Dette er ein arena for gjensidig informasjon og drøfting |
| Påverke helsestyresmaktene slik at ambulansetenesta blir utvida med 1 ekstra ambulanse, for å sikre beredskapen når den eine bilen er på transportoppdrag | | 1. Halde fram arbeidet med å auke beredskapen knytt til ambulanse |
| Halde fram oppgradering av mannskap og materiell i brannvesenet i samsvar med forskrift | <u>Oppnådd:</u><br>- Eit kompetent mannskap. Vi har kome langt i høve utdanning av mannskap i henhold til lover og forskrifter<br><br><u>Utfordring:</u><br>- Vi treng fleire med førarkort/blålyslappen<br>- Nye objekt som Vågstrandatunnelen, el-ferger over Romsdalsfjorden og nytt helsehus Stella Maris krev kompetanseheving og evt. utstyr | 1. Mannskap blir opplært og kursa i samsvar med forskrift og planverk. To tilsette går grunnkurs for brannkonstabel. To tilsette går no internopplæring. Neste for desse er gjennomføre grunnkurs<br><br>2. Vi gjennomfører jamlege ros-analyse knytt til behov for kompetanse og utstyr |
| Det skal arbeidast for eit robust og bærekraftig legevaktsamarbeid | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har inngått legesamarbeid med Ålesund kommune på kveld og helg. Dette gjer at vi sikrar god kompetanse knytt til legevakt | |
| Følgje opp vedteken overordna beredskapsplan og heilheitleg ROS-analyse. | <u>Oppnådd:</u><br>- Vi har ein god beredskapsplan der funna i heilskapleg ROS – analyse vert fylgt opp. | 1. Gjennomføre ny heilskapleg ROS – analyse i 2021. I samband med dette vert beredskapsplanen oppdatert og begge dokumenta vert poitisk behandla |

# 7. Utgiftsbehov - prognosemodell på sektornivå

Administrasjonssjefen vurderer det som politisk interessant for kommunestyret å få innsikt i KS sin prognosemodell for kommunane. Denne er også utarbeidd på kommunenivå basert på følgjande faktorar:

- Utvikling i folketal (byggjer på SSB prognosemodell)
  Samanlikna mot utviklinga i landet og Møre og Romsdal
- Kva betydning det vil få for utgiftsbehovet i kommunen innan dei største sektorane

## 7.1. Prognose for utvikling i folketal 2012 – 2030




- Folketal på landsbasis er forventa å ha ein jamn auke i åra framover, men mindre enn rekna med tidlegare. Møre og Romsdal får ein mindre auke enn for landet samla
- Prognosen for Vestnes er ein liten nedgang, men mest uendra folketal. Det stemmer godt med det vi har sett siste åra. Det var ein kortvarig oppgang i folketalet i åra 2012 – 2015, men det var nok grunna asylmottaket i Åsbygda
- Denne prognosen er utgangspunkt for resten av dei oversiktane vi viser vidare.

Viser til kap. 2 der det er meir detaljert informasjon om befolkningsutviklinga i Vestnes siste åra og forventa utvikling framover og då splitta på aldersgrupper.

## 7.2. Utgiftsbehov

Med utgangspunkt i forventa endring i innbyggartal i dei ulike aldersgruppene er det laga prognose på forventa auke/reduksjon i utgiftsbehovet sett opp mot i dag.

**Utgiftsbehov dannar grunnlaget for rammeoverføringane til kommunane.**




- Utgiftsbehovet i Vestnes vil gå ned dei første åra, det har samanheng med stor reduksjon i barnetal. Dette vil gje seg utslag i mindre rammeoverføring
- Etter 2025 vil utgiftsbehovet auke mykje fram mot 2030. Det grunna auke i talet på eldre og at dei er kome i ei aldersgrunne som statistisk vil gje større utgifter for kommunen

### 7.2.1. Pleie- og omsorg




- I pleie- og omsorg vil utgiftsbehovet auke mykje i komande år, auken er like stor som for landet
- Dette grunna at vi har like stor auke i aldersgruppene over 67 år som landsgjennomsnitt. Det er i dei andre aldersgruppene det er mindre auke

### 7.2.2. Grunnskule




- Andel av befolkninga som er i barnehagealder og grunnskulebarn vil gå ned i åra framover. Dette grunna lågare fødselstal enn tidlegare
- Nedgangen vert større i Vestnes enn på landsbasis og utgiftsbehovet vil difor gå meir ned her enn snitt i landet. Dette gjeld spesielt i grunnskulen

### 7.2.3. Barnehage




- Utgiftsbehovet i barnehagesektoren vil gå ned i heile landet fram til 2026, og så auke att litt. Nedgangen skuldast låge fødselstal og andel barn i forhold til totalt innbyggartal går ned
- I Vestnes vil nedgangen bli større enn landsgjennomsnitt, dette grunna at prognosen er større nedgang i fødselstalet i kommunen enn landsgjennomsnitt

### 7.2.4. Endring i utgiftsbehov – fordelt på sektor

| | Endring i utgiftsbehov | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| År | Pleie- og omsorg | Grunnskule | Barnehage | Andre | Totalt for Vestnes |
| 2 021 | 1 887 | -2 933 | -1 879 | -828 | -3 753 |
| 2 022 | 3 834 | -440 | -1 473 | -512 | 1 409 |
| 2 023 | 3 757 | -1 907 | -2 581 | -475 | -1 206 |
| 2 024 | 4 610 | -2 933 | 821 | -297 | 2 201 |
| 2 025 | 3 797 | -2 933 | -821 | -204 | -161 |
| 2 026 | 5 647 | -587 | -1 846 | -48 | 3 166 |
| 2 027 | 7 151 | -2 347 | 59 | -12 | 4 851 |
| 2 028 | 4 672 | -293 | -205 | -56 | 4 118 |
| 2 029 | 4 827 | -2 640 | 205 | -140 | 2 252 |
| 2 030 | 4 327 | -440 | 119 | -157 | 3 849 |




- I åra framover vil utgiftsbehovet i pleie- og omsorg auke mykje, auka startar allereie i 2020 og vil auke kvart år utover i perioden
- I barnehage og grunnskule vil utgiftsbehovet gå ned grunna lågare barnetal

- **Dette viser klart at vi i kommande år må omfordele ressurs frå grunnskule/barnehage til pleie- og omsorg**
- **Vert dette ikkje tatt på alvor, og tidsnok, vil kommunen komme i ei svært alvorleg økonomisk krise ut i økonomiplanperioden**

# 8. ØKONOMIPLAN 2021 – 2024

## 8.1. Økonomiplan - samandrag og tabell

| Alle tal i 1000 kroner | Rekneskap 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftsutgifter | 503 298 | 512 497 | 529 200 | 527 000 | 523 700 | 523 000 |
| Nto. Finans innt./utg. | 29 084 | 32 100 | 38 000 | 40 400 | 40 600 | 43 400 |
| Nto. Avsetninger | | | | | | |
| Sum utgifter | 532 382 | 544 597 | 567 200 | 567 400 | 564 300 | 566 400 |
| Frie disponible inntekter | 526 708 | 544 597 | 567 200 | 567 900 | 566 600 | 565 300 |
| Resultat | -5 674 | 0 | 0 | 500 | 2 300 | -1 100 |
| Bruk av disposisjonsfond | | | 0 | | | -1 100 |
| Avsetning til fond | | | 0 | 500 | 2 300 | |
| Resultat etter fondavs./bruk | | | 0 | 0 | 0 | 0 |

| Resultat i % av driftsinntekter | | | 0 | 0,09 | 0,4 | -0,2 |
|---|---|---|---|---|---|---|

- Budsjett 2021 er første år i økonomiplanperioden. Alle tal i planperioden er i 2021-tal og kan såleis samanliknast

**Kommentarar:**

- **Driftsbudsjett 2021 er svært stramt, slik det har vore dei seinare år. Alle signal frå sentrale myndigheiter tyder på at det vert strammare økonomiske tider for kommunesektoren i åra framover**
- **Sentrale føringar er at kommunesektoren bør ha minst 1,75 % overskott, rekna av brt. driftsinntekter. Vi burde budsjettere med årleg «overskott» på minst 10,0 mill. kr. Vi klarer ikkje å budsjettere overskott i det heile**
- **Driftsnivået er for høgt sett i forhold til det vi disponerer av inntekter**
- Inntektene i økonomiplanen er rimeleg sikre anslag, det er i alle fall ingen signal på at dei vert høgre enn det vi har budsjettert
- Utgiftssida for resten av perioden er meir usikker. Erfaringa er at utgiftene aukar meir enn det vi har rekna med. Vi har, så godt som det er mogeleg, prøvd å lage ein økonomiplan som er realistisk. Det må gjennomførast både effektiviseringstiltak og kutt/innsparingar utover i planperioden dersom skal vi klare å holde drifta i balanse
- Elevtalet i grunnskulen går ned med over 100 barn fram til 2025. Som følgje av dette vert også rammeoverføringane mindre. Ressursbruken i grunnskulesektoren må reduserast skal vi klare å få balanse i økonomien i kommande år. Det er det viktig at ein no gjennomfører føreslåtte strukturendringar i grunnskulen.
- Alle einingar må rekne med å få strammare budsjettrammer i åra framover, oppgåvene til kommunen aukar meir enn det vi får tilført av inntekter

## 8.2. Økonomiplan - inntekter

| Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2019 | Budsjett 2020 | Økonimiplan 2 021 | 2 022 | 2 023 | 2 023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Statlige overføringar | - | | | | | |
| Skatt og inntektsutjamning | 200 330 | 197 776 | 225 000 | 226 000 | 226 000 | 226 000 |
| Rammeoverføring | 179 780 | 197 650 | 195 000 | 196 000 | 197 000 | 198 000 |
| Vertskommunetilskott | 104 750 | 105 500 | 105 200 | 102 400 | 99 600 | 96 800 |
| Integreringstilskott | 11 708 | 10 500 | 10 500 | 10 500 | 10 500 | 10 500 |
| Havbruksfond | 3 218 | 8 000 | 4 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| Komp eldreutb/skule m.m. | 1 564 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| Sum statlege overføringar | 501 350 | 520 926 | 541 200 | 541 400 | 539 600 | 537 800 |
| Eigedomsskatt | 19 711 | 20 000 | 21 500 | 21 500 | 22 000 | 22 000 |
| Utbytte VEAS | 4 900 | 4 700 | 4 500 | 5 000 | 5 000 | 5 500 |
| Sum andre inntekter | 24 611 | 24 700 | 26 000 | 26 500 | 27 000 | 27 500 |
| Sum eksterne inntekter | 525 961 | 545 626 | 567 200 | 567 900 | 566 600 | 565 300 |

* korrigert budsjett etter 3.kv .driftsrapport

| Ressurskr. brukarar | 34 894 | 36 000 | 36 000 | 36 000 | 36 000 | 36 000 |
|---|---|---|---|---|---|---|

### 8.2.1. Skatt/inntektsutjamning og rammeoverføring

Det er teke utgangspunkt i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2021. Vi føreset at skatteinngangen vert like høg i heile økonomiplanperioden som den har vore i 2019 (det er grunnlag for regjeringa si prognose).

Skatteinntektene og rammeoverføringane har vi føresett får ein «reell» auke på 0,5 % pr. år utover i perioden.

### 8.2.2. Vertskommunestilskott

Vertskommunetilskotet redusert med 2,8 mill. kr pr. år. Dette i tråd med nedtrappingsordninga for vertskommunetilskott som gjeld i dag. Administrasjonssjefen føreset at den nedtrappingsordninga som gjeld i dag ikkje vert endra. Den er svært gunstig for kommunar med mange vertskommunebrukarar og lavt innbyggjartal slik som Vestnes kommune.

- **Dersom Stortinget endrar denne ordninga, kan det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune. Dette er kanskje den største og mest usikre faktoren ut i økonomiplanperioden**

### 8.2.3. Utbytte frå VEAS

Tatt utgangspunkt i prognose frå selskapet.

### 8.2.4. Havbruksfondet

Frå 2022 vert det nye regler for utbetaling frå havbruksfondet. Prognosen er at det skal bli nokolunde same utbetaling som tidlegare. Fram til no har det meste vorte utbetalt annakvart år, frå 2022 skal utbetalinga bli nokolunde lik kvart år framover.

**Viser elles til meir utfyllande kommentarar om dei ulike inntektene under kapittelet om driftsbudsjett 2020.**

## 8.3. Økonomiplan - utgifter

| Eining Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Økonomiplan 2 021 | 2 022 | 2 023 | 2 024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisik verksemd | 7 065 | 7 007 | 7 250 | 7 100 | 7 250 | 7 100 |
| Sentraladm./servicektr./fellesutg. | 30 100 | 35 637 | 32 805 | 32 805 | 32 805 | 32 805 |
| Grunnskule | 88 141 | 85 437 | 90 889 | 90 889 | 90 889 | 90 889 |
| - Sparetiltak, spes. ped, rammetimar m.m. | | | -1 000 | | | |
| - Fiksdal skule, to-delt frå haust 2021 | | | -375 | | | |
| - Fiksdal skule lagt ned hausten 2022 | | | | -2 000 | -5 000 | -5 000 |
| Barnehage | 44 562 | 46 505 | 48 570 | 48 570 | 48 570 | 48 570 |
| - ikkje ferieåpen barnehage | | | -500 | -500 | -500 | -500 |
| - Plass berre til dei med lovpålagt rett | | | | -900 | -900 | -900 |
| Kulturskulen, kultur og fritid | 16 029 | 16 422 | 16 102 | 16 102 | 16 102 | 16 102 |
| Kvalufisering og integrering | 10 212 | 9 477 | 9 000 | 9 000 | 9 000 | 9 000 |
| Barn, ungdom og familie | 21 397 | 21 706 | 21 827 | 21 827 | 21 827 | 21 827 |
| Barnevern | 16 762 | 14 500 | 15 500 | 15 500 | 15 500 | 15 500 |
| Helse, omsorg og velferd * | 112 031 | 110 162 | 123 553 | 123 553 | 123 553 | 123 553 |
| - årleg auke i ramma på 1,0 mill. kr | | | | 1 000 | 2 000 | 3 000 |
| Bu- og habiliteringstenestene | 135 659 | 138 716 | 136 672 | 136 672 | 136 672 | 136 672 |
| - årleg reduksjon 1,5 mill. kr | | | | -1 500 | -3 000 | -4 500 |
| Eigedomsdrift | 3 191 | 2 981 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| Teknisk sektor | 15 609 | 15 861 | 17 500 | 17 500 | 17 500 | 17 500 |
| Kjøp tenester Tremek | 2 540 | 2 420 | 2 064 | 2 064 | 2 064 | 2 064 |
| Lønsoppgjer 2021 | | 5 666 | 6 342 | 6 342 | 6 342 | 6 342 |
| Sum driftsutgifter | 503 298 | 512 497 | 529 199 | 527 024 | 523 674 | 523 024 |

**Føresetnader som er lagt inn**

**Utgiftene til dei fleste einingane i åra 2022 – 2024 er som budsjett 2021 dersom ikkje noko anna er nemnt nedanfor**.

Økonomiplan ikkje er bindande anna enn for første året. Det som er føreslått både av reduksjonar og nye tiltak er signal om kva tiltak administrasjonen meiner må gjennomførast i perioden.

### 8.3.1. Grunnskule

Føreset at:

- Vestnes ungdomsskule vert ferdig og kan takast i bruk hausten 2022. Alle ungdomsskuleelevar i kommunen går her. **Merk** at i arbeidet med økonomiplanen har det kome signal om at 2023 er meir realistisk
- elevane frå Tresfjord fortsetter å gå på Helland barneskule også etter at Vestnes ungdomsskule er ferdig. Kva bygget ved Tresfjord skule skal brukast til må avklarast seinare
- elevane ved Fiksdal skule vert overført til Tomrefjord skule frå hausten 2022. Delar av nyaste bygget ved Fiksdal skule kan brukast som tilleggsareal til barnehagen dersom det er behov for det

I økonomiplanen har vi ikkje lagt inn spareeffekt med felles ungdomsskule (sparte klasser). Det ein vil spare her må brukast til delfinansiering av renter og avdrag for utbygginga i grunnskulesektoren.

### 8.3.2. Pleie- og omsorg

År 2021 vert første året med drift av Stella Maris. Som det går fram av årsbudsjett er vi svært usikker på kor store kostnadane vert på drifta, det gjeld både bemanning i omsogssenteret og sjølve drifta av bygget. Året 2021 må brukast til å få erfaring med drift og kostnad.

- **For å markere at pleie- og omsorgssektoren må ha større løyvingar i åra framover, grunna auke i talet på eldre, rår vi til ei årleg auke på 1,0 mill. kr.**

### 8.3.3. Bu- og habiliteringstenestene (også BUF),

Vertskommunetilskottet vert redusert med 2,8 mill. kr pr. år. Det er helt urealistisk å redusere ramma til bu- og habiliteringstenestene med tilsvarande sum.

Det er mange unge, som ikkje er innanfor ansvarsreforma, som no søkjer om kommunal bustad og tenester frå bu- og habiliteringstenestene eller BUF.

Det er og stor auke i utgiftene til brukarar som har behov for ekstra mykje tenester frå desse. Sjølv om vi får dekka delar av kostnaden frå tilskott til ressurskrevjande tenester så vert det ein stor kommunal andel.

- **I økonomiplanen har vi føresett ein reduksjon i ramma til bu- og habiliteringstenestene på 1,5 mill. kr pr. år. Slik utviklinga har vore på dette området seinare år så er nok dette på grensa til urealistisk**

### 8.3.4. Renter og avdrag

| Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | 2 021 | Økonomiplan 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Avdrag, minimumsavdrag | 20 280 | 27 493 | 32 000 | 33 500 | 33 500 | 35 000 |
| Renteutgifter | 11 915 | 7 818 | 9 035 | 9 935 | 10 135 | 11 435 |
| - Kalkulatoriske renter og avdrag | -3 111 | -3 211 | -3 035 | -30 35 | -3 035 | -3 035 |
| Sum netto renter og avdrag | 29 084 | 32 100 | 38 000 | 40 400 | 40 600 | 43 400 |

- Her er lagt inn årlege låneopptak på 20,0 mill. kr. Det betyr at ein må ha svært streng prioritering av investeringstiltaka
- Det er føresett framleis låg rente i heile økonomiplanperioden. På lån med flytande rente har vi budsjettert med 1,0 % i 2020 og svak stigning i perioden til 1,65 % i 2024. Det er i samsvar med Kommunalbanken sine anslag
- Maksimal avdragstid på alle lån, tilpassa lengd på avskrivingstid
- Bygging av Stella Maris starta tidleg i 2019. Vi må utgiftsføre minimumsavdrag allereie i 2020 (året etter byggjestart). Og mykje av auken i avdrag i 2020 og 2021 skuldast dette nybygget. I byggeperioden vert rente på låneopptak belasta investeringsrekneskapen som byggelånsrente. Og rente vert først belasta i 2021, men rentenivået har gått så mykje ned sidan 2019 at nedgangen er større enn den auken vi elles ville fått som følgje av lån på Stella Maris
- Renter og avdrag for skuleutbygging/rehabilitering av skulebygg og lokale til Vestnes kulturskule er ikkje med i denne oversikta då planane enno ikkje ferdig og vi har ikkje kostnadsoverslag
- Ein samla investeringskostnad på t.d. 250,0 mill. kr for desse prosjekta vil gje årleg auke på 6,0 mill. kr i avdrag og med dagens rentenivå 3,0 – 4,0 mill. kr i auka rentekostnad. Men når vi skal vurdere kor mykje ein kan forsvare å auke låneopptak i åra framover må ein rekne med at rentenivået vert høgre enn det som er i dag – minst det doble

## 8.4 Økonomiplan - investeringar

Administrasjon har som målsetting å halde årlege investeringar på eit slikt nivå at dei årlege låneopptaka ikkje vert høgre enn årlege avdrag, helst under.

I økonomiplanperioden føreset vi, som nemnt ovanfor, låneopptak på 20,0 mill. kr pr. år til ordinære investeringar (utanom skuleutbygging).

I perioden fram til 2024 nemner vi følgjande **større** investeringstiltak:

- Stella Maris skal være ferdig og takast i bruk i januar 2021
- Planlegge og starte bygging av ungdomsskule på Helland og meir lokale på Helland barneskule
- Rehabilitere Tomrefjord skule
- Lokale til Vestnes kulturskule

- Nye næringsareal og bustadområde etter behov
- Innføring av Helseplattforma frå 2022. Investerings- og driftskostnader endå usikre.
- Avhengig av utvikling i fødselstalet kan det og bli behov for fleire barnehageplassar. Dersom vi skulle få eit år med høgt fødselstal, må det på kort varsel skaffast fleire barnehageplassar. Her må ein også vurdere om det er interesse for friluftsbarnehage
- I tillegg mange andre mindre investeringar

Utanom det er det ikkje rom til større investeringar i planperioden.

- **Siste åra har vi prioritert utbygging innan pleie- og omsorg, i kommande økonomiplanperiode må vi prioriter skuleutbygging/rehabilitering**

## 8.5 Økonomiske måltal

Budsjettforslaget for planperioden 2021 – 2024 vil ha følgjande konsekvensar for kommunen sine finansielle måltal:

- **Netto driftsresultat**, budsjettet er lagt fram i balanse. Vi har diverre ikkje greidd å innarbeide tiltak i driftsbudsjett for 2021 slik at det viser eit positivt netto driftsresultat. I åra 2022 og 2023 er det eit lite mindreforbruk. Ein bør ha som klar målsetting at ein i kommande år må få til eit høgre positivt driftsresultat. Måltal frå sentralt hald er 1,75 % av driftsinntekter, det vil sei ca. 10,0 mill. kr for Vestnes kommune
- **Gjeldsgrad**, budsjettforslaget slik det ligg føre vil ikkje endre kommunen sin gjeldsgrad særleg. Utan andre investeringar enn det som er føreslått i 2021 vil gjeldsgraden gå ned grunna tilskota til Helsehuset Stella Maris. Med evt større investeringar innan skulesektoren i 2021 eller seinare år vil gjeldsgraden halde seg høg, kring 120% av brutto driftsinntekter
- **Disposisjonsfond**, det er ikkje budsjettert med avsetning til eller bruk av disposisjonsfond i 2021. Kommunen vil framleis ha små reservar til å møte uventa utgifter eller inntektsbortfall. Disposisjonsfond i dag er 8,3 mill. kr. I fall underskott i år kan heile disposisjonsfondet gå med til å dekke underskotet.

# 9. DRIFTSBUDSJETT 2021

## 9.1. Hovudoversikt 2021

| Alle tal i 1000 kroner | Rekneskap 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 |
|---|---|---|---|
| Driftsutgifter | 503 298 | 512 497 | 529 200 |
| Nto. Finans innt./utg. | 29 084 | 32 100 | 38 000 |
| Nto. Avsetninger | | | |
| Sum utgifter | 532 382 | 544 597 | 567 200 |
| Frie disponible inntekter | 526 708 | 544 597 | 567 200 |
| Resultat | -5 674 | 0 | 0 |

- I 2019 hadde vi eit negativt netto driftsresultatpå 5,7 mill. kr.
- I 2020 er det budsjettert med eit resultat i balanse, men iflg. driftsrapport pr. 3. kvartal i år vert det antyda at vi ligg an til eit meirforbruk på mellom 7,0 til 10,0 mill. kr.
- Budsjettframlegg 2021 vert lagt fram i balanse, vi har diverre ikkje funne rom for rå til tiltak som gjer at vi kan budsjettere med eit positivt resultat

## 9.2. Driftsinntekter 2021

| Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2019 | Budsjett * 2020 | Budsjett 2 021 |
|---|---|---|---|
| Statlige overføringar | - | | |
| Skatt og inntektsutjamning | 200 330 | 197 776 | 225 000 |
| Rammeoverføring | 179 780 | 197 650 | 195 000 |
| Vertskommunetilskott | 104 750 | 105 500 | 105 200 |
| Integreringstilskott | 11 708 | 10 500 | 10 500 |
| Havbruksfond | 3 218 | 8 000 | 4 000 |
| Komp eldreutb/skule m.m. | 1 564 | 1 500 | 1 500 |
| Sum statlege overføringar | 501 350 | 520 926 | 541 200 |
| Eigedomsskatt | 19 711 | 20 000 | 21 500 |
| Utbytte VEAS | 4 900 | 4 700 | 4 500 |
| Sum andre inntekter | 24 611 | 24 700 | 26 000 |
| | | | |
| Sum eksterne inntekter | 525 961 | 545 626 | 567 200 |

* korrigert budsjett etter 3.kv .driftsrapport

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ressurskr. Brukarar | 34 894 | 36 000 | 36 000 |

I rammeoverføringane for 2020 er også med ekstra Covid-19 tilskot, ca. 9,8 mill. kr, samanlikningsgrunnlaget mot 2021 er såleis rammeoverføring på 187,3 mill. kr.

Auken i frie inntekter (rammeoverføring og skatt) i 2021 er om lag 35,0 mill. kr, av dette er ca. 25,0 mill. kr nye innbyggjarar i Vågstranda/Hjelvika.

**Vi har no fått melding om at vi får ekstra 5,7 mill. kr i rammeoverføring til å dekke korona utgifter/tapte inntekter i 2021, og kanskje også meir i skjønsmidlar.**

**Vi har ikkje budsjettert med desse utgiftene og tek difor ikkje med verken inntekter eller utgifter i budsjettsaka. Vi føreset at ekstra inntekter vert tilsvarande ekstra utgifter, og korrigerer budsjettet for dette seinare.**

### 9.2.1. Rammeoverføring

Rammeoverføringane er i hovudsak samansett av følgjande element:

| Alle tal i 1000 kroner | 2020 | 2021 | Endring 2020 -2021 |
|---|---|---|---|
| **Innbyggjartilskott** | **164 222*** | **172 463** | **8 241** |
| **Utgiftsutjamning** | **8 714** | **13 954** | **5 240** |
| **Distriktstilskott** | **5 280** | **5 716** | **436** |
| **Skjønn** | **4 600** | **4 200** | **-400** |
| **Diverse** | **4 462** | **-1 696** | **-6 158** |
| **Sum** | **187 278** | **194 637** | **7 359** |

* eks. Korona tilskott og ekstra vedlikehaldstilskott i 2020

- Kriteria som rammeoverføringane vert fordelt etter vert revidert/justert med visse mellomrom
- Vestnes kommune kom «heldig» frå endring av i inntektssystemet som gjaldt frå 2017, neste endring vert truleg i 2022, kanskje ikkje gjeldande før 2023
- Då er mange kommunar slått saman og det er vorte mange større kommunar. Vi kan frykte at det kan gje uheldig utslag for oss ved neste revidering

### 9.2.2. Innbyggjartilskottet

Er hovuddelen i rammeoverføringa. Her får alle kommunar ein lik sum pr. innbyggjar. Tilskott pr. innbyggjar i 2021 er kr 24.761,-.

### 9.2.3. Utgiftsutjamning

Er omfordeling mellom kommunane som følgje av forventa ulikt utgiftsbehov. Med grunnlag i eit sett kriterier vert det fastsett ein indeks for utgiftsbehovet i kvar kommune. Er indeksen høgre enn landsgjennomsnittet, får kommunen kompensert delar av dette ved utgiftsutjamning, og motsett er dersom kommunen er rimelegare å drive enn snittet, då vert ein trekt. Aldersfordelinga av innbyggjarane veg mykje her.

Vestnes vert også trekt for elevar som går på privatskule, **6,8 mill. kr for 2021**, kr 105.600,- pr. elev.

Vestnes har alltid lagt noko over snittet på indeksen for utgiftsbehov og fått ekstra kompensasjon. (Indeks 1,0 er likt landsgjennomsnitt. Ved høgre indeks får vi tillegg og ved mindre enn 1,0 vert vi trekt).

| År | Indeks |
|---|---|
| 2013 | 1,0223 |
| 2014 | 1,0158 |
| 2015 | 1,0050 |
| 2016 | 1,0149 |
| 2017 | 1,0250 |
| 2018 | 1,0341 |
| 2019 | 1,0391 |
| 2020 | 1,0336 |
| 2021 | 1,0356 |

- Reduksjonen i indeksen fram til 2016 har nok mykje samanheng med endring i alderssamansetjing, nedgang spesielt i barnegruppa
- Auken etter 2017 har m.a. samanheng med endringa/revidering av kriteria for rammeoverføring som vart gjeldande frå 2017. Vestnes kommune kom godt ut av det. I tillegg aukar indeksen for dei eldste aldersgruppene
- Kostnadsindeksen for 2021 er 1,0356, det betyr at det er 3,6% dyrare å drive Vestnes kommune enn landsgjennomsnitt og det får vi 13,9 mill. kr ekstra for i rammeoverføringa

Som nemnt tidlegare betyr alderssamansetjinga mykje for kostnadsindeksen. Unge og eldre veg svært høgt, og aldersgruppa 20 – 67 år mindre.

Ser vi på nokre av dei "tunge" kriteria viser dei følgjande tal for Vestnes:

| | Indeks | Tillegg/ Frådrag |
|---|---|---|
| Barn 0 år - 1 år | 0,9343 | -142 000 |
| Barn 2 år - 5 år | 0,8878 | -6 001 000 |
| Barn 6 år - 15 år | 0,9589 | -4 237 000 |
| Innb. 67 år - 79 år | 1,2191 | 4 915 000 |
| Innb. 80 år - 89 år | 1,2566 | 7 860 000 |
| Ikkje gifte over 67 år | 1,1923 | 3 501 000 |
| over 89 år | 1,1439 | 2 218 000 |
| PU over 16 år | 1,2940 | 5 731 000 |

Vestnes vert trekt grunna lågare tal barn enn landsgjennomsnitt og får ekstra midlar fordi det er over gjennomsnittet i dei eldste aldersgruppene. Vi har også ein stor andel psykisk utviklingshemma (ekskl. ansvarsreforma).

### 9.2.4. Distriktstilskott

Vert gitt til kommunar i Sør-Norge med svak samfunnsmessig utvikling. Tilskotet varierer etter verdien på distriktsindeksen. Distriktsindeksen viser graden av distriktsutfordringar. Indeksen blir berekna ved at kommunane får ein verdi mellom 0 og 100.

Kommunar med dei lågaste verdiane har dei største distriktsutfordringane.

Distriktstilskottet blir større tilskot dess lågare indeksen er. Økonomisk kan det difor sjå ut til å vere ein fordel å komme dårleg ut på distriktsindeksen, men samstundes gjev det uttrykk for utfordringar, altså befolkingsnedgang, marknadsutfordringar og lav sentralitet.

Vestnes gjekk ned i indeks utarbeidd for 2018, og dette gav dermed større tilskott. Same indeks er også brukt ved tildeling av midlar for 2019 til 2021. Det er varsla gjennomgang og evt. endring i kriteria for utrekning av distriktsindeksen, kanskje frå 2022.

Vestnes har i dag ein indeks på 41,0. Signal er at indeksen for Vestnes vil auke og dermed redusert tilskot.

### 9.2.5. Skatteinntekter og inntektsutjamning

Desse må vi sjå ilag då dei vert samordna.

Vestnes kommune har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet, og vert rekna som minsteinntektskommune. Siste to åra har skatteinngangen i Vestnes auka, truleg grunna mange leigearbeidarar, og vi ligg på 96,0 av landsgjennomsnittet.

Skatt vert fordelt etter talet på innbyggjarar i kommunen, skal vi få behalde skatt som leigearbeidarane betaler inn må dei vere busett i Vestnes. Difor er busetting i kommunen svært viktig og det som kan gje auke i både rammeoverføring og skatteinntekter.

Delar av den mindreinntekta vi har på skatteinntekter får vi kompensert ved inntektsutjamning. Dersom skatteinntektene aukar mindre enn landsgjennomsnittet, får vi kompensert delar av dette ved auka inntektsutjamning. Motsett, dersom skatteinntektene våre aukar meir enn landsgjennomsnittet, vert kommunen trekt.

- **Skatteinntektene for Vestnes er difor helt avhengig av utviklinga av skatteinntektene på landsbasis, og innbyggjartal i kommunen**
- **Vi føreset at skatteinngangen i Vestnes fortset å være høg i heile økonomiplanperioden. Skatt- og inntektsutjamning er budsjettert som antyda i framlegg til statsbudsjett 2021**
- **Budsjettert skatteinntekt er basert på innbyggartal pr. 01.07.20 (innbyggjarar I Vågstranda og Hjelvika er medrekna). Det er derimot innbyggartal pr 01.01.21 som er utgangspunkt for skatteinntektene i 2021. Vi føreset at innbyggartalet ikkje går ned fram til då**

### 9.2.6. Skjønnstilskot

Er ekstra tilskot som Fylkesmannen fordeler. Vestnes kommune er ein av kommunane i Møre og Romsdal som får mest i skjønsmidlar, berre Ålesund får meir. Årsaka er at vi får kompensert for store utgifter i barnevern og ressurskrevjande brukarar.

### 9.2.7. Eigedomsskatt

Kommunestyret vedtok i møte 31.10.19, sak KST 108/19 at skattesatsen skulle være uforandra på 4 promille i 2020, og at ein skal gå over til å nytte Skatteetatens formuegrunnlag som takstgrunnlag, ved utskriving av eigedomsskatt for bustadar frå og med 2020.

Frå 2021 får vi også eigedomsskatt frå Vågstranda, vi reknar med i overkant av ein mill. kr ekstra for dette.

- **Budsjetterer med 4 promille, og samla inntekt på 21,5 mill. kr.**

### 9.2.8. Vertskommunetilskott

I 2020 er vertskommunetilskottet på 105,5 mill. kr. Det er teljing av brukarar kvart år og tilskottet skal reduserast årleg i takt med reduksjon i talet på brukarar.

Regelverket for reduksjon av vertskommunetilskottet er no slik at ingen kommune skal ha større årleg reduksjon i tilskottet enn kr 400,- pr. innbyggjar. Vi får difor årleg reduksjon på 2,8 mill. kr.

Vi har hatt mange dødsfall dei siste åra og ut frå denne nedtrappingsordninga vert Vestnes ikkje trekt så mykje som fråfall av brukarar skulle tilseie. Vestnes er difor ein av dei kommunane i landet som får mest i tilskott pr. brukar.

- **Dette er ei svært gunstig ordning for dei vertskommunane som har mange brukarar og lite folketal, slik som Vestnes. Dersom Stortinget endrar denne ordninga, kan det få betydeleg negativt utslag for Vestnes kommune**

### 9.2.9. Havbruksfond

I år vart det utbetalt 2,25 milliardar frå fondet, Vestnes fekk 6,2 mill. kr.  Det vert utbetalt 1,0 milliard i 2021, og då får vi også medrekna anlegga i Vågstranda/Hjelevika.

- **Vi budsjetterer med 4,0 mill. kr.**

## 9.3. Bruk av midlar - driftsutgifter 2021

Driftsutgiftene er utarbeidd med **grunnlag i dagens drift**, korrigert for løns- og prisauke, og tilpassa til dei inntektsrammer som administrasjonssjefen gjer framlegg om i pkt. 8.1.

### 9.3.1. Fordeling av driftsutgiftene

| Eining Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjett 2 021 |
|---|---|---|---|
| Politisik verksemd | 7 065 | 7 007 | 7 250 |
| Sentraladm./servicektr./fellesutg. | 30 100 | 35 637 | 32 805 |
| Grunnskule | 88 141 | 85 437 | 89 514 |
| Barnehage | 44 562 | 46 505 | 48 070 |
| Kulturskulen, kultur og fritid | 16 029 | 16 422 | 16 102 |
| Kvalufisering og integrering | 10 212 | 9 477 | 9 000 |
| Barn, ungdom og familie | 21 397 | 21 706 | 21 827 |
| Barnevern | 16 762 | 14 500 | 15 500 |
| Helse, omsorg og velferd * | 112 031 | 110 162 | 123 553 |
| Bu- og habiliteringstenestene | 135 659 | 138 716 | 136 672 |
| Eigedomsdrift | 3 191 | 2 981 | 3 000 |
| Teknisk sektor | 15 609 | 15 861 | 17 500 |
| Kjøp tenester Tremek | 2 540 | 2 420 | 2 064 |
| Lønsoppgjer 2021 | | 5 666 | 6 342 |
| Sum driftsutgifter | 503 298 | 512 497 | 529 199 |

* eks. tilskott til ressurskrevjande brukarar

- Driftsutgiftene aukar med 18,5 mill. kr, eller 3,6 % frå 2020. Dette er litt meir enn løns- og prisauke, årsaka er at innbyggjartalet i kommunen auka med 6,4% frå nyttår når vi overtek Vågstranda/Hjelvika
- For å få budsjettframlegg i balanse har administrasjonen måtte føreslå sparetiltak på dei fleste område. Det må arbeidast vidare med kva tiltak ein må gjennomføre for å dekke inn desse summane. For dei fleste områda betyr det at ein må redusere personalbruken
- Føreslått budsjett til einingane er svært stramt. Det er etter administrasjonssjefen si vurdering på grensa (og kanskje over ) til det som kan reknast som realistisk. Og det vert krevjande å halde tildelte rammer. Vi må difor arbeide kontinuerleg med tiltak
- Det er avsett 6,5 mill. kr til å dekke det sentrale lønsoppgjeret i 2020 og 2021. Dette skal dekke lønstillegg gitt i 2020, men ikkje innarbeidd i budsjettframlegget, og kan dekke eit lønstillegg på 2,0 % frå 01.05.21. Dette er mindre enn det KS antyda at lønstillegg vert
- Pensjonsutgiftene i budsjett til einingane er sett til 13,5 %, tidlegare år budsjettert med 15,0 til 16%. Det vert ingen reservepost her slik det har vore siste åra.
- Det er ikkje reserver til å dekke uforutsette utgifter som evt. må komme i 2021.

## 9.3.2. Einingane sin netto del av budsjett 2021

| Sektor | Budsjett 2021 | Andel i % |
|---|---|---|
| Politisk verksemd | 7 250 | 1,3 |
| Sentraladm./serv.kt./fellesutg | 32 647 | 5,9 |
| Grunnskule | 89 514 | 16,1 |
| Barnehagar | 48 070 | 8,6 |
| Kulturskulen, almen kultur og fritid | 16 102 | 2,9 |
| Barn, ungdom, familie og barnevern | 37 327 | 6,7 |
| Helse, omsorg, velferd | 159 553 | 28,7 |
| Bu- og habiliteringstenesta | 136 672 | 24,6 |
| Eigedomsdrift | 3 000 | 0,5 |
| Tekniske tenester | 17 500 | 3,1 |
| Kvalifisering og integrering | 9 000 | 1,6 |
| Sum driftsutgifter | 556 635 | 100 |



- Helse, omsorg og velferd er den største sektoren med vel 28,7% av budsjettramma tett fylgt av Bu- og habiliteringstenestene med vel 24,6 %
- Desse sektorane utgjer helse- og sosialsektoren og bruker over halve budsjettet. At denne sektoren er så stor skuldast sjølvsagt at Vestnes er vertskommune etter HVPU-reforma.
- Grunnskuledrift og barnehage er dei andre store sektorane, med 24,6%.
- Dei store sektorane som er nemnt ovanfor disponerer 78 % av budsjettramma
- Resten av sektorane er små i denne samanheng. Dette er også grunnen til at når vi må redusere driftsrammene så er det alltid helse og omsorg, skule og barnehage som vert nemnt først
- Det er her størstedelen av budsjettet ligg og skal ein redusere, må desse sektorane ta mykje
- Løn- og sosiale kostnadar er den klart største utgiftsposten og utgjer over 71% av samla utgifter. For mange sektorar utgjer løn og sosiale utgifter langt høgre del, nemner skule 89%, barnehage 91% og bu- og habiliteringstenestene nesten 95%

### 9.3.3. Renter og avdrag

Renter og avdrag utgjer ein vesentleg del av kommunen sine utgifter.
Renta har variert mykje siste 10 åra. Før vi gjekk inn på fastrenteavtale på delar av låna våre endra kommunen sine renteutgifter seg i takt med rentenivået. Siste åra har rentenivået vore stabilt lågt. Signal er at rente framleis vil være låg i mange år framover.

**Rentesats**

Vi har pr. i dag fast rente på 181,7 mill. kr av låna våre. Renta varierer frå 1,7 % til 1,84 %.
Frå 01.02.21 vert lån på Stella Maris, 234,0 mill. kr, gjort om til fastrentelån på 8 år, rentesats 2,65%.
Flytande rente på resten, her har vi budsjettert med 1,0 % rente.

**Lånegjeld**

Lånegjeld pr. 30.09.20 var 502,8 mill. kr, dette er t.d. byggelånet til Stella Maris som pr. i dag er 346,0 mill.kr.

**I budsjettet har vi rekna med eit låneopptak på 20,0 mill. kr til ordinære investeringar i 2021, i tillegg 12,0 mill. kr til oppgjer med Rauma kommune i forbindelse med overtaking av verdiar på Vågstranda/Hjelvika.**

**Vi må holde låneopptaka til investeringar så lågt som mogeleg i åra framover, og helst ikkje høgre enn det vi betaler i årlege avdrag.**

**Dei store investeringstiltaka som Vestnes ungdomsskule, rehabilitering av skulebygg ved Helland barneskule og Tomrefjord skule i tillegg til Vestnes kulturskule vil komme i tillegg. Dette frå 2022 i åra utover.**

**Det er budsjettert med følgande i renter og avdrag:**

| Alle tal i 1000 kr | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjett 2 021 |
|---|---|---|---|
| Avdrag, minimumsavdrag | 20 280 | 27 493 | 32 000 |
| Renteutgifter | 11 915 | 7 818 | 9 035 |
| - Kalkulatoriske renter og avdrag | -3 111 | -3 211 | -3 035 |
| Sum netto renter og avdrag | 29 084 | 32 100 | 38 000 |

- **Vi har maksimal avdragstid på låna våre, rundt 25 år. Avdrag vert budsjettert tilsvarande det som er utrekna som minimumsavdrag.**
- **Startlån utgjer 41,6 mill. kr.**
- **Om lag 120 mill. kr av gjelda er knytt til tiltak der vi har rentekompensasjon /-inndekning og også delvis avdragskompensasjon. Dette gjeld m.a. startlån og VAR -områda/sjølvkost og tiltakspakkar innan eldreomsorg, skule og kyrkje.**
- **Med mykje lån med fast rente og nemnde rentekompensasjon er ikkje Vestnes kommune så sårbar for evt. store endringar i rentenivå som i 2008 då renta brått auka mykje.**

### 9.3.4. Startlån

Vedtak om opptak av startlån vert no lagt til årsbudsjettet. Kommunen har hittil i år behandla 16 saker med søknad om startlån, 10 er innvilga, 2 avslag, 2 avslutta grunna manglande dokumentasjon og 2 er framleis under behandling. Låneopptak i 2020 er til saman 12 mill. kr. Først vedteke 4 mill. deretter 8 mill. seinare på året.

- **Administrasjonssjefen går inn for at ein tek opp 20 mill. kr i startlån i 2021, noko som vil vere eit løft samanlikna med tidlegare år. Vi ser at behovet for startlån aukar og ut frå tidlegare års søknadar vil 20 mill. dekke behovet og gjev rom for ytterlegare behov**

### 9.3.5. Pensjonsutgifter

Pensjonskostnadene utgjer ein stor del av driftsutgiftene. Dei kan variere ein del frå år til år. Storleiken på årlege lønsoppgjer og trygdeoppgjer spelar ei rolle her m.h.t. framtidige forpliktingar til trygde/pensjonsutbetalingar.

Signal frå KLP er at utgiftene vert redusert i 2020 grunna lågt lønsoppgjer og trygdeoppgjer, men at ein i 2021 og kommande år vil ligge på same nivå som det har vore siste åra.

Tidlegare år har vi budsjettert med eit påslag på 15,0 – 16,0 %, resultatet har vorte litt mindre og vi har då hatt ein «reservesum» i budsjettet.

- **Vi har ikkje ramme til å budsjettere slik for 2021, på dei fleste einingane er det budsjettert med 13,5 %. Det tilsvarar det som vart faktisk resultat i 2019. Dette er stram budsjettering og vi kan ikkje rekne med noko innsparing slik det har vore siste åra**

### 9.3.6. Avsett til lønsoppgjer

Det er budsjettert med lønsregulativ gjeldande pr. 01.05.19. Lønstillegg gjeldande frå 01.09.20 var ikkje avklart då vi starta budsjettarbeidet. Lønsoverheng frå 2020 til 2021 er difor ikkje medrekna i budsjetta til einingane.

Tillegga i år var små slik at lønsoverhenget utgjer berre 1,0 mill. kr inkl. sos. avgifter. Dette må dekkast av avsett sum til lønsoppgjer 2021.

Det er stor usikkerheit omkring lønstillegg i 2021, lite overheng frå i år kan tyde på høgare tillegg i 2021. Motsett kan framleis høg arbeidsledigheit, Covid-19 og konjekturnedgang gje lite tillegg. Mykje vil og avhenge av kor stor prisauken vert.

- **Det er avsett 6,5 mill. kr til å dekke ekstra lønskostnader som ikkje er innarbeidd i einingane sine budsjett**
- **Det skal dekke lønsoppgjer 2020 1,0 mill. kr samt lønstillegg i 2021**
- **Avsett sum kan dekke eit tillegg på 2,0 % frå 01.05.20. Summen burde vore større, men vi har ikkje meir til disposisjon**

## 9.4. Kommentarar til einingane sine driftsbudsjett 2021

### 9.4.1. Politisk styring

| Alle tal i 1000 kroner | Regnskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| Ordførar | 1 073 | 1 542 | 1 492 | | 1 492 |
| Politiske styringsorgan | 2 988 | 2 418 | 2 592 | | 2 592 |
| Politisk støttefunksjon | 216 | 354 | 301 | | 301 |
| Tiltaksarbeid | 1 021 | 1 000 | 1 036 | | 1 036 |
| Reiselivsretta verksemd | 270 | 290 | 280 | | 280 |
| Beredskap | 363 | 380 | 376 | | 376 |
| Kontrollutval og Revisjon | 1 133 | 1 023 | 1 132 | 9 | 1 123 |
| Organisasjonsgjennomgang | | | 300 | | 300 |
| - Sparetiltak | | | -250 | | -250 |
| Politisk styring | 7 064 | 7 007 | 7 259 | 9 | 7 250 |

**Opplysningar:**

På ansvar «politiske styringsorgan» er det i tillegg til godtgjersle til varaordførar, leiar i planutval, møtegodtgjersle til alle politiske møte, også budsjettert ein del kontingentar

- KS kontingent, inkl. FOU kr 395.000,-
- Sunnmøre regionråd kr 140.000,-
- ROR kr 160.000,-
- Nynorsk kommunar kr 18.000,-
- KS eigedomsforum kr 13.000,-
- LVSH kr 12.000,-
- Nettverk fjord- og kystkommunar kr 37.000,-
- Ålesund lufthavn kr 25.000,-

**Tiltaksarbeid**

- Vestnes Næringsforum kr 770.000,-
- Gassror IKS kr 266.000,-
- Visit Nordmøre og Romsdal AS kr 240.000,-

**I økonomiplanen var det for 2021 føreslått følgjande tiltak:**

- Utmelding av Visit Nordmøre og Romsdal frå 2021 sparesum kr 240.000,- pr. år
  Kommunestyre gjorde i sak KST 48/20 vedtak om at ein skulle halde fram med medlemskapet
- Redusert tilskott til Vestnes Næringsforum frå 2021 sparesum kr 250.000,- pr. år
  Dette tiltaket er ikkje heller ikkje tatt med i budsjett 2021.
- Det er føresett eit sparetiltak på kr 250.000,-, korleis dette skal inndekkast må ein komme tilbake til seinare.

## 9.4.2. Sentraladministrasjon og fellesutgifter

| Alle tal i 1000 kroner | Regnskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| **Administrasjonssjefen** | 8 573 | 8 749 | **8 841** | **15** | **8 826** |
| **Rekneskap** | 1 476 | 1 692 | **2 325** | **574** | **1 751** |
| **Skatt** | 802 | 1 056 | **0** | | **0** |
| **Løn** | 1 645 | 1 415 | **1 801** | **286** | **1 515** |
| **Personal** | 1 397 | 1 575 | **1 581** | **25** | **1 556** |
| **Servicekontor** | 2 649 | 2 766 | **3 626** | **887** | **2 739** |
| **Sparetiltak 4%** | | | **-600** | | **-600** |
| **Sentraladministrasjonen** | 16 542 | 17 253 | **17 574** | **1 787** | **15 787** |
| | | | | | |
| **Fellesutgifter** | 5 703 | 3 464 | **6 034** | **446** | **5 588** |
| **Utgifter hovudtillitsvalt** | 1 493 | 1 338 | **1 539** | **200** | **1 339** |
| **Hovudverneombud** | 66 | 134 | **136** | **3** | **133** |
| **Bedriftshelseteneste** | 313 | 300 | **300** | | **300** |
| **Lærlingar** | 785 | 851 | **1 106** | **310** | **796** |
| **IKT-ROR samarbeid** | 7 339 | 9 170 | **9 257** | **45** | **9 212** |
| **Covid-19** | | 3 135 | | | |
| **Sparetilak 2%** | | | **-350** | | **-350** |
| **Fellesutgifter** | 15 699 | 18 392 | **18 022** | **1 004** | **17 018** |
| | | | | | |
| **Sum** | **32 241** | **35 645** | **35 596** | **2 791** | **32 805** |

**Opplysningar**

- Skatteoppkrevjaroppgåva vart overført frå kommunane til staten frå 01.11.20. Det er årsak til at det ikkje vert utgifter på det området i 2020
- I 2020 er det på fellesutgiftene inntektsført ei innsparing på 1,9 mill. kr grunna redusert arbeidsgjevaravgift i ein periode (Covid-19 tiltak). Det er grunnen til at desse utgiftene aukar så mykje frå 2020 til 2021

Ansvar «Fellesutgifter», som gjeld heile kommunens drift, inneheld m.a. følgjande utgifter:

- Krisesenter kr 1.479.000,-
- Porto, telefon, frakt kr 330.000,-
- Intern husleige kommunehus og bibliotek kr 1.251.000,-
- IKA - interkommunalt arkiv kr 263.000,-
- Risk manager, årleg avgift (avviksystem) kr 100.000,-
- Personvernombod, IKA kr 75.000,-
- Innkjøpssamarbeid me Ålesund kommune kr 115.000,-

I tillegg til dette, er det kontingentar og avgifter til ei rekkje fellesformål, felles lisensar for heile kommunen, leige av kopimaskiner m.m..

**Sparetiltak**

**Sentraladministrasjonen**, redusert bruk av overtid, vakanse i stillingar, redusere vikarbruk.

**Fellesutgiftene**, mykje av desse er «fast», dvs. at det er tenester vi kjøper utanfor kommunen. Gjennomgang av lisensar og ta vekk dei som ikkje er i bruk vil gi klare innsparingar. Vurdere å ta vekk kaffimaskiner på  kommunehuset.

## 9.4.3. Grunnskule

| Alle tal i 1000 kroner | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| Fiksdal skule og SFO | 6 064 | 6 337 | 6 265 | 629 | 5 636 |
| Tomrefjord skule og SFO | 26 800 | 25 485 | 26 563 | 2 250 | 24 313 |
| Helland skule og SFO | 37 886 | 38 151 | 32 365 | 3 902 | 28 463 |
| Tresfjord skule og SFO | 4 536 | 3 326 | 0 | | 0 |
| Helland ungdomsskule | 0 | 0 | 17 879 | 986 | 16 893 |
| Fellesutgifter skule/Tøndergård skule | 12 855 | 9 004 | 12 358 | 625 | 11 733 |
| PPT | 2 539 | 3 134 | 4 606 | 1 868 | 2 738 |
| Kjøp elevplassar i Rauma | | | 1 113 | | 1 113 |
| Reduksjonar | | | | | 0 |
| - Prosjekt spes. Ped, andre tiltak | | | -1 000 | | -1 000 |
| - Fiksdal, 2-delt skule frå haust 21 | | | -375 | | -375 |
| Sum grunnskuledriftt | 90 680 | 85 437 | 99 774 | 10 260 | 89 514 |

- I sist vedtekne økonomiplan for 2021 -2022, var eit av tiltaka at Fiksdal skule skulle leggast ned frå hausten 2021. Innsparing på 2,0 mill. kr i 2021 og 5,0 mill. kr på årsbasis.
- I sak 143/19 pkt. 5 (same møte som økonomiplan vart vedtatt) gjorde kommunestyre følgjande vedtak.
  ***Vedtak om framhald eller nedlegging av Tresfjord og Fiksdal skular vert teke når ny ungdomsskule er nær realisering.***

Vedtaka er motstridande, administrasjonssjefen gjer framlegg om at ein ikkje legg ned Fiksdal skule hausten 2021, men venter til når Vestnes ungdomsskule er ferdig.

I staden vert det foreslått sparetiltak som alle skulane må være med å dekke. I praksis må reduksjonen takast i reduksjon i ant. lærartimar skulane kan bruke.
**Alternativet til felles sparetiltak er nedlegging av Fiksdal skule frå haust 2021.**

**Opplysningar:**

Ansvar «Fellesutgifter» består stort sett av følgjande:

| | |
|---|---|
| - Skuleskyss | kr 3.300.000,-- |
| - Utg. spes. ped elevar som går ved Vike friskule | kr 3.000.000,- |
| - Kjøp tenester PPT | kr 365.000,- |
| - Utg. for barn for barn som er plassert i fosterheim/spesialskule | kr 4.200.000,- |
| - IKT utstyr (vart tidlegare ført på inv. Budsjett) | kr 300.000,- |

**Sparetiltak:**

- Redusere rammetimar ved alle skulane der dei ligg over lovpålagde timar. Alternativet er å legge ned Fiksdal skule frå hausen 2021
- Prosjekt Spesialundervisning: Vi ligg i dag høgt knytt til bruk av spesialundervisning. Prosjektet tek sikte på å sjå på om det er andre måtar å arbeide på som gjer at vi gir betre tenester og at vi dermed minskar behovet for spesialundervisning. Dette vil eventuelt ikkje gi dei store innsparingane i 2021 da dette er førebyggande arbeid som tek tid realisere. Derimot vil det kunne gi større innsparing i økonomiplanperioden
- Prosjekt «Få elevane heim» ser vi på om det er noko å hente frå eit økonomisk perspektiv, men også knytt til eit elevperspektiv med å bygge opp/tilby undervisning i heimkommunen i staden for vi kjøper tenestene med andre kommunar. Vil truleg ikkje ha gevinst her i 2021, men eventuelt i løpet av økonomiplanperioden

## 9.4.4. Barnehage

| Alle tal i 1000 kr | Regnskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2020 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| Tomrefjord barnehage | 4 855 | 4 614 | 6 181 | 1 687 | 4 494 |
| Tresfjord barnehage | 3 746 | 3 767 | 4 906 | 1 230 | 3 676 |
| Helland barnehage | 15 876 | 16 199 | 21 636 | 5 314 | 16 322 |
| Fiksdal barnehage | 2 823 | 2 842 | 3 772 | 1 079 | 2 693 |
| Gardstunet barnehage | 4 710 | 4 573 | 5 779 | 1 489 | 4 290 |
| Vågstranda barnehage | 0 | 0 | 2 342 | 572 | 1 770 |
| Tilskot private barnehagar | 11 241 | 11 728 | 12 000 | | 12 000 |
| Fellesutgifter barnehage | 1 311 | 2 782 | 2 625 | | 2 625 |
| Redusert foreldrebetaling | | | 700 | | 700 |
| Ikkje ferieåpne barnehagar | | | -500 | | -500 |
| Sum barnehagedrift | 44 562 | 46 505 | 59 441 | 11 371 | 48 070 |

**Opplysningar**

- Tal på årsverk er auka frå 57,6 i 2020 til 61,6 i 2021. Vågstranda barnehage utgjer 3,25 av dette. Antall barn er 248, ein auke på 20, av dette 12 på Vågstranda
- Ikkje lagt inn ressursar i budsjettet for å dekke vikarinntak ved ubunden tid. Utdanna barnehagelærar har rett på 4 timar ubunden tid pr. veke. Det må dekkast innanfor ordinær tid
- Foreldrebetaling er utrekna etter satsane i framlegg til statsbudsjett 2021
- Foreldre med familieinntekt under viss størrelse har rett til redusert foreldrebetaling, vi reknar med at det utgjer kr 700 000,-
- Fellesutgiftene utgjer i hovudsak:
  - Ekstra tilskott til spes. ped. i barnehagane og ekstra bemanning barn til barn med helsemessige behov kr 1.200.000,-
  - Kjøp tenester frå PPT kr 1.100.000,-

- I 2020 var det sommaropent. Det var også ei prøveordning der barna tok 3 vekers ferie i staden for 4 samanhengande. Kostnad var antyda å bli ca. 200.000,-. – kr 250.000,-, den vart nok ein god del høgre. **Vi foreslår at dette ikkje vert vidareført.**
  Det er føresett at barnehagane avviklar all ferie og avspasering i jul og påske, og unngår så langt råd inntak av vikarar elles i året. Det er difor ikkje avsett sum til ferievikarar.
- Det er lagt inn 3,0 årsverk ekstra i vårhalvåret ved fleire barnehagar slik at dei skal kan ta inn alle som står på venteliste og ynskjer plass vår 2021. Dette er barn som ikkje har rett på plass før til hausten. Kostnad ca. kr 900.000,-.
  **Når vi gir tenester som er over lovpålagde krav, til dømes sommaropent, inntak av barn utover ordinære opptak m.m., aukar også grunnlaget for tilskot til private barnehagar og dermed også kostnaden.**

**Endring samanlikna med budsjett 2020**

- Det er ikkje store endringar driftsrammene for barnehagane i 2021 i forhold til 2020. Ressursbruken her er stort sett fastlagt ved nasjonale normer for bemanning
- Det nye er at vi frå 01.01.21 har overteke drifta av Vågstranda barnehage
- I økonomiplanperioden må ein også vurdere om det er behov for ny barnehage/utvide eksisterande. Må også vurdere om ein skal omgjere ein eller fleire barnehagar til friluftsbarnehage

## 9.4.5. Barn, ungdom og familie (BUF)

Dette vart ei ny eining frå 2017. Den består av rus og psykisk helse, Myra aktivitetssenter, sosiale tenester, barn og ungdom, helsestasjon, jordmorteneste.

Den inneheldt i starten også barnevern, men frå 2019 gjekk Vestnes inn interkommunal barnevernteneste med Molde som vertskommune.

| | Rekneskap | Budsjett | Budsjettframlegg 2021 | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Alle tal i 1000 kroner** | **2 019** | **2 020** | **Utgifter** | **Inntekter** | **Netto** |
| Prosjekt BUF - Psykolog på Helsestasjonen | 460 | 887 | 812 | 0 | 812 |
| Prosjekt BUF -Styrking og utvikling av helsestasjon og skolehelsetj. | 0 | 17 | 1 161 | 1 161 | 0 |
| Helsestasjon | 2 939 | 3 461 | 3 603 | 0 | 3 603 |
| Jordmorteneste | 266 | 327 | 426 | 90 | 336 |
| Myrateigen | 7 942 | 7 637 | 8 085 | 300 | 7 785 |
| Myra Aktivitetssenter | 1 295 | 1 373 | 1 441 | 60 | 1 381 |
| Psykisk helse og rus | 3 528 | 3 346 | 3 769 | 0 | 3 769 |
| Administrasjon BUF | 943 | 928 | 1 224 | 0 | 1 224 |
| Familierettleiar BUF | 484 | 389 | 384 | 0 | 384 |
| BUF - helse og omsorgsteneste | 3 510 | 3 037 | 2 456 | 0 | 2 456 |
| BUF - Prosjekt psykisk helseteam barn og unge | 0 | 205 | 1 390 | 1 390 | 0 |
| Tilsyn fosterheim | 28 | 99 | 157 | 80 | 77 |
| **Innarbeidd sparetiltak** | | | | | **(-1.100)** |
| **Sum barn, ungdom og familie (BUF)** | 21 395 | 21 706 | **24 908** | **3 081** | **21 827** |

- Netto budsjett for BUF aukar med 0,1 mill. kroner frå 2020 til 2021
- Det er innarbeida fleire sparetiltak knytt til reduksjonar i lønsutgifter på til saman 1,1 mill. kr i budsjettet som gjer at budsjettet ikkje aukar meir
- Det er lagt inn om lag 0,55 mill. kr knytt til tiltak på Vågstranda og i Hjelvika
- Det er planlagt at BUF skal få lokala i Aktivitetssenteret som Heimetenestene har hatt, etter at dei flyttar til Helsehuset Stella Maris. Som følgje av dette er det lagt inn internfakturering av husleige for delar av året (0,3 mill kr)

## 9.4.6. Barnevern

| Alle tal i 1000 kroner | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| **Barnevern** | 16 748 | 14 500 | 15 500 | 0 | 15 500 |
| **Sum barnevern** | **16 748** | **14 500** | **15 500** | **0** | **15 500** |

- Molde kommune driftar barnevernstenestene på vegne av Vestnes kommune
- I 2020 ligg vi an til eit meirforbruk på om lag 1,1 mill. kr i forhold til budsjettet på 14,5 mill. kr
- Vi legg budsjettforslaget vi har fått over frå Molde kommune til grunn for 2021. Det vil seie eit budsjett på kr 15,5 mill. kr. Som alltid er det usikkerheit knytt til behovet for tiltak utanfor heimen. Slike tiltak er kostnadskrevjande og vil påverke resultatet negativt om det skulle bli fleire tiltak enn venta.

## 9.4.7. Kvalifisering og integrering

| Alle tal i 1000 kroner | Regnskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| **Vaksenopplæring** | 2 056 | 1 082 | 4 821 | 2 790 | 2 031 |
| **Busette flyktningaer** | 8 156 | 8 395 | 9 991 | 2 864 | 7 127 |
| Sparetiltak, fordeles seinare | | | -158 | | -158 |
| **Sum kvalifisering og integrering** | 10 212 | 9 477 | 14 654 | 5 654 | 9 000 |

**Opplysningar:**

- I budsjettala er det føresett at Vestnes kommune tek imot 10 flyktningar i 2020 og 2021
- Dersom tala vert endra vil inntekter og utgifter endrast nokolunde likt
- Etter ein periode med høg busetting av flyktningar og mange i introduksjonsprogram med stønad, har no situasjonen stabilisert seg på busetting av om lag 10 i året og om lag 20 i introduksjonsprogram
- Norskopplæringa har rundt 30 elevar no, ein nedgang frå tidlegare
- Det kan bli behov for å byggje opp att norskopplæringstilbodet på kveldstid dersom talet på arbeidsinnvandrarar aukar. For lite søkarar til å starte kveldskurs haust 2020
- Grunnskule for vaksne er eit kommunalt ansvar utan statstilskot. Ein har budsjettert med èi grunnskuleklasse framover
- Spesialundervisning for vaksne er òg kommunalt ansvar som er med i budsjettet

## 9.4.8. Kulturskulen, kultur og fritid

| Alle tal i 1000 kroner | Rekneskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 201 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kyrkjelege formål** | | | | | |
| **Vestnes fellesråd** | 4 894 | 5 000 | 5 410 | | 5 410 |
| Redusert ramme 4% | | | -210 | | -210 |
| **Tilskott andre trusamfunn** | 305 | 240 | 0 | | 0 |
| **Kultur** | 5 199 | 5 240 | 5 200 | 0 | 5 200 |
| **- Andre kulturaktivitetar** | 1 141 | 1 224 | 1 276 | | 1 276 |
| **- Tilskottmuseum** | 332 | 350 | 360 | 0 | 360 |
| **- Tomrefjord idrettsbygg** | 764 | 770 | 1 333 | 597 | 736 |
| **- Vestneshallen** | 473 | 495 | 803 | 299 | 504 |
| **- Anlegg og friluftsliv** | 496 | 511 | 543 | | 543 |
| **- Barne- og ungdomsarbeid** | 150 | 135 | 250 | 120 | 130 |
| Redusert ramme 4% | | | -140 | | -140 |
| | 3 356 | 3 485 | 4 425 | 1 016 | 3 409 |
| **Vestnes kulturskule** | | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| - Kulturskulen | 4 412 | 4 635 | **7 881** | **3 175** | **4 706** |
| - Myra kulturhus | 591 | 564 | **700** | **180** | **520** |
| - Bibliotek | 1 662 | 1 593 | **2 185** | **40** | **2 145** |
| - Frivilligheitssentral | 809 | 905 | **913** | **490** | **423** |
| Sparetiltak 4 %, vakanse i stillingar | | | **-300** | | **-300** |
| | 7 474 | 7 697 | **11 379** | **3 885** | **7 494** |
| | | | | | |
| **Sum kultur,kulturskulen,fritid** | **16 029** | **16 422** | **21 004** | **4 901** | **16 103** |

**<u>Opplysningar (kultur):</u>**

- **Vestnes kyrkjelege fellesråd** får i 2020 eit tilskott på 5,0 mill. kr. Frå 2021 får dei også ansvar for Vågstranda kyrkje og kyrkjegard. Vi har auka tilskottet med kr 265.000,- til å dekke utgifter her
  Med kompensasjon for lønsauke, Vågstranda kyrkje og kyrkjegard og eit sparetiltak på 4 %, vert budsjettramma for 2021 5,2 mill. kr.
  Fellesrådet har søkt om 5,4 mill. kr.
- **Tilskott til andre trusamfunn**, vil frå 2021 verte utbetalt direkte frå staten og ikkje lenger kommunane
- **Kultur**, her er lagt inn eit sparetiltak på 4 %. Budsjetta her er små og stramme. Det er budsjettert med kr 695.000,- i tilskott til lag og organisasjonar, innsparinga må nok takast her
- **Vestnes kulturskule**, eit sparetiltak på kr 300.000,- (4%) skal etter einingsleiar sine innspel takast ved vakanse i ledige stillingar
- **Bibliotek**, er ynskje om å få auke bemanninga med 0,5 årsverk no når nytt bibliotek vert tatt i bruk. Det vert venta større besøk enn tidlegare. Administrasjonen har stor forståing for dette, og hadde i utgangspunktet tenkt å foreslå dette, men trange budsjettrammer gjer at vi ikkje klarer det
- Det er heller ikkje funne midlar til fullføring av **bygdebokarbeidet**, heller ikkje i økonomiperioden fram til 2024

## 9.4.9. Helse, omsorg og velferd

| | Regnskap | Budsjett | Budsjettframlegg 2021 | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Aiie tal i 1000 kroner | 2 019 | 2 020 | Utgifter | Inntekter | Netto |
| <u>Helsevern</u> | | | | | |
| - Administrativ leiing Helsevern | 954 | 957 | 1230 | 0 | 1230 |
| - Vestnes legesenter | 2 002 | 2035 | 6719 | 5733 | 986 |
| - Kommunale legetenester | 7 317 | 8069 | 9345 | 278 | 9067 |
| - Fysioterapitenesta | 1 355 | 1370 | 1400 | 0 | 1400 |
| | **11 628** | **12 431** | **18 694** | **6 011** | **12 683** |
| <u>NAV – kommune</u> | | | | | |
| - Sosialkuratortenester | 2 543 | 2 555 | 2 616 | 0 | 2 616 |
| - Økonomisk sosialhjelp | 3 402 | 3 600 | 4 500 | 200 | 4 300 |
| - Kvalifiseringsprogrammet | 578 | 807 | 841 | 0 | 841 |
| | **6 523** | **6 962** | **7 957** | **200** | **7 757** |
| <u>Hellandtunet</u> | | | | | |
| - Mariebo | 8 335 | 7 832 | 9 739 | 1 750 | 7 989 |
| - Oppigarden | 8 739 | 8 140 | 10 089 | 1 600 | 8 489 |
| - Ivartun | 10 364 | 11 146 | 13 702 | 2 256 | 11 446 |
| | **27 438** | **27 118** | **33 530** | **5 606** | **27 924** |
| <u>Vestnes sjukeheim</u> | | | | | |
| - Vestnes sjukeheim | 37 903 | 38 212 | 7 806 | 1 233 | 6 573 |
| - Tresfjord trygdeheim | 16 317 | 15 851 | 3 492 | 786 | 2 706 |
| Helsehuset Stella Maris | | | 57 761 | 10 292 | 47 469 |
| | **54 220** | **54 063** | **69 059** | **12 311** | **56 748** |
| <u>Heimetenestene</u> | | | | | |
| - Rehabiliteringstenesta | 2 100 | 2 294 | 2 323 | 0 | 2 323 |
| - Heimehjelp | 2 854 | 3 149 | 3 921 | 750 | 3 171 |
| - Heimesjukepleie | 34 187 | 32 484 | 38 792 | 1 300 | 37 492 |
| - Heimevaktmester | 266 | 391 | 790 | 450 | 340 |
| - Dagaktivitet | 2 448 | 2 351 | 2 980 | 80 | 2 900 |
| - Brukarstyrt pers. assistent | 565 | 761 | 797 | 0 | 797 |
| Dagaktivitet, demente (prosjekt) | 4 | 0 | 85 | 85 | 0 |
| | **42 424** | **41 430** | **49 688** | **2 665** | **47 023** |
| Elevar Gjermundnes | 0 | 0 | 1 500 | 0 | 1 500 |
| Sentralkjøkkenet | -413 | -73 | 10 870 | 10 720 | 150 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fellesutgifter Pleie og omsorg | 2 734 | 1 775 | 4 880 | 0 | 4 880 |
| Samhandlingsreforma | 133 | 100 | 150 | 0 | 150 |
| Tildelingskontoret | 2 103 | 2 206 | 2 488 | 0 | 2 488 |
| OU-prosjekt - Helse og omsorg | 125 | 150 | 0 | 0 | 0 |
| Sparetiltak | | | | | -1 750 |
| **Sum helse, omsorg og velferd** | **146 915** | **146 162** | **198 816** | **37 513** | **159 553** |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tilskott ressurskr. Brukarar | -34 894 | -36 000 | 0 | 36 000 | -36 000 |

**Helsevern:**

- Budsjettet aukar med om lag 0,25 mill. kr frå 2020 til 2021.
- I hovudsak grunna auke i kommuneoverlegestilling frå 0,2 til 0,4 årsverk
- I tillegg er intern husleige korrigert for flytting til Helsehuset Stella Maris
- Mogleg tiltak er å redusere helsesekretærstilling med 20 %. Derimot vil dette medføre redusert opningstid. Vidare gjer Covid-19 at det er større trykk på legekontoret enn før. Administrasjonssjefen vil difor ikkje tilrå tiltaket pr. no

**NAV – kommune:**

- Utgiftene til økonomisk stønad har auka mykje i 2020 og eininga ligg an til eit meirforbruk på 1,5 mill. kr i år. Dette er i hovudsak grunna omlegging av regelverket for den statlege ytinga «Arbeidsavklaringspengar», samt og i noko grad konsekvensar av Covid-19
- Vi legg til grunn av desse forholda blir noko mindre merkbare i 2021 enn i 2020, og budsjettet aukar med om lag 0,8 mill. kr
- NAV Vestnes/sosialtenesta har forslag om eit prosjekt knytt til økonomisk stønad (sosialhjelp) i 2021 og for 3 år framover. Om kommunen tilsett ein «Jobbspesialist» i 100% stilling får NAV Vestnes godkjent eit lokalt statleg tiltak, kalla «Utvida oppfølging». Tanken er då at Jobbspesialisten følger tettare opp til dømes 10 – 20 sosialhjelpsmottakarar med mål om å få desse ut i arbeid. Når brukarar blir gitt plass i tiltaket kvalifiserer dei til å få statlege tiltakspengar, uavhengig av om dei kjem i arbeid eller ikkje. Tiltakspengane utgjer kr 8 600,- pr månad og vil då erstatte økonomisk stønad (sosialhjelp) i den tida brukarane er i prosjektet. Stillinga som Jobbspesialist vil såleis kunne vere sjølvfinansierande, i tillegg til den meirverdi prosjektet vil gje for brukarane som får plass i tiltaket. Administrasjonssjefen støttar dette tiltaket

**Hellandtunet:**

- Budsjettet for Hellandtunet aukar med om lag 0,8 mill kr (2,9%) frå 2020 til 2021
- Dette handlar i hovudsak om framskriving av lønsutgifter og korrigering av nokre lønsrelaterte poster som har vore underbudsjettert. Drifta vert vidareført som tidlegare
- Eit tiltak er å vurdere å halde plassar ledige, men dette må spesielt sjåast opp mot behovet for bu- og habiliteringstenestene og frigjering av bustadar der

**Vestnes Sjukeheim/Tresfjord trygdeheim/Helsehuset Stella Maris**

- I 2021 når vi ein milepæl når Helsehuset Stella Maris vert teke i bruk
- Helsehuset Stella Maris vil legge grunnlag for ei meir framtidsretta og effektiv institusjonsdrift i Vestnes kommune
- Det er særs krevjande å budsjettere dette området i 2021. Dette heng mellom anna saman med følgjande forhold:
  - Delvis drift i dei gamle einingane (i alle fall i 1-2 månadar)
  - Usikkerheit knytt til gjennomføring av flytting og tidsrom for dette (drift på tre stader?)
  - Vi teke over Helsehuset Stella Maris i desember 2020 og vil soleis ha noko driftsutgifter knytt til bygget i heile 2021
  - Likeins vil vi kunne ha noko kostnader til Sjukeheimen og Tresfjord Trygdeheim i overgangen og etter flytting som vi ikkje fullt ut har oversikt over
  - Vi må altså rekne med «pukkelkostnader» i samband med flytting og omlegging av drifta som vi er usikre på om fullt er dekka av budsjettforslaget
- Når det gjeld bemanning i dei åtte bueiningane i Helsehuset Stella Maris er det i budsjettforslaget lagt opp til 2 D-vakter og 2 A-vakter i kvar bueining, samt 3 nattevakter på heile bygget. I tillegg kjem ordninga med «matvertar» som skal bistå i samband med organisering og gjennomføring av måltid. Matvertane er budsjettert under «Sentralkjøkkenet», men dekka av Helsehuset gjennom internoverføringa «kjøp av mat frå Sentralkjøkkenet». Det er viktig å understreke at bemanninga må ein alltid sjå opp mot

behovet og det er såleis ei kontinuerleg vurdering. At Stella Maris også har mykje velferdsteknologi gjer at vi kan drifte meir effektivt, jf. prosjekt digitalisering. Bemanninga må difor sjåast på sett i lys av dette

- Sjukeheimen driftar i dag ei korttidsavdeling på Aktivitetssenteret med 7 plassar innanfor eksisterande bemanning. Denne vert ikkje vidareført i 2021. Det er planlagt at to av bueiningane i Helsehuset Stella Maris (16 plassar) skal vere korttidsplassar. Det føreligg planar om å gjere om dagens korttidsavdeling til eit bufellesskap, men det er ikkje funne budsjettmessig dekning for dette i 2021
- Samla aukar budsjettet med 2,6 mill. kr frå 2020 til 2021. I hovudsak er det då interne overføringar som aukar. Dette knytt til nemnde «kjøp av mat frå Sentralkjøkkenet», samt at intern husleiga aukar på grunn av mykje større areal enn tidlegare
- Vi må sjå på 2021 som eit år der vi startar opp og vinn erfaring med drifta av Helsehuset Stella Maris. Det vil verte enklare i budsjettet for 2022, med erfaringa frå 2021, samt heilårsdrift i 2022, å seie noko om effektar av Helsehuset Stella Maris både på økonomi og tenesteyting
- Prosjekt Turnus, prosess og type: Kan bidra med å redusere bruken av overtid, vikarbyrå med meir. Det er vanskeleg å synleggjer eit konkret tal på innsparing her
- Prosjekt Sjukefråver – korleis nå målet: Institusjonane har noko høgt fråver. Reduksjon av fråveret vil vere med å redusere bruken av ekstrainnleige og overtid
- Prosjekt Stella Maris: Vil vi arbeide med kultur i høve bygging av ny institusjonsteneste i Stella Maris, ha ein organisatorisk gjennomgang knytt til leiarstruktur med meir

**<u>Heimetenestene:</u>**

- Budsjettet for Heimetenestene aukar med om lag 5,6 mill kr frå 2020 til 2021
- Ansvaret «Heimesjukepleie» er tilført til saman 5,3 årsverk ekstra. Dette gir ein stor auke i løn og lønsrelaterte utgifter. Auken er i hovudsak grunna behov som følgje av grensejusteringa, samt eitt årsverk ekstra til avdelingsleiar
- Til saman eitt årsverk aktivitør er overført frå Sjukeheimen/Tresfjord trygdeheim og til Dagaktivitet i Heimetenestene. Dette forklarar auken her. Bakgrunn for dette er å kunne gje eit samla tilbod for brukarar både i og utanfor institusjon
- Etter flytting til Stella Maris vil arealet for dagaktivitet i Aktivitetssenteret verte utvida og intern husleige er korrigert for større areal
- Heimetenestene nyttar allereie i dag velferdsteknologi. Gjennom prosjekt digitalisering, må ein arbeide med å implementere velferdsteknologi i enda større grad. Erfaringar frå kommunar som er dyktig på dette, er at det er stor grad av ressursbesparing. Til dømes treng ein ikkje å kjøre ut med medisin om ein har digitale medisindispensarar
- Prosjekt Turnus, prosess og type: Kan bidra med å redusere bruken av overtid, vikarbyrå med meir. Det er vanskeleg å synleggjer eit konkret tal på innsparinga her
- Prosjekt Sjukefråver – korleis nå målet: Heimetenestene har noko høgt fråver. Reduksjon av fråveret vil vere med å redusere bruken av ekstrainnleige og overtid
- Prosjekt Stella Maris: Vil ha ein organisatorisk gjennomgang knytt til leiarstruktur med meir

**Fellesutgifter pleie- og omsorg:**

- Budsjettet for fellesutgifter pleie og omsorg aukar samla med om lag 5 mill. kr frå 2020 til 2021
- Utgifter til helse- og omsorgstenester til elevar som bur på internat ved Gjermundnes Vidaregåande Skule er ein ny post og det er her budsjettert med 1,5 mill. kr i 2021. Denne summen er usikker då det ikkje er kjend kor mange som eventuelt vil ha behov for bistand frå og med hausten 2021
- I budsjettet for Sentralkjøkkenet er det lagt inn 1,9 årsverk ekstra til funksjonen med matvertar i helsehuset. Det kjem i tillegg til 2,5 årsverk som dei tidlegare har hatt for å ha rolla som avdelingskjøkken ved Sjukeheimen. Ekstrautgiftene til matvertar blir som nemnd over internfakturert attende til bueiningane ved Stella Maris.
- I ansvaret som og heiter fellesutgifter pleie og omsorg er budsjettet auka med 3,1 mill kr frå 2020 til 2021. Dette med bakgrunn i følgjande:
  - Ikkje-realisert sparetiltak på 1,3 mill kr i 2020 er tatt bort for 2021
  - Det er lagt inn lønsmidlar til prosjektleiar Velferdsteknologi i Helsehuset Stella Maris for 1. halvår 2021
  - Det er budsjettert med 1 mill kr til alle utgifter i samband med flytting frå eksisterande institusjonar og til Helsehuset Stella Maris
  - Det er lagt inn 0,3 mill kr til utskifting av pc'ar i sektoren i 2021. Dette gjeld pc'ar som er så gamle at ROR-ikt ikkje lenger kan gje support i høve til dei.
- Utgifter til betaling for utskrivingsklare pasientar er auka frå kr 100 000,- til kr 150 000,-. «Tradisjonelt» har Vestnes kommune hatt låge utgifter til dette, men vi ser utgiftene har auka mykje i 2020
- Når det gjeld tilskott til utgifter for ressurskrevjande brukarar er det budsjettert med inntekter på 36 mill. kr i 2021. Dette er same sum som for 2020
- Det er lagt inn eit sparetiltak på 1,75 mill. kr. Må komme tilbake seinare til korleis det skal dekkast inn

## 9.4.10. Bu- og habiliteringstenestene

| Alle tal i 1000 kr | Regnskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| Vestneshaug | 5 539 | 6 793 | **6 498** | **260** | **6 238** |
| Dagtilbud Strandbo | 6 951 | 6 503 | **7 898** | **1 497** | **6 401** |
| Plassen | 1 465 | | | | **0** |
| Avlastningtiltak PU over 18 år | 1 411 | 1 256 | **1 405** | **44** | **1 361** |
| BPA | 1 940 | 2 078 | **6 987** | | **6 987** |
| Skogheim | 8 744 | 9 011 | **10 348** | **460** | **9 888** |
| Skogvegen | 9 097 | 10 412 | **11 091** | **464** | **10 627** |
| Solstua | 7 008 | 7 329 | **7 724** | **341** | **7 383** |
| Skogly | 5 007 | 4 936 | **6 593** | **280** | **6 313** |
| Liaråket | 16 527 | 17 624 | **17 283** | **700** | **16 583** |
| Bakketun, | 14 584 | 14 633 | **15 372** | **642** | **14 730** |
| Kariplassen A | 18 902 | 19 762 | **23 413** | **998** | **22 415** |
| Furulia | 7 496 | 6 359 | **6 633** | **266** | **6 367** |
| Kariplassen B | 26 472 | 8 961 | **9 856** | **420** | **9 436** |
| Kariplassen C | 0 | 10 148 | **10 371** | **435** | **9 936** |
| Steinrøysa | | 7 819 | | | **0** |
| Administrasjon | 4 510 | 5 092 | **5 007** | | **5 007** |
| **Sparetiltak, fordelast seinare** | | | **-3 000** | | **-3 000** |
| **- organisasjonsendring, dagtilbud m.m.** | | | | | |
| **Sum bu- og habilitering** | 135 653 | 138 716 | **143 479** | **6 807** | **136 672** |

**Opplysningar**

- Budsjettet byggjer i hovudsak på bemanning og ressursbruk fastsett i enkeltvedtak, difor vanskeleg å redusere rammene mykje
- Bu- og habiliteringstenestene har dei fleste av ressurskrevjande brukarane i kommunen. Fleire av desse har auka ressursbruk i løpet av 2020 noko som fører til auka utgifter og heilårsvirkning i 2021. Det er og komme til nye brukarar
- Det er no att 37 brukarar innanfor ansvarsreforma, gjennomsnittsalderen på dei som er att er nær 70 år. Talet på vertskommunebrukarar vil nok bli redusert i åra framover
- I tillegg til verskommunebrukarane er det 38 andre over 16 år som får teneste.

**Sparetiltak**

- I denne eininga har vi lagt inn ein årleg reduksjon i heile økonomiplanperioden på 3,0 mill. kr, det tilsvarer den reduksjonen vi får i vertskommunetilskotet pr. år. Eininga må i løpet av året finne tiltak for å dekke dette. Det er satt opp ulike prosjekt som påverkar denne eininga:
  **Prosjekt Gjennomgang av bu- og habiliteringstenesta:** Dette kan vere organisasjonsendringar, andre måtar å drifte på m.m.,
  **Prosjekt Dag- og aktvitetstilbod**: Det vert færre eldre som skal ha tilbod og dagtilbudet på Myra området må etter kvart reduserast. Yngre som skal ha dagtilbud vil det vere naturleg får meir arbeidsretta tilbod, gjerne i samarbeid med Tremek AS.
  **Prosjekt: Turnus, prosess og type:** Eininga bruker mykje **i overtid**. I 2018 3,3 mill. kr, i 2019 4,6 mill. kr og i år over 5,0 mill. kr, i tillegg kjem sosiale utgifter. Budsjett i 2020 er 2,3 mill. kr. Det er nokre få bueiningar som har mykje overtid. Overtid må reduserast kraftig, i budsjett 2021 er den redusert til 1,9 mill. kr, dvs. ein kraftig reduksjon frå dagens forbruk. Gode turnusar er eit viktig verktøy for å lukkast med dette

- Tidlegare år (fram t.o.m. 2019) har vi føresett nedlegging av bueining når det vert ledige husvære. Dette krev mykje planlegging med flytting av brukarar og personale. Det har vist seg at det kan både være vanskeleg, ta tid og ikkje alltid gitt den økonomiske effekten vi føresette. Eit alternativt tiltak er at husvære som vert ledig skal stå tom i ein lengre periode og det skal **ikkje** takast inn nye bebuarar, i staden redusere personalressursbruken så mykje som mogeleg

- Eininga har gitt tilbakemelding om at det er fleire unge som innan kort tid treng butilbod og meir teneste. Grunna at ledige husvære må stå tom utan å kunne ta inn nye brukarar (om vi skal klare å legge ned bueiningar) vert ein konsekvens at unge brukarar som står på vent for å få bustad ikkje kan få dette

- Rekruttering av personale med rett kompetanse kan være ei utfordring

## 9.4.11. Eigedomsdrift

| | Regnskap | Budsjett | Budsjett 2021 | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Alle tal i 1000 kroner | 2 019 | 2 020 | Utgifter | Inntekter | Netto |
| Kommunale bygningar | 2 278 | 3 538 | 19 516 | 16 798 | 2 718 |
| Kommunale utleigebygg | -41 | -234 | 1 699 | 2 163 | -464 |
| Kommunale utleigebygg PU | -1 921 | -2 895 | 4 187 | 5 398 | -1 211 |
| Senior Plaza | -1 526 | -1 251 | 1 431 | 2 687 | -1 256 |
| Drift av Myra området | -301 | 45 | 5 694 | 4 130 | 1 564 |
| Felleskostnadar vaktnester m.m. | 3 690 | 3 136 | 1 289 | 501 | 788 |
| Kommunale bustad/industriområde | 95 | -63 | 451 | 292 | 159 |
| Administrativ leiing | 917 | 710 | 915 | 213 | 702 |
| Ekstra vedlikehald, korona tilskott | | 1 000 | | | |
| Sum | 3 191 | 3 986 | 35 182 | 32 182 | 3 000 |

- Dette området omfattar all kommunal bygningsmasse og vaktmeisterteneste. Det gjeld PU bustadar, omsorgshusvære, kommunale utleigehusvære, kommunale bygningar som t.d. skular, helseinstitusjonar, kommunehus.
- Eininga har stor omsetning, vel 35 mill. kr pr år. Det meste av utgiftene vert dekka av husleigeinntekt, både ekstern og intern.
- Difor berre eit netto budsjett på 3,0 mill. kr i 2021.

**Opplysningar:**

- Ein har fått gjort mykje vedlikehaldsarbeid/oppgradering av kommunale bygg og eigedom siste åra, men eininga peikar på at det framleis er stort vedlikehaldsetterslep
- Det burde vore løyvd meir til vedlikehald. Spesielt avsett meir til oppussing av PU-husvære. Desse har no vore i bruk i 20 – 30 år, og mange vert etter kvart ledige og må oppussast før dei kan leigast ut på ny. Men vi har ikkje funne økonomisk rom til å auka ramma for dette
- Eigedomsdrift overtek frå 01.01.21 drifta av bygningane ved Vågstranda skule og Vågstranda barnehage. Rauma kommune la ned skulen frå hausten 2020, og bygninga er såleis lite i bruk no. Det bør vurderast kva som skal skje med denne. Barnehagen skal Vestnes kommune drive vidare, og utgiftene som eigedomsdrift har her vert dekka av husleige som barnehagen betalar
- Det vert mange endringar for eininga i 2021, Vestnes sjukeheim og Tresfjord trygdeheim vert avvikla i løpet av våren 2021. Det meste av sjukeheimen vert reven. Det må også takast standpunkt kva som skal gjerast med trygdeheimen, lagt ut for sal er vel eit aktuelt tiltak, dette må politisk avklarast.
- Vi overtek Stella Maris 15.12.20. Eigedomsavdelinga skal drifte huset. Her føreset vi at husleige frå dei som bruker huset skal dekke kostnadane, og difor ikkje auke i budsjettramma
- Det vil også skje fleire andre endringar i leigeforholda innafor eigedomsdrift i 2021. Budsjettramma er difor usikker, og ein må være open for at den må endrast i løpet av året

## 9.4.12. Tekniske tenester

| Alle tal i 1000 kroner | Regnskap 2 019 | Budsjett 2 020 | Budsjettframlegg 2021 Utgifter | Inntekter | Netto |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 765 | 789 | 1 141 | 0 | 1 141 |
| Oppmåling | -148 | 88 | 1 694 | 555 | 1 139 |
| Plan- og bygning | 687 | 713 | 2 521 | 1 879 | 642 |
| Landbruk | 1 535 | 1 619 | 1 902 | 337 | 1 565 |
| Avløpsnett | -43 | -11 | 9 877 | 9 877 | 0 |
| Renovasjon hushaldning | 405 | 4 | 9 366 | 9 366 | 0 |
| Slamtømming | -231 | 0 | 2 211 | 2 211 | 0 |
| Brannvern | 5 533 | 5 552 | 5 857 | 300 | 5 557 |
| Feiarvesen | -37 | -8 | 1 313 | 1 313 | 0 |
| Parkvesen | 1 320 | 1 467 | 2 372 | 1 028 | 1 344 |
| Kommunale vegar | 5 784 | 5 659 | 7 175 | 763 | 6 412 |
| Sparetiltak 2 % | | | | | -300 |
| Sum tekniske tenester | 15 570 | 15 872 | 45 429 | 27 629 | 17 500 |

- Også tekniske tenester har stor aktivitet; rundt 45,0 mill. kr i drift pr år. Mykje går på avgiftskapittel som vert dekka av kommunale gebyr eller andre inntekter. Difor er netto budsjett berre på vel 15,0 mill. kr.
- Dei største netto utgiftene er brannvern (5,7 mill. kr), vedlikehald av kommunale vegar og parker/grøntareal (8,1 mill. kr.)
- I tillegg er tekniske tenester ansvarleg for gjennomføring av mange av investeringsprosjekta i kommunen
- Ramma til tekniske tenester er i utgangspunktet redusert med kr. 300 000,-, tilsvarande 2 %

**Opplysningar:**

- Framleis stort behov for vedlikehald og utbetringar på kommunal infrastruktur. Omfanget er større enn budsjettet gjev rom for. Spesielt løyving til vintervedlikehald bør aukast er tilbakemelding frå einingsleiar
- Liten organisasjon med få tilsette samanlikna med kommunar i same storleik. Difor vert dei ulike fagmiljøa også små og sårbare for endringar
- Frå 2021 får tekniske tenester også ansvar for drift og vedlikehald av kommunale tekniske anlegg og vegar i Vågstranda/Hjelvika
  Nemner m.a. at ant. kommunal veg vil auke med nær 20%, og fleire kommunale avløpsleidningar og i tillegg 200 – 250 nye slamkundar (mindre avløpsanlegg i spredd bebyggelse)
- Ramma til tekniske tenester er auka med kr 700.000,- for å dekke kostnaden med vegvedlikehald på Vågstranda/Hjelvika
- Auken i utgiftene på avløpsnett og slamanlegg vert dekka av auke i gebyrinntekter

- Tekniske tenester fekk i sak KST 27/20 godkjent eit nytt årsverk i administrasjonen. Utover det er det ikkje lagt inn auka stillingsressurs, men innan avgiftskapitelet kan det bli oppretta stilling, det vert dekka av avgifter

# 10. INVESTERINGSBUDSJETT

## 10.1. Investeringsbudsjett 2021 - Innleiing

- **I perioden fram til 2016 var det etter forholda liten auke i lånegjelda, nye lån var ikkje så mykje høgre enn betalte avdrag**
- **Frå 2016 har lånegjelda auka mykje, vi har hatt fleire større byggjeprosjekt, nemner Tomrefjord idrettsbygg, Buktavegen og Sjøfronten/Sjøgata og ikkje minst Stella Maris**
- **Vi står snart framføre store utbyggingar innan skulesektoren med Vestnes ungdomsskule, utbetring/rehabilitering av Helland barneskule og Tomrefjord skule og nye lokalar til Vestnes kulturskule**
- **Lånegjelda til Vestnes kommune har auka så mykje no at vi kan komme i den situasjonen at vi kan få problem med å få godkjent opptak av nye lån til alle tiltaka i skulesektoren**
- **Det bør difor i tillegg til lånefinansiering også vurderast andre finansieringsmåtar**
- **Administrasjonssjefen meiner at vi i kommande år må redusere investeringar til andre tiltak så mykje som mogeleg for å kunne gjennomføre tiltaka på skulebygga**

## 10.2. Tidlegare unytta løyvingar

Ein del av investeringsprosjekta som det er gitt løyving til i 2020 vert ikkje ferdige i år. Nokre få vert heller ikkje starta opp i år. Årsaka til dette er at ein i nokre tilfelle ikkje er ferdig med planlegginga eller at ein ikkje har hatt kapasitet til å prosjektere ferdig tiltaka. Men det kan og vere at anbods- og innkjøpsprosessen tek lang tid. I ein del tilfelle kan det være vanskeleg å få entreprenørar til å utføre arbeid så raskt som vi har tenkt.

Når rekneskapen for 2020 er avslutta vil det i kommunestyremøte på nyåret bli lagt fram sak med framlegg om kva unytta løyvingar/prosjekt som skal overførast til 2021.

## 10.3. Framlegg til investeringstiltak i 2021

Administrasjonssjefen rår kommunestyret til å gjere følgjande investeringar:

| | Føreslåtte prosjekt | Løyving 2 021 | Merknadar |
|---|---|---|---|
| 1 | KommuneTV og telefoni | 500 000 | |
| 2 | Asfaltering og opprusting av kommunale vegar | 2 500 000 | |
| 3 | Trafikktryggingstiltak 50/50 prosjekt | 400 000 | Statleg tilskott 200.000,- |
| 4 | Grøntaksen/leikeplass | 1 500 000 | |
| 5 | Robotklippararar | 250 000 | |
| 6 | Vågstranda kunstgrasbane | 3 700 000 | Spelelemiddeltilskot 1,0 mill. kr |
| | | | Tilskott Vågstranda idrettslag 650.000,- |
| 7 | Avløp, generelt | 5 000 000 | Finanskostnadar dekka av avgiftsinnt. |
| 8 | Grøn sektor, bil | 300 000 | |
| 9 | Myra kulturbygg, takreperasjonar | 2 000 000 | Rest seinare år |
| 10 | sentralkjøkken, tilleggsløyving | 6 500 000 | |
| 11 | Ombygging av areal til BUF | 800 000 | |
| 12 | Lokalar til dagsentertilbod | 1 100 000 | Tilskott husbanken, kr 500.000,-. |
| 13 | Brannvarsling kommunehuset | 300 000 | |
| 14 | Heimetenestene, bil til heimevaktmester | 300 000 | |
| 15 | BUF - inventar og utstyr i nye lokalar | 500 000 | |
| 16 | IKT – ROR | 1 410 000 | |
| 17 | Eigenkapitalinnskott KLP | 2 200 000 | |
| 18 | Brannvern, utstyr til brannberedskap i tunell | 500 000 | |
| 19 | Vågstranda kyrkje, brannalarm | 200 000 | |
| 20 | Vestnes kyrkjelege fellesråd, klippar til Vestneskyrkjegard | 100 000 | |
| | Sum ordinære investeringar | 30 060 000 | |

*(tiltaka er **ikkje** prioritert, nummereringa er berre av praktiske årsaker)*

## 10.4. Finansiering

Samla er det føreslått investeringar for knapt 30,1 mill. kr.

Tiltaka er føreslått finansiert slik:

| | Sum |
|---|---|
| **Låneopptak** | **20 410 000** |
| **Momsrefusjon** | **5 100 000** |
| **Sal av eigedom** | **2 200 000** |
| **Spelemidlar** | **1 000 000** |
| **Tilskott Husbanken** | **500 000** |
| **Tilsk. Vågstranda idrettslag** | **650 000** |
| **TS- tilskott** | **200 000** |
| | **30 060 000** |

- I økonomiplanen har administrasjonssjefen føresett at det ikkje vert teke opp lån til investeringar på meir enn 20,0 mill. kr pr. år. Vi ligg ein mill. over dette, men 5,0 mill. kr av låneopptaket er investerinar i avløp der renter og avdrag vert dekka av gebyr
- Eigenkapitalinnskott i KLP kan ikkje lånefinansierast og er føresett dekka av salsinntekter frå tomter eller sal av eigedom som ikkje er lånebelagt

## 10.5. Kommentarar til investeringane

**1. Kommune TV og telefoni kr 500.000,-**

Det vart avsett 1,5 mill. kr til ny telefonløysing for telefonsentral i kommunehuset. Det som er pr. idag er vert ikkje vidare utvikla og feil vert ikkje retta.
Sentralborda på legesenter og legesenter må skiftast, alle fasttelefonapparat må skiftast og all telefon går over på mobilnett. Dette arbeidet er godt i gang no. I tillegg skulle løyvinga dekke kommune tv, prosessen er her starta. I tillegg er ein ikkje helt ferdig med å få trådlaust nettverk i alle kommunale einingar som har behov for det.
**Behov for ei restløyving på 0,5 mill. kr i 2021 for å fullføre alt dette.**

**2. Asfaltering og opprusting av kommunale vegar kr 2.500.000,-**

Framleis stort behov, - både bygdevegar og «byggefeltsvegar». Kostnader til forarbeid før asfaltering, slik som oppgradering av stikkrenner m.m. vert også dekt her. Dette inkluderer også trafikktryggingstiltak som fartshumpar og skilting. Med dagens føreslåtte investeringstakt (2,5 mill pr. år) vil vi ikkje kunne halde dei kommunale vegane med asfaltdekke.
Det vert stor auke i ant. km veg når vi overtek Vågstranda/Hjelvika, der er det også ein del grusveg. Einingsleiar for tekniske tenester foreslår 4,0 mill. kr her, vi klarer ikkje å prioritere meir enn 2,5 mill. kr.

**3. Trafikktryggingstiltak med 50 % tilskott kr 400.000,-**

Vert søkt om tilskot til trafikktryggingstiltak, dersom vi får tilskot vert tiltaka gjennomført. Kommunal andel kr 200.000,-. Her er m.a. nemnt tiltak ved Helland skule, men det kan og være andre tiltak som er aktuelle.

**4. Grøntaksen/ leikeplass kr 1.500.000,-**

Grøntaksen frå parken ved Senior Plaza/Stella Maris over fylkesveg, parkeringsplass og ned til Kjøpmansgata. Betre trafikkareal og lage leikeplass med utstyr i dette området. Då vi fekk godkjent av Fylkesmannen å bruke noko av arealet i parken utanfor Senior Plaza til areal for Stella Maris var kravet at grøntaksen skulle opprustast og med leikeareal og utstyr.
Planlegginga er enno ikkje ferdig, vert antyda kostnad på 1,5 – 2,0 mill. kr.

**5. Robotklipparar kr 250.000,-**

Vestnes kommune har store areal med plen som skal vedlikehaldas. I dag blir plenslått utført av eigne tilsette samt noko innleige.
Kommunen ønskjer å gå over til å nytte robotklipparar på fleire av områda våre.
Dette grunna:

- Fleire stader er det bratt eller ulent terreng (t.d. Tresfjord barnehage, Tomrefjord skule.) Plenslått i desse områda er krevjande sjølv om vi nyttar klipparar med 4WD. Her er det omsynet til HMS som veg tyngst. Ein robotklippar i desse områda vil reduserer risikoen for personskade betrakteleg
- Det er store områder med plen som er tidkrevjande å vedlikehalde, som t.d. Myraområdet, området rundt kommunehusa m.m. Å nytte robotklipparar til dette arbeidet vil frigjere menneskelege ressursar til anna arbeid, og området vil til ei kvar tid sjå velstelt ut
- Fleire av dei plenklipparane kommunen har no vil om nokre få år måtte skiftast ut. Denne anskaffinga vil vere eit samarbeid mellom tekniske tenester og eining for eigedomsdrift.

Einingsleiarane her foreslår ei løyving på kr 500 000,-. Administrasjonssjefen rår til kr 250 000,- i 2021 for å prøve ut tiltaket, og rest i 2022 dersom dette fungerer tilfredsstillande.

**6. Vågstranda kunstgrasbane kr 3.700.000,-**

Vestnes kommunestyre godkjente i sak KST 110/19 at Rauma kommune kunne bygge og finansiere kunstgrasbane på Vågstranda og at Vestnes skulle dekke kostnaden når vi overtok Vågstranda. Så visste det seg etterkvart at kostnaden vart høgre enn først rekna med og tida gjekk, difor trekte Rauma seg frå å ville stå som byggherre. Byggjestart vart difor utsett.

Vi har no justerer prosjektet til den standard (granulat/fyll) som tilsvarande baner har i Vestnes (Tomrefjord og Fiksdal). Det er enno litt uklart kor mykje som må gjerast med underlaget/grunnen før dekket kan leggast. Difor er det lagt inn litt ekstra til uføresette utgifter.
Vi føreset spelemiddeltilskott på 1,0 mill. kr til bane og lys.

**7. Avløp kr 5.000.000,-**

Vi har fått utført mykje innanfor dette feltet dei siste åra, men det står enno att fleire prosjekt, nemner m.a. slamavskiljar i Skorgen er ikkje fullført, ny pumpestasjon på Helland (Sjøgata) – delvis utført, slamavskiljar – Rekdal bustadfeltet, oppgradering av leidningsnett i store deler av Heenfeltet, nyanlegg i Syltebakken, separasjon i Remmemsbukta m.m.
Gebyr vil dekke renter og avdrag for låneopptak til dette prosjektet.

**8. Grøn sektor, bil kr 250.000,-**

Behov for nytt kjøretøy, bil modell 2001 må skiftas ut (vert kjøpt brukt varebil/pickup).

**9. Myra kulturbygg, takreperasjon kr 2.000.000,-**

Fleire takstein har lausna, inngangspartiet oppe har store råteskader med vassinntrenging. Taket må reparerast ved at møne- og valmsteinar vert erstatta med galvanisert beslag. Dette er det same som har vore gjort på Oppigarden, Mariebo og Ivartun.

Det er vanskeleg å kostnadsberekne dette. Einingsleiar har antyda ein kostnad på 6,0 mill. kr, men opplyser at det kan bli meir og det kan bli mindre. Erfaringar frå tidlegare bygg på området er at ein kan finne råteskade i samband med reparasjon av taket. Vi veit det er råteskader ved inngangspartiet oppe. I tillegg må ein sikre inngangspartiet til svømmehallen.
Utbetringsarbeidet må gjerast av innleigd entreprenør.

Administrasjonssjefen rår til at ein startar planlegging av dette arbeide, må m.a. sikre at takstein ikkje losnar og skadar folk før rehabiliteringsarbeidet startar.
Planlegging, anbud m.m. tek normalt mykje tid og det er ikkje realistisk med start av sjølve arbeidet før til hausten 2021. Vi avset 2,0 mill. kr i 2021 og så må resten takast på 2022, då veit ein også meir om kva totalkostnaden vert.

**10. Sentralkjøkken – tilleggskostnad kr 6.500.000,-**

Planlegging av rehabilitering av sentralkjøkkenet har pågått i fleire år, i budsjett 2019 vart arbeidet utsett då ville vurdere om arbeidet kunne falle inn under nye tilskott til kjøkken på institusjonar som skulle gjelde frå 2020. Det gjer det nok ikkje og det vart difor løyvd 5,0 mill. kr til dette i 2020.

Prosjektering og planlegging har tatt lenger tid enn vi rekna med, og no er det og lagt inn at det skal være 2 produksjonsliner på kjøkkenet, både varm og kald mat. Og det viser seg at meir enn tidlegare tenkt av utstyret må skiftast ut.

Arbeidet bør no bli gjennomført i 2021, det vil krevje mykje planlegging, kjøkkenet vert stengt i rehabiliteringsperioden. I tillegg til det bygningsmessige må ein også få produsert mat når kjøkkenet er stengt, produsert av eige personale i andre lokalar eller leveranse av mat frå eksterne.
**Det vert vurdert at det er behov for ei tilleggsløyving på 6,5 mill. kr.**

**11 . Ombygging av areal til BUF kr 800.000,-**

BUF skal ta i bruk lokalar i Aktivitetssenteret. Dei tek over arealet som heimetenestene nyttar i dag, og kontor i 3. etg. Før dei kan ta i bruk lokala, må det gjerast visse bygningsmessige endringar. Det er mellom anna tiltak for å hindre lydgjennomgang mellom kontor, kontor og gang, samtalerom og gang. BUF må ha adgangskontroll, og det er naudsynt med ei generell oppussing.

**12. Lokalar til dagsentertilbod kr 1.100.000,-**

Dagsentertilbod skal samlast i Aktivitetssenteret, der Marits kafe er i dag. Dagtilbud på Myraområdet v/Oppigarden skal slutte, bygninga der må i tilfelle vidare drift rehabiliterast betydeleg noko som ville bli kostbart.
Dagens areal i Aktivitetssenteret må tilpassast ny bruk. I tillegg må toalett i fellesareal byggast om, og uteområdet må tilpassast endra bruk. Kalkyle er eit grovt anslag.
Det er tilskotsordning i Husbanken som det går an å søkje på, tilskott inntil 55% av kostnaden.

**13. Brannvarsling kommunehus kr 300.000,-**

Etter riving av Vestnes Sjukeheim er det behov for å installere nytt brannvarslingsanlegg ved kommunehuset. Det eksisterende anlegget har "sunget på siste verset" i fleire år nå, men vi har utsatt utskifting til etter riving av sjukeheimen.

**14. Heimetenestene – bil til heimevaktmester kr 300.000,-**

Heimevaktmester har behov for bil til bruk i sitt arbeid, også litt til frakting av hjelpemidlar ut til heimebuande.

**15. BUF i inventar og utstyr i nye lokalar kr 500.000,-**

Viser til pkt. 11 ovanfor, BUF skal flytte til nye lokalar og får også fleire kontor og meir areal. Det er sett opp liste med behov for inventar og utstyr, også her må vi prøve å redusere kostnaden slik at vi set ei ramme på 0,5 mill. kr. Eininga får prioritere kva ein skal kjøpe.

**16. IKT -ROR kr 1.410.000,-**

Kommunestyret vedtok i sak KST 43/13 og gå inni eit forpliktande langsiktig og strategisk IKT-samarbeid i Romsdal frå 01.01.14.

I tillegg til årlege driftskostnadar er dei også ansvarleg for nyinvesteringar på dataanlegga til samarbeidskommunane.
Vestnes kommune sin andel av investeringane i 2021 er 1,4 mill. kr.

**17. Eigenkapitalinnskott i KLP kr 2.200.000,-**

Pensjonsfonda i KLP aukar, og det er behov for å auke eigenkapitalen frå kommunane.

Reknar med at Vestnes sin andel vert ca. 2,2 mill. kr i 2021. Kapitalinnskott kan ikkje finansierast ved låneopptak, vi føreset at vi i løpet av neste år får seld eigedommar, som ikkje er låneopptak på, slik at salsinntektene kan finansiere dette.

Dersom ikkje må vi dekke det ved bruk av disposisjonsfond eller over drifta.

**18. Brannvern, utstyr til brannberedskap i tunnel kr 500.000,-**

Når Vågstranda/Hjelvika frå nyttår vert lagt til Vestnes får kommunen også meir ansvar for tunellberedskap i Vågstrandtunellen og Hjelviktunellen. Brannsjefen har lista opp kva utstyr ein må anskaffe til dette, nemner m.a. ATV med tilhengar for transport av personar ut av tunell, kanon i front på brannbil, IR kamra,

Vi avset ein sum på kr 500.000,- til dette, og så får brannsjef prioritere.

**19. Vågstranda kyrkje, brannsikring kr 200.000,-**

Vågstranda kyrkje er i dag ikkje tilkopla 110-sentralen i Ålesund. Vestnes kyrkjelege fellesråd ser på dette investeringsbehovet som svært viktig og søkjer difor om investeringsmidlar til å gjennomføre denne brannsikringa. Vestnes kyrkjelege fellesråd peikar og på at det er viktig å imøtekomme bygda sitt ynskje om dette når dei no kjem over til vår kommune.

**20. Vestnes kyrkje, ny plenklippar til kyrkjearden kr 100.000,-**

Fellesrådet søkjer om midlar til ny plenklippar, den noverande er gammal og har tatt kvelden.

## 10.6. Tiltak som ikkje er prioritert eller klare til investeringar i 2021

Det er nok ynskje frå einingsleiarane om langt fleire investeringstiltak enn det administrasjonssjefen har funne rom til å prioritere.

Administrasjonssjefen har som nemnt innleiingsvis gjort ei streng prioritering av kva tiltak som vert prioritert i 2021.

Av større tiltak som ikkje er prioriterte eller som er krev store investeringar seinare år, nemner ein m.a. (lista er ikkje fullstendig):

| Prosjekt | Antyda kostnad |
|---|---|
| Rasteplass ved Flatevågen | 2 100 000 |
| Veglys Brastadstranda | 800 000 |
| Veglys Fiksdalsstranda | 1 450 000 |
| Veglys Tomrefjord langs fylkesvegen | 2 700 000 |
| Nye byggjefelt og industriområde | |
| Reservekraft Myra området | 4 300 000 |
| Hjelpemiddeltenesta - nye lokaler | 2 500 000 |
| Utleigebustad, renovering | 600 000 |
| Riving av Strandbo | 7 500 000 |
| Riving Myratun | |
| Barnehagane - div klatrrestativ og uteanlegg | |
| Tomrefjord barnehage - asfaltering | |
| carport til el-bilane | |
| SD anlegg og PC vaktmesterkontor | 1 500 000 |
| Hjertebo/stokkhaugen, renovering eller riving | |
| Taktekking kommunale utleigebygg | |
| Hovudvassleidning Myra | |
| Vestnes kyrkje, renovering av orgel | 420 000 |

Som ein ser vil det i kommande år bli behov for store investeringar på Myra området i åra som kjem. Enten riving eller renovering av bygg og anlegg.

**<u>Rasteplass ved Flatevågen/4.-armen</u>**

4.-armen og parkeringsplassen ved stadion vert ferdigstilt no i haust. Vi har opsjon på utbygging av rasteplassen inkl. flytting av gangvegen.
Ledningsnett/trekkerør for straum, vatn og avløp med tanke på rasteplassen vert etablert i 2020-prosjektet.

Dersom vi skal etablere rasteplassen og flytte gangvegen inkludert belysning, treng vi 1,1 mill. Dersom vi fullfører med toalett og tømmestasjon/bobilstrøm trengs det 2,1 mill. kr.

Administrasjonssjefen finn ikkje å kunne prioritere dette no. Etter at desse planane kom er det etablert bubil plass på Livneset.

**<u>Gatelys Brastadstranda</u>**
I den nye høgspenttraseen frå Kjelbotn til Furneset (fergelading) blir det etablert veglys forbi byggefelta i Skorgen, medan det blir lagt ned kabel for lys på Brastadstranda.
Det er ikkje avsett midlar til stolpar og armatur, dette vil koste om lag kr 800.000,-.
Dette er kommunal veg.

**<u>Gatelys Fiksdalstranda og Tomrefjord</u> (langs FV)**
Har vore foreslått tidlegare.
I 2019 var dette antyda og koste 1,45 og 2,7 mill. kr.

**<u>Bustadfelt og industriområder</u>**
Tekniske tenester peikar på at det kan være aktuelt med byggjefelt både i Bårdsnesosen, Skorgevik og Tresfjord.
Administrasjonssjefen finn ikkje å prioritere dette no, men dersom det i løpet av året skulle vise seg at det vert stort behov tomter på desse plassane vil ein komme tilbake med sak på det i løpet av året. Det bør også vurderast om kommunal eigedom som er regulert eller planlagt brukt til bustadfelt skal lysast ut slik at private aktørar kan kjøpe tomtene og stå for privat utbygging av felta.

Det vil og snart være behov for å få meir areal til industriområder, det viser seg at når ein først har ferdig klargjort areal er det lettare å få etableringar.

**<u>Reservekraft på Myra.</u>**

Det er utarbeidd eit forprosjekt for ny reservekraft på Myra. Rapporten er frå 2018, og då vart antyda kostnad kr 3 325 000. Tiltaket blei ikkje prioritert i 2019 eller 2020. Erfaring frå andre prosjekt tilseier at posten til reserve må vere høgare enn det dei 10 % som kjem fram i kalkyla. I tillegg må det vere midlar for å stelle til området rundt installasjonen når den er ferdig.
Vi trur at 5,4 mill. kr kan vere nok.

Beredskap i tilfelle straumbrot. Skal sikre at bebuarar og institusjonar på Myraområdet får straum ein viss periode. Eksisterande aggregat er gamalt og har ikkje nok kapasitet til å forsyne dei bygga som har behov for reservekraft. Eg viser elles til merknad til budsjettet for 2019 «6.7. tiltak som ikkje er prioriterte eller klare til investering».

**Finn ikkje rom for å prioritere dette, men dette er likevel eit av dei tiltaka som må prioriterast snart.**

**<u>Hjelpemiddeltenesta – nye lokaler</u>**
I dag har hjelpemiddeltenesta ikkje egna lokalar, verken til vaskeplass, lager, kontor og verkstad. Det er aukande behov for hjelpemiddel, og dette er ei teneste «i vekst». Vi har undersøkt om det er mogleg å omdisponere underetasjen i kommunehuset til formålet, og då med nødvendig

bygningsmessige endringar som tek høgde for dei driftsmessige behov tenesta har. Norconsult har foretatt ei grov kalkyle med oversikt over kva som må gjerast og kva det kan koste.

For å etablere ei skitten sone med eigen vaskeplass må vi her bygge et nytt rom med egen inngang. Der ønskjeleg med takoverbygg over inngangsparti for å kunne laste og losse hjelpemiddel under tak. Dette kan byggast i same stil som eksisterande takoverbygg ved Servicekontoret.
Det må også investerast i ein del utstyr.
Administrasjonssjefen ser behovet for nye lokalar til hjelpemiddeltenesta. I 2021 vel ein likevel å prioriter ombygging av lokalar til BUF og dagaktivitet. Av erfaring veit ein at dette vil ta mykje tid i 2021. Ein vil difor rå til at planleggingsarbeidet med desse lokala kan skje i 2021 og at ein prioriterer løyving til det i 2022.

**SD- anlegg - vaktmeistertenesta**

PC som nyttast til å styre SD-anlegget er svært gamal og når den ryker (som nok berre er spørsmål om når og ikkje om), så vil det nok bli svært vanskeleg å få opp en ny maskin som kan styre systemet. Systemet som SD anlegget styres med er ikkje oppgradert, så det er ikkje berre å sette inn en ny PC og med oppgradert programvare. Vi er avhengig av den gamle programvaren og den må da i tillegg kjøre på gammel Windows versjon som ikke er å oppdrive lenger.

Det å få en ny moderne løsning vil koste noen millioner, og det er berre spørsmål om når ein skal ta investeringa.

Ryk eksitterande PC kan situasjonen bli at vaktmestarane må ut på kvart einskild bygg når dei t.d. skal stille tempratur, mot at dei i dag kan sitte på kontoret på Helland og styre alle bygg.

**Riving av Strandbo**

Strandbo står i dag til nedfalls. Bygget er ført opp på ei tid då det var vanleg å nytte bygningsmateriale med asbest. I tillegg til asbest, inneheld bygget også andre miljøgifter. For å unngå innanding av asbesthaldig støv, er det strenge reglar i arbeidsmiljølova om kven som har lov til å handtere asbesthaldig materiale. Eining for eigedomsdrift har satt opp sperregjerde rund bygget slik at uvedkommande ikkje skal ha lett tilgang til bygget. Det har no lausna delar av bygningsmateriale (eternittplater), og dette ligg både innanfor og utanfor avsperra område. Vi er uroa over kva som kan skje ved skikkeleg uver. Eigedomsdrift rår til at bygget blir fjerna så snart som råd.

Det er ikkje mogleg å få ein fullstendig oversikt over omfang av miljøgifter i bygget. Dette vil først vise seg når ein startar sjølve rivinga.
Kostnaden er berre eit anslag frå eigedomsdrift si side. Vi veit det er kostnadskrevjande å både rive og kvitte seg med miljøfarleg avfall.

**Riving av Myratun 1 mill kr.**
Dette bygget står på området til Mariebo og Oppigarden, området er inngjerda. I dag nyttast bygget til dagsentertilbod. Når dagsentertilbodet blir flytta til Aktivitetssenteret, må det gjerst noko med bygget. Viss bygget likevel skal nyttast, må det til ei omfattande rehabilitering då det er ein del råteskade, vassinntrening m.m. Om bygget blir ståande, må vi sette opp anleggsgjerde for å hindre at nokon tek seg inn i bygget. Eigedomsdrift ønskjer å rive bygget snarast.

**Hjertebo/Stokkhaugen, rehabilitering av tak, vindu, ytterdører og ytterveggar**
Det er eit sterkt behov for oppgradering av desse bygningsdelane om huset framleis skal brukast til utleige. Taket lek på fleire plassar, og av erfaring frå bygg med liknande takkonstruksjonar, veit at ein mest sannsynleg vil finne råteskader i opplekting og undertak. Vindu, ytterdører og veggar treng og oppgradering. Med tanke på det byggematerialet som blei brukt då bygget blei oppført så vil det vere miljømessige utfordringar med bygget. (Det gjeld uansett om ein rehabiliterer bygget eller riv det.) Rehabilitering av bygget vil bli ein svært stor kostnad.  Kommunen har heller ingen planar om å bruke bygget.
Administrasjonssjefen rår til at det ikkje vert avsett midlar til renovering av dette bygget. Dei som bruker bygget kan få gjere det så lenge det er forsvarleg, og etter det bør bygget rivast.

**Taktekking m.m. på kommunale utleigebygg**

Det er fleire av dei kommunale utleigebygga som treng renovering og taktekking. Før det vert avsett midlar til dette bør ein ha ein vurdering både administrativt og politisk kor mange utleige bygg ein skal ha, alternativet kan være å selje unna ein del.

**Hovedvannledning Myra**
Her er vi eier av ledningsnettet rundt på Myraområdet. Dette nettet er fra utbyggingen av Hellandheimen på seint 50 tall, og vi har tidvis store lekkasjer samtidig som det er konstant smålekkasjer. Siden vi betaler forbruksavgift for dette vannet til Vestnes Vassverk, har vi svært høye kostnader knyttet til forbruket. De senere år har det også kommet til private aktører som benytter seg av samme ledningsnettet.

Før kommunen gjer noko med dette, må ein i dialog med Vestnes Vassverk om kva som skal til av investeringar før dei tek over vassleidningane. Vi rår difor til at dette tiltaket blir utsett.

**Vestnes kyrkje, rehabilitering av orgel**

Vestnes kyrkje er 150 år i 2022.  Orgelet i kyrkja er ikkje i noko særleg forfatning, og Fellesrådet har fått et kostnadsoverslag på kr.420.000,- til renovering/omtonering.

Fellesrådet har også diskutert kjøp av nytt orgel, men nå ser det ut til at dei kan få eit godt nok orgel ved å foreta renovering/omtonering på eksisterende orgel til en brøkdel av det et nytt orgel kostar

# VEDLEGG: ØKONOMISKE OVERSIKTER / BUDSJETTSKJEMA

| **Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 5-4(1)** | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | **Budsjett** | **Reg. budsjett** | **Rekneskap** |
| | **2021** | **2020** | **2019** |
| **Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)** | | | |
| Rammetilskudd | 225 000 000,00 | 197 400 000,00 | 185 914 103,00 |
| Inntekts- og formueskatt | 195 000 000,00 | 199 776 000,00 | 194 195 319,47 |
| Eiendomsskatt | 21 500 000,00 | 20 500 000,00 | 19 711 133,41 |
| Andre generelle driftsinntekter | 121 200 000,00 | 125 500 000,00 | 121 212 864,02 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **562 700 000,00** | **543 176 000,00** | **521 033 419,90** |
| **Sum bevilgninger drift, netto** | **529 199 000,00** | **512 905 000,00** | **502 651 706,00** |
| | | | |
| Avskrivninger | | - | 29 227 472,35 |
| | | | |
| **Sum netto driftsutgifter** | **529 199 000,00** | **512 905 000,00** | **531 879 178,35** |
| **Brutto driftsresultat** | **33 501 000,00** | **30 271 000,00** | **-10 845 758,45** |
| Renteinntekter | 3 000 000,00 | 1 271 000,00 | 2 192 708,49 |
| Utbytter | 4 500 000,00 | 4 700 000,00 | 4 935 229,00 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler | | - | - |
| Renteutgifter | 9 000 000,00 | 9 020 000,00 | 10 904 788,83 |
| Avdrag på lån | 32 000 000,00 | 27 493 000,00 | 20 279 572,00 |
| **Netto finansutgifter** | **-33 500 000,00** | **-30 542 000,00** | **-24 056 423,34** |
| | | | |
| Motpost avskrivninger | | - | 29 227 472,35 |
| | | | |
| **Netto driftsresultat** | **1 000,00** | **-271 000,00** | **-5 674 709,44** |
| | | | |
| **Disp. eller dekning av netto driftsresultat** | | | |
| | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Overføring til investering | | -88 000,00 | - |
| Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond | -1 000,00 | 359 000,00 | 2 399 040,07 |
| Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond | | 1 660 000,00 | - |
| Bruk av tidligere års mindreforbruk | | - | 1 615 589,35 |
| Dekning av tidligere års merforbruk | | -1 660 000,00 | - |
| **Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat** | **-1 000,00** | **271 000,00** | **4 014 629,42** |
| | | | |
| Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk) | 0,00 | - | 1 660 081,88 |

| Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 5-4(2) | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Bevilgningar etter kommunelova** | | | |
| | **Budsjett** | **Reg. budsjett** | **Rekneskap** |
| | **2021** | **2020** | **2019** |
| 1. Poltisk verksemd | 7 250 000,00 | 7 006 958,00 | 7 065 125,00 |
| 2. Sentraladm/servicektr/fellesutg | 32 805 000,00 | 41 389 129,00 | 30 191 887,00 |
| 3. Grunnskule | 89 514 000,00 | 86 395 190,00 | 89 095 850,00 |
| 4. Barnehage | 48 070 000,00 | 46 506 463,00 | 44 554 959,00 |
| 5. Kulturskulen, kultur og fritid | 16 102 000,00 | 16 422 117,00 | 16 016 743,00 |
| 6. Kvalifisering og integrering | 9 000 000,00 | 9 477 311,00 | 10 252 953,00 |
| 7. Barn, ungdom og familie | 37 327 000,00 | 34 833 168,00 | 38 038 856,00 |
| 8. Helse, omsorg og velferd | 123 553 000,00 | 110 577 506,00 | 111 999 048,00 |
| 9. Bu- og habiliteringstenestene | 136 672 000,00 | 138 715 791,00 | 135 659 447,00 |
| 10. Eigedomsdrift | 3 000 000,00 | 3 980 000,00 | 3 206 636,00 |
| 11. Teknisk sektor | 17 500 000,00 | 15 181 367,00 | 14 072 952,00 |
| 12. Kjøp tenester Tremek | 2 064 000,00 | 2 420 000,00 | 2 540 000,00 |
| Lønsoppgjer | 6 342 000,00 | 5 666 000,00 | |
| **Netto utgift sektorvis** | **529 199 000,00** | **512 905 000,00** | **502 694 456,00** |
| Tilskot flyktningstenesta* | | - | -42 750,00 |
| **Sum bevilgningar netto** | **529 199 000,00** | **512 905 000,00** | **502 651 706,00** |
| | | | |
| *Tilskot til flyktningstenesta som ikkje er ført mot resultatomådet | | | |

| Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 5-5(1) | | | |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | **Budsjett** | **Reg. budsjett** | **Rekneskap** |
| | **2021** | **2020** | **2019** |
| **Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)** | | | |
| Investeringer i varige driftsmidler | 27 560 000,00 | 235 585 000,00 | 289 471 770,03 |
| Tilskudd til andres investeringer | 300 000,00 | - | 290 000,00 |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 2 200 000,00 | 2 600 000,00 | 2 468 161,00 |
| Utlån av egne midler | | - | 2 593 000,00 |
| Avdrag på lån | | - | 1 165 335,00 |
| **Sum investeringsutgifter** | **30 060 000,00** | **238 185 000,00** | **295 988 266,03** |
| | | | |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 5 100 000,00 | 43 500 000,00 | 52 061 885,27 |
| Tilskudd fra andre | 2 350 000,00 | 1 077 000,00 | 83 223 098,00 |
| Salg av varige driftsmidler | 2 200 000,00 | 2 600 000,00 | 3 600 193,87 |
| Andre salsinntekter | | - | 96 200,00 |
| Salg av finansielle anleggsmidler | | - | - |
| Utdeling fra selskaper | | - | - |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler | | - | 2 949 094,66 |
| Bruk av lån | 20 410 000,00 | 191 008 000,00 | 178 777 218,58 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sum investeringsinntekter** | **30 060 000,00** | **238 185 000,00** | **320 707 690,38** |
| | | | |
| Videreutlån | 20 000 000,00 | - | - |
| Bruk av lån til videreutlån | -20 000 000,00 | - | - |
| Avdrag på lån til videreutlån | 1 400 000,00 | 88 000,00 | - |
| Mottatte avdrag på videreutlån | -1 400 000,00 | - | - |
| **Netto utgifter videreutlån** | **0,00** | **88 000,00** | **-** |
| | | | |
| Overføring fra drift | | 88 000,00 | - |
| Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond | | - | 161 018,52 |
| Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond | | - | -2 545 849,80 |
| Dekning av tidligere års udekket beløp | | - | 27 104 255,63 |
| **Sum overføring fra drift og netto avsetninger** | **0,00** | **88 000,00** | **24 719 424,35** |
| | | | |
| Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp) | | - | - |

| | Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv § 5-5(2) | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | **Budsjett** | **Buds(end)** | **Rekneskap** |
| | | **2021** | **2020** | **2019** |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | | | | |
| | | | | |
| Sektorer: | 1 Politisk verksemd | | | |
| 103 | Kjøp av beredskapstilhenger | | 125 000,00 | |
| | **Sum sektorer: 1 Politisk verksemd** | | **125 000,00** | |
| | | | | |
| Sektorer: | 2 Sentraladm/servicektr/fellesutg | | | |
| 1 | IKT, hovudanlegget | | 1 160 000,00 | 340 453,00 |
| 89 | IKT samarbeid Romsdal | 1 410 000,00 | 1 382 000,00 | 1 315 000,00 |
| 233 | Digitalisering arkiv | | - | 648 572,50 |
| 234 | Ryddiing og avlevering av gamle arkiv | | 276 000,00 | - |
| 312 | Telefoni - kommune TV | 500 000,00 | 1 500 000,00 | - |
| | **Sum sektorer: 2 Sentraladm/servicektr/fellesutg** | **1 910 000,00** | **4 318 000,00** | **2 304 025,50** |
| | | | | |
| Sektorer: | 3 Grunnskule | | | |
| 92 | PC', lærarar og elevar | | 300 000,00 | 997 286,25 |
| 293 | Tomrefjord skule, klassesett stolar og pultar | | - | 139 959,40 |
| 311 | Helland skule, inventar og utstyr | | 400 000,00 | - |
| | **Sum sektorer: 3 Grunnskule** | **-** | **700 000,00** | **1 137 245,65** |
| | | | | |
| Sektorer: | 4 Barnehage | | | |
| 288 | Barnehagane, bygg og uteområde | | - | - |
| 295 | Helland barnehage, utstyr inne | | - | 193 688,85 |
| 296 | Barnehagane, sett med datautstyr | | - | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Sum sektorer: 4 Barnehage** | **-** | **-** | **193 688,85** |
| | | | | |
| Sektorer: | 5 Kulturskulen, almen kultur og fritid | | | |
| 73 | Vestnes stadion-kunstgras | | - | 921 699,00 |
| 294 | Kulturskulen, interaktiv nettstad | | 400 000,00 | |
| 304 | Turveg Kråkvika-Kråkneset | | - | 795 220,15 |
| 305 | Vestnes fellesråd, filslegging Vike kyrkje | | - | |
| 306 | Kulturskulen - Planlegging av nye lokaler | | 150 000,00 | - |
| 310 | Tomrefjord kunstgrasbane | | 1 800 000,00 | - |
| 313 | Søblomsten | | 1 700 000,00 | - |
| NY | Vågstranda kunstgrasbane | 3 700 000,00 | - | - |
| | **Sum sektorer: 5 Kulturskulen, almen kultur og fritid** | **3 700 000,00** | **4 050 000,00** | **1 716 919,15** |
| | | | | |
| Sektorer: | 7 Barn, ungdom og familie | | | |
| NY | Inventar og utstyr i nye lokalar | 500 000,00 | **-** | **-** |
| | **Sum sektorer: 7 Barn, ungodm og familie** | **500 000,00** | **-** | **-** |
| | | | | |
| | | | | |
| Sektorer: | 8 Helse, omsorg og velferd | | | |
| 215 | Fagsystem for norske institusjonskjøkken | | - | - |
| 277 | Sjukeheimen/Trygdeheimen, div. utstyr | | - | - |
| 291 | Velferdsteknologi | | 695 000,00 | 130 893,33 |
| 292 | Legesenter, div utstyr | | 112 000,00 | - |
| 307 | Tryggheitsalarmar - utskifting | | 850 000,00 | - |
| 308 | Kontor kortidsavdelinga | | 600 000,00 | - |
| 309 | Hellandtunet - stoler og seng | | 200 000,00 | - |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 534 | Sentralkjøkkenet - Melkekjøle | | - | - |
| NY | Heimetenestene, bil til heimevaktmester | 300 000,00 | - | - |
| | **Sum sektorer: 8 Helse, omsorg og velferd** | **300 000,00** | **2 457 000,00** | **130 893,33** |
| | | | | |
| Sektorer: | 10 Eigedomsdrift | | | |
| 128 | Vestnes ungdomsskule, prosjektering | | - | 164 726,57 |
| 130 | Tomrefj. Idr.bygg, forprosj./tilstandsanalyse | | - | 7 433 454,70 |
| 149 | Trohaugen industriområde-utviding 2014 | | - | 941 032,10 |
| 160 | Opprustning kommunale bygg | | - | - |
| 186 | Kommunale byggjefelt, Åslia | | - | 257 626,84 |
| 222 | Bakneset, kommunalt byggjefelt | | - | 342 978,41 |
| 224 | Misfjordskogen, utbyggjing av industriområde | | 1 200 000,00 | 3 366 820,87 |
| 239 | Oppgardering møterom på kommunehuset | | - | 952 107,69 |
| 288 | Barnehagane, bygg og uteområde | | - | 223 304,83 |
| 470 | Kjøp/sal diverse areal | | - | 111 486,76 |
| 499 | Overvannsrør Liaråket-Gjerde | | - | 571 905,76 |
| 508 | Myrateigen 17 - Tilspasning til beboer | | 979 000,00 | 421 157,98 |
| 512 | Bustadfelt B1 Fiksdal og del av 75/5 | | 1 305 000,00 | 195 029,12 |
| 514 | Tilrettelegging leiloghet Kariplassen | | - | 682 375,42 |
| 515 | Furulia - Tilpasning brukar | | - | 48 976,31 |
| 516 | Helland skule - tilrettelegging | | - | - |
| 517 | Sentralkjøkken - Rehabilitering 2020 | 6 500 000,00 | 5 000 000,00 | - |
| 518 | Enøktiltak i flere bygg | | 500 000,00 | - |
| 519 | Vestnes helse- og velferdssenter | | 187 000 000,00 | 247 950 847,92 |
| 520 | Helland barnehage nedre, sovestall og utebod | | 917 000,00 | - |
| 521 | Tomrefjord skule - nytt skulekjøkken | | - | 111 876,42 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 523 | Helland barnehage - Bygningsmessige tiltak | | - | 183 770,65 |
| 525 | Liaråket - ombygging/tilpasning | | - | 332 405,17 |
| 526 | Steinrøysa, rehabilitering av husvære | | - | 164 209,74 |
| 527 | Eigedomsdrift, lift | | 750 000,00 | - |
| 528 | Maling/rehabilitering Myra-området | | 500 000,00 | - |
| 530 | Ringeanlegg, Senior Plaza | | 700 000,00 | - |
| 534 | Sentralkjøkkenet - Melkekjøle | | - | 253 205,00 |
| 535 | Ombygging NAV-kontor | | 500 000,00 | 49 494,90 |
| 536 | Senior Plaza - møbler og gardiner | | 200 000,00 | - |
| 537 | Eigedomsavdelinga - ny bil | | 700 000,00 | - |
| 538 | Steinrøysa - opparbeiding av uteområde | | 150 000,00 | - |
| 539 | Tresfjord barnehage - Uteområde | | 700 000,00 | - |
| 540 | Vestnes ungdomsskule, bygging | | 1 912 000,00 | - |
| 542 | Kjøp av tomt ved Tomrefjord skule | | 1 200 000,00 | - |
| 543 | Kariplassen husvære brukar | | 1 200 000,00 | - |
| 621 | Gatelys på industriområde og kommunal veg | | 400 000,00 | - |
| NY | Robotklipparar | 250 000,00 | - | - |
| NY | Myra Kulturbygg, takreperasjonar | 2 000 000,00 | - | - |
| NY | Ombygging av areal til BUF | 800 000,00 | - | - |
| NY | Lokaler til dagsentertilbud | 1 100 000,00 | - | - |
| NY | Brannvarsling kommunehuset | 300 000,00 | - | - |
| | **Sum sektorer: 10 Eigedomsdrift** | **10 950 000,00** | **205 813 000,00** | **264 758 793,16** |
| | | | | |
| Sektorer: | 11 Teknisk sektor | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 146 | Helland sentrum, sjøfront | | - | -25 317,43 |
| 185 | Kommunale vegbruer, Gamlebrua Straumen | | - | 394 600,47 |
| 191 | Sjøgata - opprusting | | 1 692 000,00 | 2 657 627,46 |
| 470 | Kjøp/sal diverse areal | | - | 4 040,40 |
| 499 | Overvannsrør Liaråket-Gjerde | | 66 000,00 | - |
| 606 | Tilleggsareal Vike Båt og Bad | | - | 125 620,92 |
| 611 | 4. armen rundkj. prosjektering | | 4 457 000,00 | 43 217,65 |
| 613 | Parkeringsplassar ved kommunehuset | | - | 2 117 359,25 |
| 617 | Bil til feiar | | - | 569 818,06 |
| 618 | Skogbrannutstyr | | 250 000,00 | - |
| 619 | Grøntaksen, reguleringsplan | | 500 000,00 | - |
| 620 | Nedbørsmålarar | | - | 140 014,07 |
| 622 | Busstopp m/venteskur Brastadstranda-Skorgeviksvegen | | 228 000,00 | - |
| 623 | MC og HC parkering - omlegging fortau v/hurtigbåtkaia | | 295 000,00 | - |
| 624 | Ny bil Tekniske tenester | | 300 000,00 | - |
| 625 | Ny hovudplan for vassforsyning | | 150 000,00 | - |
| 626 | Vaktbil brannverm | | 500 000,00 | - |
| 700 | Avløp, renovering og utbygging | 5 000 000,00 | - | - |
| 708 | Nye gatelys etter prioritering | | - | 205 157,13 |
| 763 | Asfaltering | 2 500 000,00 | 2 000 000,00 | 1 608 190,02 |
| 797 | Buktavegen 2014 | | 3 000 000,00 | 7 601 167,65 |
| 798 | Avskjerande avløp sør for Vike kai | | 950 000,00 | - |
| 806 | Fornying avløp Nybø | | 41 000,00 | - |
| 808 | Avløp Buktavegen | | - | 87 999,31 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 824 | Vikeelvbrua | | 1 000 000,00 | - |
| 825 | Stigebil brannvern | | 250 000,00 | 1 736 841,09 |
| 826 | Pumpestasjon Sjøgata | | 16 000,00 | 367 000,77 |
| 827 | Avløp Syltelia | | 17 000,00 | 1 154 994,68 |
| 829 | Reitbukta N - ny leidning | | 2 110 000,00 | 162 479,23 |
| 830 | Reitbukta N - Slamavskiljar | | 300 000,00 | 279 393,66 |
| NY | Trafikktryggingstiltak | 400 000,00 | - | - |
| NY | Grøntaksen, leikeplass | 1 500 000,00 | - | - |
| NY | Grønn sektor, bil | 300 000,00 | - | - |
| NY | Brannvern, utstyr til brannberedskap i tunell | 500 000,00 | - | - |
| | **Sum sektorer: 11 Teknisk sektor** | **10 200 000,00** | **18 122 000,00** | **19 230 204,39** |
| | | | | |
| | **Sum investering i varige driftsmidlar** | **27 560 000,00** | **235 585 000,00** | **289 471 770,03** |
| | | | | |
| | | | | |
| | **Tilskot til andres investeringar** | **300 000,00** | - | **290 000,00** |
| | | | | |
| | **Investeringar i aksjar og andelar i selskapar** | | | |
| 940 | Kjøp av aksjar og andelar | 2 200 000,00 | 2 600 000 | 2 468 161,00 |
| | **Sum investeringar i aksjar og andelar i selskapar** | **2 200 000,00** | **2 600 000** | **2 468 161,00** |
| | | | | |
| | **Utlån av eigne midlar** | **-** | **-** | **2 593 000,00** |
| | | | | |
| | **Avdrag på lån** | - | 0 | **1 165 335,00** |
| | | | | |
| | **Sum investeringsutgifter** | **30 060 000,00** | **238 185 000** | **295 988 266,03** |